



Eit politisk parti som ikkje vart til

- Norsk venstrepopulisme i tida frå 1966 til 1972

Håvard Stensletten Eik

Mastergradsoppgåve i Historie

Våren 2022

Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap

Universitetet i Bergen

Takk til masterseminargruppa *Individ, samfunn og politikk etter 1800*, og tusen takk til rettleiaren min, professor i historie Yngve Flo ved Universitetet i Bergen.

Synopsis

In a time when leftist deviations were common, one deviation in Norway was somewhat peculiar. In the 1960s and 1970s, they rejected the class struggle, and they replaced Marx and Lenin with a humble prime minister from The Norwegian Labour Party in the 1930s, as their inspiration. As self-proclaimed populists, they wished to convince the society that the concurrent societal development could bring doom to rural Norway in the future.

In this time, Norway was in a process of modernization. Norwegian historians have named this period as the social democratic order, where the central government took an active role to achieve economic growth by economic planning. With the aim at increasing the citizens purchasing power, industrial development was considered crucial. This notion was shared in most of the Norwegian society, but critical voices were raised. In his book from 1966, the Norwegian sociologist Ottar Brox argued that this notion led to inhumane consequences in rural Norway. He proposed an alternative societal view, which he named as populism. His book became a manifesto for a populism that an intellectual elite tried to develop further in the ensuing years.

This thesis explores how the populists in Norway understood their societal mission in the period from 1966 to 1972. It argues that they saw themselves as humane knowledge providers. Their perceived recipients for their knowledge changed through this time, from the central government to the diffuse “people”. This thesis also argues that their mission included three perceived roads to power. These roads are an expression of a dilemma, that is how to preserve the “purity” whilst on the road to power. The populists disagreed on how to make their societal view count in Norway’s multi-party system, and some made attempts at claiming ownership of this populism to the political parties that they were members of. The road to power as the populists perceived it, changed through this time from directing their efforts on political parties, to directing their efforts on extra-parliamentary activities. Within this change, a new populist political party became a possibility from 1968, but it capsized when some populists wanted to focus their efforts on the “people” in the time around 1971-1972. It seems, however, that the outcome of the referendum on a Norwegian membership in the European Communities in the autumn of 1972, could be somewhat consistent with how these populists understood their societal mission. More research is needed to fully explore this interpretation.

Innholdsliste

1. Introduksjon.....	1
1.1 Tidlegare forskning.....	2
1.2 Problemstilling og avgrensing i tid.....	6
1.3 Kjeldeutval.....	8
1.4 Framgangsmåte.....	10
1.4.1 Tilnærming åt fortida.....	11
1.4.2 Arbeidsmåte.....	12
1.5 Populismen og den sosialdemokratiske orden.....	15
2. Populismeerfaringas manifest.....	19
2.1 Hva skjer i Nord-Norge?.....	19
2.2 Den tidlege mottakinga av populismeerfaringas manifest.....	28
2.2.1 Dei kalde hjernane og dei varme hjarta.....	28
2.2.2 Kvar har du gjort av kapitalismen, Ottar Brox?.....	30
3. Ein intellektuell elite.....	34
3.1 Bjørn Unneberg.....	35
3.1.1 Maktelitens myteskaping er problemet.....	36
3.1.2 Makteliten kua deg.....	39
3.1.3 Kulørendring for meir humanisme.....	40
3.2. Hartvig Sætra.....	44
3.2.1 Ein har lenge kjempa mot ein elite i samfunnet vårt.....	45
3.2.2 Lokalsamfunnas problem er større enn skarve maktrelasjonar.....	47
3.2.3 Teknokraten utarma lokalsamfunna med imperialistisk appetitt.....	48
3.3 Populistiske Arbeidsgrupper i Bergen.....	51
3.3.1 Teknologien undertrykker menneska.....	52
3.3.2 Kunnskapane våre må gjerast tilgjengeleg for «folket».....	53
3.3.3 Kapitalismen underkuar heile samfunnet.....	56
3.4 Populistane som humane kunnskapsleverandørar.....	58
4. Populistanes tre vegar til makt.....	60
4.1 Den fyrste vegen: populistane skal erobre politiske parti.....	61
4.2 Den andre vegen: populistane skal sameinast på tvers av dei politiske partia.....	64
4.2.1 Senterpartimannen som freista å erobre populismen.....	68
4.2.2 Usemje om strategi.....	71
4.3 Den tredje vegen: populistane skal påverke samfunnet gjennom utanomparlamentarisk arbeid.....	73
4.3.1 Utanomparlamentarisk arbeid åleine er ikkje svaret, men nyttig slik stoda er no.....	78
4.3.2 Med massen med på laget, så får me makt.....	83
5. Avslutting.....	87
5.1 Vidare forskning.....	95
6. Litteratur- og kjeldeliste.....	97

1. Introduksjon

I 2005 så hadde Senterpartiet forlate ei lang linje med borgarleg samarbeid, ettersom dei gjekk inn i eit raud-grønt samarbeid med Arbeidarpartiet og Sosialistisk Venstreparti for å danne Jens Stoltenbergs andre regjering. Dei vart avløyst av den borgarlege Erna Solbergs regjering i 2013, men Senterpartiet kom i regjeringsmakt att saman med Arbeidarpartiet i 2021. I opptakta til valkampen i 2021 så gjorde Senterpartiet det skarpt, og det var ei stund målingar som synte ein veljartilslutning på over 20% av dei spurde. I den same tida så var det eit distriktsopprør i Noreg. Misnøye i høve til politireform, ferjeprisar, vindkraftutbygging og kommunesamanslåingar var alle retta mot den såkalla Oslo-eliten, og «folket» ute i distrikta engasjerte seg for å bevare det som dei meinte var verdt å bevare. Ei førestilling om at det var eit gap mellom ein elite og eit «folk» var mogleg til stades her, om ein vel å forstå reaksjonen frå distrikta som eit uttrykk for ei kjensle av å vere overkøyrde av sentralmakta. Samstundes vart Senterpartiet skulda for å både vera systemkritiske og populistiske medan dei kritiserte reformene som Erna Solbergs regjering hadde gjennomført. For Senterpartiet så gjorde sentraliseringspolitikken åt den sitjande regjeringa det vanskeleg for «folk» å bu og leve der dei ville ute i distrikta. Eg har såleis ei oppfatning av at Senterpartiet gjorde ei nyorientering i 2000-åra. Likeins har eg og oppfatning av at distriktsopprøret er noko nytt, som ein slags ad hoc reaksjon mot reformene som dei borgarlege freista å gjennomføra.

I 2009 så vart det hevda at delar av føresetnadane for den raud-grøne regjeringa hadde vore lagde nesten førti år bak i tida. Som sjølverklærte populistar i 1970-åra, så hadde dei vore ein del av eit miljø i Populistiske Arbeidsgrupper i Bergen. I 2009 så meinte dei at populisme hadde fått ein ufortent negativ valør som eit skjellsord, ettersom det for dei i 1970-åra hadde tydd ei prøvande haldning mot elitar og å vere mot overkøyring av einskildindivida.¹ For dei så var det ikkje overraskande at eit parti for distrikta kunne samarbeida med eit parti for arbeidarar, ettersom det var eit uttrykk for den kjende norske statsvitaren Stein Rokkan sin politiske trekant av ein raud, ein blå og ein grøn pol.² Dei meinte såleis at sidan dei hadde freista å frigjere seg frå den tradisjonelle venstre/høgre aksa mellom arbeid og kapital i 1970-åra, så hadde dei vore ein føresetnad for regjeringssamansetnaden i samtida deira.

¹ Aarsæther, Oltedal og Heen. «Forord», 5.

² Aarsæther, «Kapittel 1: Introduksjon», 9-11.

Dei som hevda dette har forundra meg. Det som eg har ei oppfatning av som å ha vore ei nyorientering hjå Senterpartiet, vart av dei tolka som å ha vore eit uttrykk for eit grunnlag som dei hadde lagt førti år attende i tida. I 2009 så framstilte dei seg som å ha stått for eit samla syn i denne fortida, men var det naudsynlegvis slik? Kven var desse populistane i denne fortida, og kva ynskte dei å gjere? Eg vil finne ut meir om dei, og det fyrste steget for å gjere det er å sjå kva som har vore gjort tidlegare når ein har interessert seg for populisme som forskingsemne.

1.1 Tidlegare forskning

Populismeforskning er ein internasjonal forskningstradisjon som strekk seg attende til 1960-åra, og det har helst vore samfunnsfaga som har interessert seg for det. Forskarinteressa har låge i å definera populisme ved å finne felles kjenneteikn, kor ein har bygd modellar basert på empiriske døme. Samstundes har mykje av forskinga vore famlande, og den har måtte delvis kapitulert når den har freista å kome fram til ei samla forståing av kva populisme er.

Ei forklaring for at ein ikkje kunne finne felles kjenneteikn vart føreslege av statsvitaren Paul Taggart tidleg i 2000-åra. Han nytta seg av metaforen kameleon til å forklara kvifor det er vanskeleg å kome fram til eit samla forståing av kva populisme er. Som ein kameleon så var populisme tilbøyeleg til å bytte ham då den evner til å miljøtilpassa seg.³ Den vart av den grunn ein tynn ideologi som var avhengig av tjukke ideologiar. Men i 2016 så proklamerte den politiske teoretikaren Jan Werner Müller: «*We simply do not have anything like a theory of populism*». ⁴ Den språklege vendinga hadde såleis kome inn i den internasjonale forskningstradisjonen.

Den politiske teoretikaren Ernesto Laclau hadde i 2005 argumentert for at populisme måtte sjåast som ein grunnleggande del av det politiske livet. Ut frå perspektivet at ein var avhengig av å konstruera identitetar i det som han kalla for ekvivalenskjeder, så vart populisme og det representative demokratiet to sider av same sak i meininga hans.⁵ Identitetskonstruksjonar vart såleis teke inn i den internasjonale forskningstradisjonen i 2000-åra, og seinare populismeforskning har teke stilling åt Laclaus populismeforståing på ein eller anna måte – og då helst kritisk. I eit utval av nyare internasjonal populismeforskning,⁶ er det to fellestrekk for

³ Taggart. 2000, *Populism*, 2.

⁴ Müller. 2017. *What is Populism?*, 2.

⁵ Laclau. 2018. *On Populist Reason*, 158 og 171.

⁶ De la Torre, (Red.). 2018. *Routledge Handbook of Global Populism*.

kva populisme dreiar seg om. Den fyrste er førestillinga om at eit «folk» er neglisjert i det politiske systemet. Ein andre dreiar seg om at populismen er kjenneteikna av at den forstår det politiske systemet som ei tevling mellom det gode og det vonde, dimed vil det i populismen eksistere ein førestilt «fiende» som truger «folket» til ei kvar tid. Samstundes har det vore forska på populisme i Noreg og.

Av akademikarar i Noreg så er det kanskje statsvitaren Anders Ravik Jupskås ved Universitetet i Oslo som har markert seg sterkast i populismeforskning. Doktorgradsavhandlinga hans hadde eintydig høgrepopulisme i Noreg som forskingsemne, medan mastergradsoppgåva hans hadde generell populisme i Noreg som emne. I den var Jupskås ute etter å finne kjenneteikn, og han skapte såleis ein typologi over fire formar for populisme som han meinte å ha sett i Noreg. Den tidlegaste forma kalla han for distriktpopulisme, som han festa til den norske sosiologen Ottar Brox frå 1966. For distriktpopulismen så baserte han seg på eit tekstutval av Ottar Brox og Populistiske arbeidsgrupper i Bergen, og kjenneteikna vart klassifiserte som anti-elitisme og anti-institusjonelt, i meininga at distriktpopulismen hadde ein sentrum-periferi logikk som retta kritikk mot samfunnsforståinga i statsforvaltninga.⁷ Dei uttrekka kjenneteikna vart deretter brukt i oppgåva til å måle utsegn i partileiardebattar i tida 1973 til 2005 for å prøve ut om den skapte typologien var handterbar for å klassifisera populistiske uttrykk.⁸ I 2019 vurderte han den tidlege norske populismeerfaringa, som han i 2008 hadde typologisert som distriktpopulisme, som å ha i det store og heile ha vore ei døgnfluge. Sidan ein ikkje kunne observera den i samfunnet, så meinte han at denne erfaringa ikkje fekk eit: «(...) *skikkelig fotfeste i norsk politisk offentlighet, selv om deler av venstresiden hadde intense debatter om marxisme eller populisme var veien å gå. (...) Dessverre er det lite forskning på populisme i Norge. Det meste har i grunnen handlet om politiske partier.*»⁹

I 2004 hadde statsvitar Tor Bjørklund publisert artikkelen «*Norsk populisme fra Ottar Brox til Carl I. Hagen*» i det tverrfaglege *Nytt Norsk Tidsskrift*. I den fyrste delen av artikkelen trakk Bjørklund fram to populismeerfaringar i ein norsk kontekst, før han bevegde seg mot ei populismeteorisk retning med freistnad å klårleggje populismens kjenneteikn utifrå

Finchelstein. 2017. *From Fascism to Populism in History*.

Laclau. 2018 (2005). *On Populist Reason*.

Müller, Jan-Wener. 2017 (2016). *What is Populism?*.

⁷ Jupskås, *Populisme på norsk*, 43-48.

⁸ Jupskås, *Populisme på norsk*, 12.

⁹ Jupskås, «Forord», 9 og 15.

internasjonal forskingslitteratur. Dei to norske populismeerfaringane som Bjørklund trakk fram hadde opphav frå 1960- og 1970-åra, og dei representerte ei norsk erfaring av venstrepopulisme og av høgrepopulisme kor Ottar Brox og Anders Lange vart representantar for kvar av dei. I tid kom den venstrepopulistiske erfaringa før den høgrepopulistiske.¹⁰ Den venstrepopulistiske erfaringa tidfesta han til å ha vart frå 1966 til 1973. Den byrja då Ottar Brox gav ut boka *Hva Skjer i Nord-Norge?*, og slutta då Hartvig Sætra gav ut boka *Den økopolitiske sosialismen*. Denne boka var ei revidert utgåve av Sætra si tidlegare bok *Populismen i norsk sosialisme* frå 1971, kor Sætra hadde uttrykt seg tvilrådig om populisme var ei dekkande nemning: «grøn sosialisme» vart også vurdert av Sætra som å ha vore ei meir dekkande nemning, og i 1973 hadde Sætra bestemt seg for nemninga «økopolitisk sosialisme» i staden for populisme. Namnebyttet som Sætra hadde gjort leia Bjørklund til å konkludere med at denne populismeerfaringa vart ei politisk retning som i ein større samanheng vart ein parentes.¹¹

Den venstrepopulistiske erfaringa i Noreg vart brukt av Bjørklund til å syne ein kuriositet frå fortida som hadde lite relevans for populismeforskinga i samtida: «*Om den rød-grønne norske populismen var et særegent fenomen, er derimot Fremskrittspartiet en gjenkjennelig plante i den europeiske partifloraen: det er et høyrepopulistisk parti.*».¹² Dette standpunktet vart spegla att i teoridiskusjonen. I det einaste høvet kor den venstrepopulistiske erfaringa vart trekt fram i den, var det for å understreke at det var vanleg å trekkje eit grovt venstre/høgre skilje for populisme.¹³ Elles var det den norske høgrepopulistiske erfaringa som vart nytta som empirisk døme for å hjelpe ein norsk lesar til å forstå populismens kjenneteikn. Altså så var funksjonen åt den venstrepopulistiske erfaringa å vera ein kuriositet frå fortida i ein artikkel som fyrst og fremst handla om høgrepopulisme - som låg nærmare artikkelen si samtid enn det som den venstrepopulistiske erfaringa gjorde. I framstillinga vart den ein episode, eit blindspor som stogga etter EF-stridens kulminasjon i 1972 - den sette ikkje varige spor i politiske parti. Med dette vil eg gå til eit statsvitskapleg arbeid som ligg nærmare i tid åt den norske venstrepopulistiske erfaringa.

Roland Bjørsne si doktorgradsavhandling «*Populism och Ekopolitik - Framväxten av en økopolitisk ideologi i Norge och dess relationer til ett mångtydigt populismbegrepp*» frå 1979

¹⁰ Bjørklund, «Norsk populisme fra Ottar Brox til Carl I. Hagen», 413 og 415.

¹¹ Bjørklund, «Norsk populisme fra Ottar Brox til Carl I. Hagen», 411.

¹² Bjørklund, «Norsk populisme fra Ottar Brox til Carl I. Hagen», 413.

¹³ Bjørklund, «Norsk populisme fra Ottar Brox til Carl I. Hagen», 415.

var tradisjonell statsvitskapleg forskning, kor han konstruerte ein modell frå eit tekstutval. Bjørsne trakk og eit skilje mellom to debattløp kor populisme hadde vorte diskutert i Noreg i 1960- og i 1970-åra, som han meinte hadde utgjort to utviklingsvegar.

I den fyrste utviklingsvegen var distriktsnedbygging hovudtema, kor dei som argumenterte for vern av distrikta kalla seg for populistar. Dette debattløpet vart framstilt som å ha fått ei skarp tone mellom dei som kalla seg for populistar og dei som stod for ei utvikling etter dei konvensjonelle bedrifts- og nasjonaløkonomiske linjene. Under EF-striden kulminerte dette debattløpet og enda opp i det som han karakteriserer som ein «*våldsam debatt*» om ulike vegar for samfunnsutviklinga.

I den andre utviklingsvegen var industrisamfunnets påverknad ovanfor miljø og naturressursar hovudtemaet. Bjørsne valde å basera avhandlinga på denne utviklingsvegen, då han meinte det vart utvikla politiske idear der i høve til framtidsspørsmål - underforstått såg han ikkje det same i den fyrste utviklingsvegen.¹⁴ Forskingsinteressa vart såleis styrt av eit samtidsaktualitetsprinsipp, slik at parti og sosiale rørsler vart undersøkingseiningane. I denne utviklingsvegen så meinte han å sjå at populisme vart nytta som ei førebels nemning:

Då emellertid denna beteckning efter hand började misskrediteras genom att de nya s k missnöjespartierna i de nordiske länderna också började kallas populistiska av vissa forskare och kommentatorer, såg sig allt flera av populisterna tvingade att söka en annan beteckning och valde efter hand att i stället tala om ekopolitik och kalla sig själva ekopolitiker. På så sätt har det i Norge skett en förändring från populism til ekopolitik, både i fråga om namn och idéer.¹⁵

Han gav såleis ein normativ dom i høve til populismeomgrepets bruk gjennom den tidlege norske populismeerfaringa, kor valøren hadde endra seg frå positiv til ein negativ. Samstundes var eit av måla hans å syne utviklinga til ein økopolitisk ideologi, kor populisme vart forstått som å ha vore ei førebels nemning. Bjørsne meinte å sjå at populisme forsvann heilt i den andre utviklingsvegen innan Erik Dammann konsoliderte miljøorganisasjonen Framtiden i våre hender i midten av 1970-åra.¹⁶

Hovudfunnet hans var at ein populistisk/økopolitisk ideologi var utbreidd i norske politiske parti og sosiale rørsler innan 1977. Likeins meinte han at den konstruerte modellen passa inn med dei norske politiske partia, ungdomspartia og rørslene som anten sjølve framstilte seg som populistisk/økopolitisk, eller som av observatørar vart forstått som å famne det. Samstundes var det variasjon blant dei i forhold til vektlegging av dei populistiske eller av dei økopolitiske

¹⁴ Bjørsne, *Populism och ekopolitik*, 1.

¹⁵ Bjørsne, *Populism och ekopolitik*, 1.

¹⁶ Bjørsne, *Populism och ekopolitik*, 2. Bjørsne set ikkje årstal for konsolideringa. Organisasjonen vart skipa i 1974, og innan 1976 hadde den 10.000 medlemar. Jf. side 139 same stad.

aspekta. Lokalsamfunnstanken var for Bjørsne eit fellestrekk i brorparten av undersøkingseiningane, som han hadde framstilt som ein «opphavleg» populistisk haldning. Samstundes så valde han å kalle ideologien som han meinte å sjå for økopolitisk, slik at populismen fall vekk.¹⁷ Dette var eit venta utfall, sidan han hadde framheva ei valørendring av populismeomgrepet. Samstundes så fann han det vanskeleg å presist plassere økopolitikarar og populistar i den tradisjonelle politiske aksa med skiljet mellom arbeidar og kapital: både sosialistiske og ikkje-sosialistiske rørsler kunne falle innafør modellen hans.¹⁸

I den tidlegare forskinga som har latt hovudfokuset liggje på det som Jupskås typologiserte som distriktspopulisme i 2008, så er det to synspunkt som eg ynskjer å trekkje fram som vil ha relevans for arbeidet mitt. Den nyare forskinga forstår den tidlege norske populismeerfaringa som å høyre til i samfunnskritikken. Den eldre forskinga kunne ikkje utan vidare plassera populistane inn i den tradisjonelle politiske aksa.

Historiefagleg forskning med den venstrepopulistiske erfaringa i Noreg i 1960- og 1970-åra som hovudemne kan bidra til populismeforskinga. Den forskinga som har vore gjort har gjerne vore oppteken av i kva grad det fantes organisatoriske uttrykk, eller spor av den, i dei norske politiske partia. Sagt på ein anna måte så vart dei utvalde tekstane tatt i bruk for å forklare andre formål, medan det å freiste å forstå den tidlege norske populismeerfaringa har ikkje vore praktisert i like stor grad. Grunna forskingsøkonomiske omsyn så vil det å vurdera denne populismeerfaringa oppimot den internasjonale forskinga verte vekta ned. Med det så meiner eg at utgangspunktet mitt vert ikkje å trekkje ut delte karakteristikkar for å måle noko oppimot ein idealmodell som eg set saman for å vurdera grada av populisme. Eg tek eit utgangspunkt kor eg er ute etter å freista å forstå den, som eg meiner opnar opp for at ein kan få annleis perspektiv på den venstrepopulistiske erfaringa: det opnar opp for at ein kan undersøke kvifor det eventuelt ikkje vart eit organisatorisk uttrykk. Dimed vil ei annleis tilnærming vere fruktbar.

1.2 Problemstilling og avgrensing i tid

Det er mykje om den norske venstrepopulistiske erfaringa som me korkje veit eller forstår enno. Dei arbeida som har teke eit steg vidare frå å påpeike at det fantes ei venstrepopulismeerfaring

¹⁷ Bjørsne, *Populism och ekopolitik*, 332-333.

¹⁸ Bjørsne, *Populism och ekopolitik*, 338.

før høgrepopulismeerfaringa i Noreg, vil eg hevde har sokna til samfunnsfaga. Eg ser på arbeida åt Bjørklund, Bjørsne og Jupskås som ein forskingsinnbyding for ei historiefagleg tilnærming, og eg vil såleis tilnærma meg frå eit annleis utgangspunkt, noko som problemstillinga syner:

Korleis forstod populistane i Noreg samfunnsoppdraget sitt i tida 1966 til 1972?

Det eg freistar å gripe etter med problemstillinga er det som eg vil kalle for populistane si sjølvforståing. Med ein ikkje-ubetydeleg fare for å generalisere Bjørklund, Bjørsne og Jupskås i for stor grad, så vil eg hevde at tilnærminga mi ikkje vil innebere å skape ein populisme frå eit tekstutval. i den meining at eg skapar den ved å trekke ut delte karakteristikkar frå ei samling av tekstar. Eg er ute etter problemforståinga åt populistane, kor populistten rettar blikket mot seg sjølv i ein freistnad på å løyse dei problema som ein meinte å sjå. Denne tilnærminga innebere eit teoretisk val som springe ut av det som eg kallar for «tidsforståing» - eit meir utfyllande resonnement i høve til den vert gjort i kapittel 1.4. Fyrst er det tre grunnleggande klårgjeringar som må gjerast i høve til problemstillinga.

Den fyrste har med samfunnsoppdrag å gjere. Med samfunnsoppdrag meiner eg korleis populistane ynskte å omforma det norske samfunnet, det vil seie korleis populistane forstod seg sjølv i den samfunnsendinga som dei ynskte å gjennomføra. Ein identifiserer eit problem, og ein gjer vurderingar for korleis ein skal få gjennomslag. Eit sentralt aspekt i å gjeve seg sjølv eit samfunnsoppdrag vil vere at ein må plassere seg inn i ein samanheng - ein skaper ein forbindelse mellom teksten og samfunnet. Det som gjer at eit samfunnsoppdrag vil vere relevant for å sannsynleggjere ei sjølvforståing for ein betraktar i ettertid, er botna i tre antekne samband for kva som kan forme ei sjølvforståing: 1) eins syn på utfordringar i samtida, 2) eins utpeikte motstandar, og 3) ei skapt linje åt fortida, som dannar føresetnadar for eins syn på samtid og framtid. Samla vil dette innebere at eg les kjeldetekstane med tidsperspektiv som vil famne om fortida, samtida og framtida. Eins opplevde samfunnsoppdrag vil naudsynlegvis verte forma av alle desse tre tidsaspekta: ein syner til fortida for å forklare kvifor noko er som det er i samtida, og kva dette kan utvikle seg til i framtida.

Den andre klårlegginga er avgrensinga mi i tid som eg set frå 1966 til tidleg i 1972. Ottar Brox har i 2009 ytra seg noko motviljug i høve til den tidlege norske populismeerfaringa: *«Så lenge ingen stiller opp med sitater som kan frita meg for ansvaret, går jeg ut fra at det var jeg som tok i bruk ordet «populisme» (...). For 40 år siden forekom ordet praktisk talt aldri i norsk*

språk».¹⁹ Det er samstundes semje i den eldre og nyare forskinga om at denne populismeerfaringa hadde opphavet sitt i boka *Hva skjer i Nord-Norge?* (1966) av Ottar Brox. Av den grunn så vil eg starte med denne boka.

Sluttpunktet vert sett til 1972, og dette valet er gjort etter forskingsinnbydinga frå Björnsne. Han valde den utviklingsvegen som han meinte fekk organisatorisk uttrykk, ettersom han meinte det vart utvikla ein økopolitisk ideologi i den. Den andre utviklingsvegen enda i følge han opp i EF-striden, kor folkeavrøystinga om Noreg skulle søkje om medlemskap i Det europeiske fellesskap gav eit nei-fleirtal om natta mellom den 25. og den 26. september 1972. Denne utviklingsvegen har vekka forskingsinteressa mi i monnaleg grad. EF-striden var den mest skilsettande hendinga i denne fortida, så det er rimeleg å forvente at populistane greip EF-spørsmålet med iver. Samstundes så gjer forskingsøkonomiske omsyn det naudsynleg at eg avsluttar før striden eskalerte. Dimed vil avsluttinga i tid verte sett til utgjevinga av det siste hovudbidraget i kjeldeutvalet, som tykkjest å ha vore tidleg i 1972.

Ei siste klårlegging har med å gjere kvifor problemstillinga mi er interessant. Eg trur at den har potensial i seg til å kunne gjeve fleire byggeklossar i rekonstruksjonen vår av ei tid i norsk historie kor etablerte sanningar i samfunnet vart utfordra av kritiske røyster. Den er i så måte interessant for historiefaget, likeins som for samfunnsfaga. Det neste steget mitt vil vere å presentera kjeldeutvalet mitt.

1.3 Kjeldeutval

Eg forstår ei sjølvforståing som å bli manifestert i tekstar. Kjeldeutvalet mitt er såleis bøker, tidsskrift og riksdekkande aviser, då populistane har etterlete seg tekstar i alle desse formata. Sjølv sagt kunne eg ha avgrensa meg til bøkene, då dei kan sjåast som å vere meir toneangjevande enn dei andre formata. Men eg vel å delvis ta inn motrøyster i arbeidet mitt, samstundes som at den intellektuelle eliten var aktiv i desse formata i tida før hovudbidraga deira vart utgjeven. Dimed inkluderer eg tidsskrift og riksdekkande aviser i kjeldeutvalet.

Kjeldeutvalet er rett nok ikkje beintfram. Det heng saman med at dette emnet hadde både akademiske og politiske deltakarar i samtida. Akademikarar var særleg involverte i emnet, og

¹⁹ Brox, «Sådan er populismen!», 59.

sånn sett vart populismedebatten dominert av dei i einskilde tidsskrift. Eg forstår denne populismeerfaringa som å ha byrja som ei blanding av forskning og politisk debatt, og av den grunn er det einskilde tekstar kor grensa mellom kjelde og litteratur vert flytande: det vil vere særst utfordrande, om ikkje umogleg, å setje den. Kjeldesøket etter bøker og tidsskrifter har teke utgangspunkt i Birgit Wiggen si hovudfagsoppgåve²⁰ og i Bjørsne si kjeldeliste, då desse arbeida ligg nært i tid. Dette har synt seg å ha vore ein særst fruktbar strategi.

Med perspektivet at denne populismeerfaringa vart danna frå ei debattbok, så er det rimeleg å forvente at dei resterande bøkene byggjer vidare på den på ein eller anna måte. Eg kjem såleis i kapittel 2 til å namngjeve *Hva skjer i Nord-Norge?* (1966) som å ha vore populismeerfaringas manifest. Eg går og til det skrittet å forstå bøkene som å ha vore premissleverandørar: det heng saman med at ein har meir plass til å drøfte fleire saker frå fleire sider i ei bok. Ein har dessutan ei større målgruppe enn det ein tidsskriftsartikkel har til dømes. Forutan bøkene åt Ottar Brox, Hartvig Sætra og Populistiske Arbeidsgrupper i Bergen (PAG) så er boka *Grønn Sosialisme for utkantproletarer* (1971) av Bjørn Unneberg inkludert i kjeldeutvalet.

Tidsskriftsartiklar er ei verdifull kjelde, og vert inkludert for å forbetre føresetnadane for å finne noko av substans for hovudproblemstillinga. Forfattarane av debattbøkene kan i dette formatet utdjupe sine synspunkt frå bøkene deira, men dei vil og i dette formatet kunne få reaksjonar frå observatørar. Det å bruke tidsskrift som ei kjelde tener fleire fordelar for arbeidet. For det fyrste gjev dei innsyn i diskusjonen utanfor bøkene – det er ein arena kor synspunkt gjerne vert lagt fram i konkret form, samt at argumentasjonsforma kan forventast å vere sakleg og underbygd. For det andre er tidsskriftet i seg sjølv kor artikkelen er publisert i eit poeng i seg sjølv. Tidsskrifta *Kontrast* og *Syn og Segn* til dømes – som tykkjest å vere dei tidsskrifta kor diskusjonen hadde høgst omfang – hadde i 1960- og 1970-åra til dels ulike særinteresser. *Kontrast* vart skipa av forlaget Pax i 1965 og ambisjonen for det var å vere «*et idéskrift for venstrefløyen i norsk politikk*».²¹ *Syn og Segn* på si side var eit veletablert allmenntidsskrift som gav eit forum kor aktuelle spørsmål vart løyste uavhengig av partipolitikk.²²

Forutan desse to kjeldetypane så vil eg inkludera aviser. Ein fordel med å bruke aviser er at ein kan få innsyn båe i diskusjonen som føregjekk utanfor den akademiske sfæren, samt korleis

²⁰ Wiggen, *Debatten omkring Populisme/Økopolitikk i Noreg 1966-1976*.

²¹ Helsvig, 2014. *Pax forlag*, 114.

²² Gripsrud, «1890 - 1940: Massenes tidsalder», 235 og 252.

populistane framstilte seg sjølv ovanfor ålmenta. Etter at Nasjonalbiblioteket digitaliserte norske aviser i 2010-åra, som gjev moglegheit for å gjere elektroniske søk, så har arbeidsintensiteten blitt langt mindre. Framgangsmåten for kjeldesøket vart gjort ved at søka i Nasjonalbibliotekets database vart avgrensa i tid frå 01.01.1966 til 31.12.1972. Nøkkelordet som vart brukt i søka var «Populis*», som gjev treff på orda «Populist» og «Populisme». Avisene som er teke inn i kjeldeutvalet mitt er *Dag og Tid*, *Dagbladet*, *Nationen* og *Orientering*, sidan populistane var særleg aktive i desse avisene. *Nationen* og *Orientering* kan skjønast i undersøkingsrommet mitt i tid som å ha vore partipressa åt høvesvis Senterpartiet og Sosialistisk Folkeparti - som frå 1975 vart Sosialistisk Venstreparti. *Dag og Tid* på si side var eit politisk uavhengig alternativ som skulle vere autoritets- og samfunnskritisk. *Dagbladet* var ikkje ei rein partipresse, men har i ettertid vore skildra som å ha vore sympatisk for Venstre og som å ha vore ei anti-autoritær avis.²³ Det neste steget er no å leggje fram framgangsmåten min i arbeidet med kjeldeutvalet.

1.4 Framgangsmåte

Problemstillinga og kjeldesituasjonen gjev båe avgrensingar og moglegheiter i høve til kva som er fruktbart å gjere når ein arbeider frå eit historiefagleg ståstad. Ein har såleis inga fastlagt mal for framgangsmåtar som ein kan anvende på tvers av forskingsprosjekt. For mitt arbeid vil tekstanalyse vere fruktbart, av den enkle grunn at eg er ute etter å finne samfunnsoppdrag som er uttrykt i ei samling av tekstar – og ved å finne samfunnsoppdraget i teksten, så er det anteke at eg kan finna ei sjølvforståing. Før eg legg fram framgangsmåten min, så vil eg gjere greie for det som eg vil kalle for mitt historiefaglege utsynspunkt – som ein og gjerne kan forstå som mitt teoretiske utgangsperspektiv.

²³ Eide, «Dagbladet», 73.
Fonn, «Orientering», 264.
Kobbeltveit, «Dag og Tid», 72.
Overrein, «Nationen», 233.

1.4.1 Tilnærming åt fortida

Det som eg kallar for mitt historiefaglege utsynspunkt har den funksjonen å vere eit grunnlag for korleis eg skjønar og ordnar fortida.²⁴ I høve til det som eg skal undersøke i oppgåva mi, kunne dette bety at eg vel meg ein før-forståing av populisme - som eg deretter bruker på kjeldeutvalet mitt for å vurdere om ytringar som eg finn i det er eit uttrykk for populisme eller ikkje. Eit slikt utsynspunkt har eg valt vekk, ettersom eg finn generaliseringar i retning av «slik er populisme» som ikkje å vere fruktbare for problemstillinga mi. Det er ikkje fordi at slike generaliseringar ikkje kan vere fruktbare, interessante eller viktige. Årsaka til at eg forlèt det som eg kallar for teoretiske før-forståingar av populisme, har å gjere med at eg finn eit slikt val som å vere kontraproduktivt for arbeidet mitt. Eg har det perspektivet at aktørar i mi utvalde fortid skal sleppe heilt til. Denne populismeerfaringa høyrer til i ein konkret historisk samanheng kor populistane og populismen utviklar seg saman, slik at dei bør skjønast som ein syntese. Poenget mitt med eit slikt val er tufta i det som eg kallar for tidsforståinga mi.

Tidsforståinga mi er den at fortida er fråskild vår eiga tid. Fortida eksisterer ikkje i notida - me kan korkje ta på eller føle den. Den er derimot konstruert av oss i ettertida. Konstruksjonen av den er bygd opp med språket vårt, likeins som menneska i fortida konstruerte fortida si med språket sitt. Dette betyr ikkje at fortida er fullstendig utilgjengeleg for oss - det er språket som mogleggjere forbindelsar mellom tider. Samstundes er ikkje språket ei statisk likning som er direkte tilgjengeleg uavhengig av tid. Språket kan endre seg i møtet med dei erfaringane som menneske gjere seg – det vert ein vekselverknad mellom erfaring og språk.

Dette synet leier meg til å sjå vår forståing av populisme som åtskild frå ei fortid si forståing av populisme, om ein legg til grunn at det er dei erfaringar som ein gjer seg gjennom tid som formar ei forståing.²⁵ Ei rettkomen motseiing mot denne forståinga vil vere at om det er slik at erfaringar skapar vår forståing, så vil ei flik av ei fortids forståing vere ein del av vår forståing – følgjeleg vil det vere mogleg å lese tekstar frå ei fortid med ei førehandsvalt populismeforståing. Eg er einig i at det er mogleg å gjere det, samstundes er det ikkje dette som er poenget mitt. Det kan oppstå eit historiefagleg problem med ein slik framgangsmåte: ei erfarings særeigenheiter kan verte oversett som eit følgje av søket etter det ålmenne. Slik sett vert forståinga av ei populismeerfaring meir eit vilkår for, enn eit produkt av, oppgåva mi.

²⁴ Melve og Ryymin, «Valg av kildematerialer, arbeidsmåter og tilnærming», 30-31.

²⁵ Jordheim. 2001. *Lesningens vitenskap*, 154-155. Koselleck sine tankar om erfaringsrom er her ein viktig inspirasjon.

Dimed er ei kvar tid unik, og ein må nærme seg ei valt fortid med varsemnd for at ikkje vår tid sitt erfaringsrom skal dominere over fortidas erfaringsrom. Kjeldene som ein arbeider med må granskast utifrå kjeldenens eigne premiss. Sjølv sagt er det truskuldig å tru at det er mogleg å lausrive seg frå vår tid sitt erfaringsrom i møtet med fortidas. Dialogen mellom teksten frå fortida og ein granskar i vår tid går føre seg nettopp ifrå granskaren si samtid. Dette gjev eit notidsbunden perspektiv: eg veit kva som kjem til å hende i teksten si ettertid, ei innsikt som forfattaren av teksten ikkje hadde. Den vesentlege forskjellen ligg i om ein er medviten om dette aspektet ved tidsforståing. Med dette vil eg no leggje fram korleis eg går fram i arbeidet med kjeldeutvalet.

1.4.2 Arbeidsmåte

Fyrst vil eg gjeve ei avklåring: eg skal ikkje kome fram til «historiske sanningar». Med det så meiner eg at eg ikkje skal etterprøve kjeldeutvalet om ytringar om samfunnet var representativt eller gyldig i meininga: «det var meir slik, her har ein misforstått.» Det eg er ute etter når ytringar dreier seg om samfunnet, er korleis desse ytringane bidrog til populistane si sjølvforståing. Ved å gjere dette så meiner eg at eg les tekstane utifrå deira eigne premiss. Arbeidsmåten vil dimed ta meir ei retning mot å rekonstruera ein samansetnad, enn ei retning mot å løyse opp ein heilskap. Med det så meiner eg at eg ikkje skal avgrense eller presisere populisme i undersøkingsrommet mitt i tid. Det eg har ambisjon om å gjere, er å rekonstruere ei populismeerfaring sin samansetnad – som vil ha ei avgrensing i tid og rom. Samstundes har eg inga ambisjon om å gripe etter store og omfattande samanhengar. Eg er ute etter å finne ei sjølvforståing, som leier meg til å freiste å rekonstruere komplekse samanhengar i eit utval av tekstar.²⁶

Formålet med strukturen til oppgåva mi er å mogleggjere at utviklingar og endringar i høve til populistane si sjølvforståing kan konstruerast – av den grunn er den kronologisk. Bøkene utgjer rammeverket i dei to fyrste kapitla, og rekkjefølgja åt dei er kronologisk: Ottar Brox (1966), Bjørn Unneberg (1971), Hartvig Sætra (1971) og Populistiske arbeidsgrupper i Bergen

²⁶ Kjeldstadli. 2000. *Fortida er ikkje hva den en gang var*, 224-225.

(1972).²⁷ Det at Unneberg vert plassert føre Sætra, har med å gjere at eg meiner å påpeike ein nærleik mellom Sætra og PAG.

I tida 1966 til 1971 er det eit rom kor eg går til andre kjelder enn bøkene. I denne tida vil tidsskrift og riksdekkande aviser vere kjeldetypane eg går til. Forutan å bruke tekstar som er skriven av forfatarane av bøkene, vil eg og bruke tekstar som eg meiner har bidrege til å forme populistane si sjølvforståing. I høve til desse tekstane er det teke eit val: dei som opponerer mot populismen vert valt vekk, medan dei tekstane som kan seiast å forsøke å modifisere eller supplere den vert teken inn. Dette gjev rettnok ein gråsoneproblematikk: i praksis er det ei utfordring å trekkje eit klårt skilje mellom ein opponerande og ein modifiserande tekst. Dei ekskluderer naudsynlegvis ikkje einannan, då ei modifisering gjerne kan verte føreslege med bakgrunn frå kritiske innvendingar. Det som vert utslagsgjevande for mitt vedkommande, vil vere om teksten kan seiast å føreslå endringar for kva populismen burde vere – at den er konstruktiv imøtekommande.

For å spisse framgangsmåten min har eg valt å hente inspirasjon frå «framingteori».²⁸ Eg forstår eit «frame» som å vere ei innramming som ein aktør skapar for å identifisere eit problem: nokre aspekt vert sett i fokus, medan andre vert haldne utanfor. Grunntanken i innrammingsteori er at ein kvar situasjon krev ei fortolking for å mogleggjere ei politisk mobilisering – ein må fyrst vise at noko er urettvis og at handling er naudsynleg. Følgjeleg legg ein til grunn at den same røynda kan tolkast på fleire måtar, som til dømes kan forklare kvifor eit omgrep kan tolkast på ulikt vis av ulike avsendarar.²⁹

I arbeidet mitt vil eg frå innrammingsteorien trekkje inn diagnose og prognose som analytiske grep: populisten identifiserer eit problem og syner til kva problemet kan utvikle seg til i framtida. Eit andre analytisk grep frå innrammingsteorien som eg tek inn dreier seg om konkurrerande innrammingar, kor dei har funksjonen av å gjeve den opphavlege innramminga ei tilførsle. Med det så meiner eg at ein aktør omfamnar diagnosen som den opphavlege innramming gjer, men årsaka til problemet vert endra: årsaksendringa vert i så måte ei tilførsle.³⁰ Eg vil presisere at eg trekk inn delar av innrammingsteorien i arbeidsmåten min som har å gjere med at eg også inkluderer tre tidsdimensjonar i konstruksjonen min av sjølvforståinga.

²⁷ Populistiske arbeidsgrupper i Bergen vert forkorta til PAG.

²⁸ Eg vel å omsetje «framingteori» til innrammingsteori.

²⁹ Lindekilde og Olesen. 2015. *Politisk protest, aktivisme og sociale bevægelser*, 81-83.

³⁰ Lindekilde og Olesen. 2015. *Politisk protest, aktivisme og sociale bevægelser*, 83-85.

Eit analytisk grep som eg tek er å tildele kapitla mine dei tidsdimensjonane som eg meiner er sentrale for å rekonstruere ei sjølvforståing. I dei to fyrste hovudkapitla vil diagnose og prognose verte vekta då dei er føresetnad for ei problemforståing. I dette sambandet vil eg inkludere tidsdimensjonane fortid, samtid og framtid. Hensikta med å inkludere dei er at dei legg til rette for å granske korleis populismen får ei skapt fortid og ei førestilt framtid – som opnar opp eit handlingsrom i teksten.³¹ Sagt på ein anna måte meiner eg at ein skapingsprosess kan då finnast: populismen vert skapt i teksten ved at den får ei fortidig, ei samtidig og ei framtidig samankopling til samfunnet. I denne prosessen får omgrepet tilført innhald: samankoplingane er ein føresetnad for at samtidslesaren skal kunne evne til å forstå populismen i teksten – lesaren må bli fortalt om noko som er kjend på førehand for at den skal kunne gjeve meining. Med dette vil eg lansere ein skjematisk plan over kapitlas analytiske tema:

2-3.a. Motsetnad.

2-3.b. Populist.

2-3.c. Diagnose og prognose.

4. Framgangsmåte for å endra samfunnsproblema.

Desse punkta er i snøggform undersøkingsemna eg har i hovudkapitla – som sett saman kan seie noko om eit opplevd samfunnsoppdrag. Dei tre fyrste punkta vert fokusert på i kapittel to og tre, og den siste i kapittel fire.

Temaet for det fyrste punktet er valt sidan populisten vart sett opp mot ein motsetnad av Ottar Brox i 1966. Poenget mitt med å ta dette grepet er at eg meiner at ei sjølvforståing kan finnast gjennom kva ein ikkje forstår seg som.

Det andre punktet er valt då populisten i teksten kan og seie noko om sjølvforståinga – karaktertrekka som vert tilskrive populisten i teksten vert her undersøkt. Ytringar som dreier seg om eigenskapar, verdiar eller haldningar som vart tildelt populisten er her fokusområdet mitt.

Det tredje punktet dreier seg om tekstens identifiserte samfunnsproblem. Her er temaet dei negative omstenda i samtidssamfunnet samt årsaka til dei, og kva konsekvensar det ville gjeve i framtida. Eg vil i dette sambandet fokusere på to tydingsnyansar: anten er det ei framtid som ein vil unngå, eller ei framtid som ein ynskjer å oppnå.

³¹ Jordheim. 2001. *Lesningens vitenskap*, 169.

Det fjerde punktet har og eit framtidsperspektiv: det er korleis aktørane gjev forslag for korleis populistane skulle arbeide for å få gjennomslag i samfunnet. Sagt på ein anna måte så er dei organisatoriske uttrykka som aktørane såg føre seg at populismen kunne ta som her er i fokus. Det som alle desse punkta har til felles er at eg vil vere ute etter dei samfunnstemaa som vert sett på spel, då dei kan hjelpe meg til å peike på samfunnsoppdraget.

Framgangsmåten min leier til at eg utøver ei aktiv handling ved å gå inn i tekstane i søken etter eit samfunnsoppdrag frå mitt notidsbundne perspektiv. I denne samanhengen er ei innsikt frå historikaren Mikkel Thorup verdfull: « (...) *enhver kontekstualisering er vold på det, der analyseres. Men, og det er afgørende, det er den historiske analyses vilkår (og formodentlig enhver forståelses vilkår).*».³² Det eg i praksis kjem til å gjere er å skape eit meiningsunivers som eg fester til ei fortid. Det er ein konstruksjon som ikkje naudsynlegvis er «riktig», i mening at menneska i denne fortida delte den same forståinga. Den aktive handlinga mi er med andre ord ei maktutøving ovanfor kjeldeutvalet mitt og ovanfor lesaren av teksten min. Samstundes meiner eg det er ei naudsynlegheit: det å ikkje lese ei kjelde i ein samanheng vil gjere den heilt framand for oss. Ved å gjere det kan ein få meir kunnskap enn det kjelda sjølv tilbyr, men samstundes berre i forhold til den samanhengen ein ser den i – ein vel vekk andre moglege kontekstar som gjer at andre perspektiv på teksten forsvinn.³³

Det neste steget mitt vil vere å skape ei ytre ramme for kjeldeutvalet, og for å gjere det vil eg støtte meg særleg til historikarane Berge Furre og Edgeir Benum sine rekonstruksjonar av denne fortida. Dei rekonstruksjonane som dei har gjort av denne fortida gjev ein meiningsfull samanheng å tolke kjeldeutvalet mitt i, då dei baa har eit utviklingsperspektiv på det norske samfunnet innafor undersøkingsrommet mitt i tid.

1.5 Populismen og den sosialdemokratiske orden

Som eg argumenterte for i kapittel 1.4, så har eg det synet at fortida vert konstruert gjennom språket, samt at det å forstå ein tekst med bakgrunn i ein valt kontekst er ei maktutøving. Samstundes er det ein føresetnad for å nærme seg teksten utan at den er heilt framand. Det eg

³² Thorup, «Taget ud af sammenhæng», 103.

³³ Thorup, «Taget ud af sammenhæng», 104.

med andre ord gjer er å velje ei framstilling av det norske samfunnet, utifrå kva eg meiner kan bidra til å gjere tekstane meir forståeleg. I det følgjande vil eg trekke fram dei delane i historikarane Berge Furre og Edgeir Benum sine rekonstruksjonar av denne fortida som eg meiner bidreg til å gjere det.

Mitt undersøkingsrom i tid fell innafør ein tidbolk i norsk historie som historikaren Berge Furre har kalla for den sosialdemokratiske orden, som han har tidfesta til perioden 1952 til 1977. Brorparten av reguleringane frå attreisninga etter den andre verdskrigen hadde vorte avvikla i 1952, medan ein hadde oppgjeve motkonjunkturpolitikken i 1977.³⁴ Namngjevinga åt tidbolken kom frå Det norske Arbeidarparti som gjennom sitt politiske prosjekt gav i Furre sitt syn mange av dei særprega som han såg i konstruksjonen sin.

I hovuddrag er den sosialdemokratiske orden forteljninga om eit samfunn kor samtidsmenneska var overtydd om at samfunnet var inne i ei kvalitativt betre utvikling grunna årvisst stigande økonomisk vekst. Det er forteljninga om ein samfunnsvisjon om å skape eit velstandssamfunn ved å foredle ein velferdsstat for å sikre alle i samfunnet ein tilfredsstillande levestandard. Økonomis vekst og full sysselsetting vart sentrale føresetnadar for å oppfylle visjonen. Epoken innehaldt ein blandingsøkonomi, kor innslaget av statseigd industri i eit hovudsakleg privat næringsliv hadde til hensikt å sikre kontroll over tilhøva for den økonomiske veksten. Statsapparatet får i epoken rolla som den rettvise makta av Furre. Den naut stor tillit blant samfunnsmedlemene, då den la klasse- og særinteresser til sides for å fremje overordna samfunnsinteresser: den styrte marknadskreftene og samarbeidde med eigarinteressene i næringslivet. Staten kan slik sett sjåast som ein ansvarleg samfunnsdirigent. Den var ein meklar som gjennom forhandlingar med organiserte interesser, i det som sosiologen Stein Rokkan har kalla for den korporative kanalen, arbeidde for å danne interesseharmonii. Det låg ei overtyding i epoken om at Staten var kapabel til å styre marknadskreftene, og ved å hente legitimiteten sin frå fagkunnskapar – særleg frå sosialøkonomi – vart det skapt ei tillit til at Staten sine framgangsmåtar, som innebar tiltru til fagfolk og fagstyre, var riktige for å oppnå samfunnsvisjonen.³⁵

For Furre var framtidsoptimisme den dominerande tidsåndaa i 1960-åra som kom frå ei førestilling om at kunnskap og opplysning styrte økonomien – forbrukarsamfunnet vaks fram i ei tid kor menneska minnst «mangelsamfunnet» i mellomkrigsåra. Dei grunnleggande

³⁴ Furre, *Norsk historie 1914–2000*, bind 6, *Samlagets Norsk historie 800-2000*, 149.

³⁵ Furre, *Norsk historie 1914–2000*, bind 6, *Samlagets Norsk historie 800-2000*, 149-153 og 208.

menneskelege behova vart dekt for dei fleste, og materielle gode som tidlegare hadde vorte rekna som førehaldt dei færraste, vart oppnåeleg for fleire enn tidlegare.³⁶

Den sikre framtidsoptimismen vart ved inngangen åt 1970-åra tilført ein nyanse av framtidsvisse. Folkerøystinga om eit norsk medlemskap i Det europeiske fellesskap³⁷ i 1972 markerer i konstruksjonen eit opprør mot dei etablerte politiske og ideologiske autoritetane. Eit folkefleirtal sa nei til den framtidsvegen som dei politiske og økonomiske elitane hadde sameint seg om i den sosialdemokratiske orden.³⁸ Opprøret var vendt mot oppfatta negative konsekvensar av industrisamfunnet si utvikling, kor flytteprosessar, ressursbruk, nedbygging av primærnæringar og miljøutvikling vart framheva som å ha blitt skadelidande.³⁹ EF-kampen karakteriserer Furre med bibelallegorien Davids kamp mot Goliat: ein uventa siger kor den parten som hadde eit anteke dårlegare utgangspunkt sigra mot ein anteken sterkare part. Goliat representerte ein overveldande del av den tradisjonelle samfunnsautoriteten som gjekk inn for eit norsk medlemskap. Den var tverrpolitisk kor dei to største politiske partia DNA og Høgre, stortingsfleirtalet, regjeringa, store delar av pressa samt brorparten av nærings- og fagorganisasjonane hadde funne saman. David fekk i konstruksjonen og ei tverrpolitisk samansetnad, men kanskje meir brokete. Små politiske parti og interesseorganisasjonane åt ei pressa primærnæring tok eit nei-standpunkt, og dei fekk følgje av ei snøgt samanraska rørsle som kalla seg for Folkerørsla mot EEC.⁴⁰ EF-kampen i Furre si rekonstruksjon var i det heile ein protest mot dei styrande elitar, eit uttrykk for verdikonfliktar og sterke motsetningar som det konsensusorienterte partisystemet ikkje hadde fanga opp. Folkerørsla mot EEC romma verdikonservative haldningar og politisk radikalisme i ein atmosfære av opprør mot det etablerte – anti-byråkratiske stemningar og mistru åt internasjonal storkapital vart kjenneteikna i EF-motstanden for Furre.⁴¹

I historikar Edgeir Benum sin rekonstruksjon av denne fortida er oppbrotstid eit hovudperspektiv for overgangen åt 1970-åra. Den dominerande fellesinteressa i etterkrigsåra i er i det heile den same fellesinteressa som Furre skapte: ein industrielt driven økonomisk vekst som vart føretrekt for å utjamne ulikskapar i samfunnet. Oppbrotet kom i Benum si forteljing klårast til uttrykk med EF-striden sin kulminasjon i 1972.⁴² EF-striden som hadde vart i tida 1970 til 1972 hadde synleggjort meiningsskilnader i samfunnet. «Folket» hadde sagt nei til

³⁶ Furre, *Norsk historie 1914–2000*, bind 6, *Samlagets Norsk historie 800-2000*, 180 og 185.

³⁷ Frå no avkorta til EF

³⁸ Furre, *Norsk historie 1914–2000*, bind 6, *Samlagets Norsk historie 800-2000*, 187.

³⁹ Furre, *Norsk historie 1914–2000*, bind 6, *Samlagets Norsk historie 800-2000*, 218.

⁴⁰ Furre, *Norsk historie 1914–2000*, bind 6, *Samlagets Norsk historie 800-2000*, 214.

⁴¹ Furre, *Norsk historie 1914–2000*, bind 6, *Samlagets Norsk historie 800-2000*, 214-215.

⁴² Benum, *Overflod og fremtidsfrykt*, bind 12, *Aschehougs Norgeshistorie*, 11 og 20.

regjering og stortingsfleirtal, og striden hadde styrka tre grunndrag som Benum meinte var sentrale i rekonstruksjonen hans.

Eit fyrste var ei styrking av ei oppfatning av at dei som hadde makt i samfunnet stod samla mot «vanlege folk», ikkje berre isolert i høve til EF-saka men på generelt grunnlag. Eit andre var at tverrpolitiske utanomparlamentariske samarbeid hadde eit potensial i seg til å sigre over «makta». Eit tredje var den nye samfunnskritikken, kor EF-striden demonstrerte den politiske sprengkrafta som den hadde i samfunnet.⁴³ Den nye samfunnskritikken vart med det løfta fram som ei sentral forklaring for nei-fleirtalet, då den utfyller dei tre vanlegaste forklaringane hjå historikarar og samfunnsforskarar: motsetnaden mellom sentrum og periferi, økonomiske interesser og tradisjonelle klasseinteresser. Samstundes skapte den nye fellesinteresser ved å fremje felles menneskelege verdiar, og gjekk dimed på tvers av dei meir tradisjonelle interessene.⁴⁴ Den får i Benum sin konstruksjon røter til midten av 1960-åra. Den fekk kjenneteikna å vere anti-autoritær og anti-kapitalistisk, og den fekk fyrst ei utfolding i det nye masseutdanningssamfunnet før den spreidde seg til delar av ungdomsgenerasjonen. Motstandaren åt den var alt som var forbunde med industrikapitalismen og den vekstoriente, sentraliserte og sektordelte staten. Og Benum festa den nye samfunnskritikken til å ha opphav i både ein importert nymarxisme og i ein norskætta populisme som Ottar Brox hadde skapt i 1966.⁴⁵

Ved å nytte meg av Benum og Furre sine rekonstruksjonar av denne fortida, så er perspektivet mitt på den venstrepopulistiske erfaringa at den var ein uventa reaksjon mot vekst- og velstandspolitikken i den sosialdemokratiske ordenen. Den var ein av føresetnadane for, og ein av pådrivarane for, opprøret i oppbrotstida. Og denne føresetnaden starta med Ottar Brox i 1966, året då det som eg kallar for populismeerfaringas manifest vart utgjeven.

⁴³ Benum, *Overflod og fremtidsfrykt*, bind 12, *Aschehougs Norgeshistorie*, 27.

⁴⁴ Benum, *Overflod og fremtidsfrykt*, bind 12, *Aschehougs Norgeshistorie*, 25.

⁴⁵ Benum, *Overflod og fremtidsfrykt*, bind 12, *Aschehougs Norgeshistorie*, 29-30.

2. Populismeerfaringas manifest

Det at eg vel å kalle *Hva Skjer i Nord-Norge?* for populismeerfaringas manifest, har med å gjere at populismen hadde ikkje eit manifest i utgangspunktet i 1966, slik som andre ideologiar har. Dette heng saman med det som eg forstår som eit paradoks for populismen. Den kan ikkje finne seg ei dogmatisk form, i meininga å bli eit fast tanke-system utan å undergrave seg sjølv. Den må derimot alltid stille spørsmål ved seg sjølv, og det opnar for at andre kjem til for å endre kurs. Samstundes må den ha ei tematisk kjerne. Den må tilby ein diagnose og ein prognose av samfunnet slik at den kan plassere seg i eit ideologisk landskap, noko som inneberer ei grensedraging.

Dimed er perspektivet mitt på *Hva Skjer i Nord-Norge?* at den etablerte ei tematisk kjerne som andre kom til for å endre kursen til framover i tid. Dette kapitlet handlar med andre ord om populismeerfaringas etablering, og dermed vil den tidlegaste mot-tilførsel som kan sjåast som å ha påverka kursen til den bli inkludert i kapitlet. Sagt på ein anna måte så er det den etablerande sjølvforståinga eg skal gripe etter i dette kapitlet, og det fyrste steget er såleis å byrje med populismeerfaringas manifest. Eg vil gjeve populistten og teknokraten særleg merksemd i dette kapitlet, sidan den etablerande sjølvforståinga kan finnast med å følgje dei i manifestet.

2.1 *Hva skjer i Nord-Norge?*⁴⁶

Hva skjer i Nord-Norge? – En studie i norsk utkantpolitikk av Ottar Brox (f. 1932) vart utgjeven på Pax forlag i 1966. Då den var skriven var Brox tilsett ved Tromsø museum, og han vart seinare blant dei fyrste vitskaplege tilsette i samfunnsfaga etter Universitetet i Tromsø si opning i 1972.⁴⁷ I ettertida har Brox fortalt at i tida då boka vart utgjeven hadde han sett seg mål om å bli tilsett ved det framtidige UiT, likeins hadde han sett seg eit ideal om å bidra til ei trengande

⁴⁶ Fulsås, «Frå Populistiske arbeidsgrupper til Brox-kritikk», 452-455.

Det er eit poeng i høve til Brox si forståing av landsdelen som eg vil trekkje fram. Historikar Narve Fulsås har i ettertid – etter forskning av historikar Einar-Arne Drivenes – argumentert for at Brox si forståing av at Nord-Norge var i stor grad busett av fiskarbønder i etterkrigsåra, ikkje er historisk riktig. Yrkeskombinasjonen av jordbruk og fiske hadde vore i nedgang sidan 1800-talet. Dette tek såleis brodden ut av samfunnsdiagnosen som Brox gjorde: den vart basert på ein myte då det samfunnet som Brox tok utgangspunktet sitt i, ikkje samsvarer med røynda.

⁴⁷ Jensen. 2014. *Universitetsspionerene*, 34.

kunnskapsproduksjon om landsdelen: «*Det var jo nettopp mangelen på kunnskap om landsdelen som jeg mente var årsaken til alle de feilene som ble gjort når det gjelder næringsutviklingen, der myndighetene stod bak en storstilt sentralisering.*».⁴⁸ Brox vurderte seg sjølv som å ha hatt ein mellomposisjon i sosiologi og sosialantropologi. Sidan forskingsinteressa hans låg innafor regionsforskning, så hadde begge fagretningane sine styrker for å produsere kunnskap på eit mikronivå.

Brox hadde delt *Hva skjer i Nord-Norge?* inn i to hovudbolkar. Brorparten av sidene var vidd til den fyrste bolken som var ein sosiologisk analyse, kor han diskuterte Nord-Noregplanen sin verknad i landsdelen. Den fyrste bolken var og samstundes til dels sosialantropologisk: levekåra åt to familiar i den same kystgrenda vart lagt fram som å vere representative for dei faktiske tilhøva for familiar i fleire lokalsamfunn i Nord-Noreg.⁴⁹

Poenget med boka for Brox var at den fyrst og fremst skulle vere eit innlegg i ein diskusjon kringom distriktsutviklingas mål og midlar. Av dette vil den kunne plasserast i sjangeren debattbok, men Brox la også til ein utfyllande premiss: «*Men min argumentasjon bygger delvis på vitenskapelige undersøkelser som jeg og andre har gjort.*».⁵⁰ Brox kopla såleis det normative og det analytiske i boka til å ha vore to sider av same sak. Han brukte empirien som vart samla inn i den fyrste bolka til å skape eit behov for eit alternativ som vart lansert i bokas andre bolk, som hadde fått tittelen «*Alternativ til NNP*». Sagt på ein anna måte så dreiv Brox med aksjonsforskning.

Det Brox meinte hadde skjedd i Nord-Noreg var at Nord-Noregplanen, hadde mislukkast. Konklusjonen vart trekt utifrå føresetnaden at målet med planen var å auke velstanden i landsdelen, kor framgangsmåten var at ein større del av arbeidskrafta skulle overførast frå å livnære seg med yrkeskombinasjon av fiske og jordbruk til lønsarbeid. Om målet heller var å endre samfunnsstrukturen, så vart planen vurdert som vellukka.⁵¹ Det at planen vart mislukka vart argumentert utifrå kva det ville seie å auka ein levestandard. Sidan planen hadde teke eit utgangspunkt i at levestandard var einstyddande med eins kjøpekraft, så meinte Brox å syne at menneskas levestandard måtte verte vurdert frå fleire synsvinklar.

⁴⁸ Jensen. 2014. *Universitetspionerene*, 33.

⁴⁹ Brox. 1969. *Hva skjer i Nord-Norge?*, 60.

⁵⁰ Brox. 1969. *Hva skjer i Nord-Norge?*, 7.

⁵¹ Brox. 1969. *Hva skjer i Nord-Norge?*, 116-117 og 123.

Ved å bruke sosiologiens metodiske tilnærmingar, som gav Brox ein anna målestokk for levestandard enn økonomifagas, meinte han å syne at planen hadde forverra levestandarden åt menneska i primærnæringa. Med tilnærminga som Brox hadde nytta seg av, så meinte han å sjå at småbrukarane hadde vurdert alternativa som planen hadde tilbydd dei som ugunstige. Brox forklarte dette funnet med å utvide forståinga av levestandarden. Småbrukarane som dreiv med yrkeskombinasjon hadde i hans syn tilgang til gode som ikkje vart fanga opp med statistiske mål, såleis vart levestandarden deira undervurdert i høve til korleis stoda deira faktisk var. Mennesket sin trivnad – som moglegheit for familiesamvær – vart såleis løfta fram som eit gode som måtte reknast med i vurdering av levestandarden.⁵² Overgangen frå å vere sjølvberga til å vere sysselsett ville innebære at ein anten måtte pendle, eller at heile familien måtte busetje seg nærmare arbeidsstaden.

Brox brukte teknokratiet som eit tolkingsverktøy i argumentasjonen gjennom den fyrste bolken, og i konklusjonskapittelet åt den vart det framstilt som den sentrale årsaka for dei samfunnsproblema som Brox meinte å sjå i feltarbeida hans: «*Motsetningen mellom bygdesamfunnet og det teknokratiske næringsliv er uforenelige.*».⁵³ Lokalsamfunna fekk såleis tildelt ein posisjon av å ha vore ein siste skanse for å leggje hindringar i vegen for teknokratiets planar for landsdelen. For Brox var det ei motstandsdyktigheit i lokalsamfunna, i kraft av at dei var busett av rotfesta bebuarar: «*Det er f.eks. ingen tvil om at dersom teknokratiet hadde gått til angrep på Nord-Norge i 1930-åra, ville det hatt mye lettere for å overta kontrollen, men i 1952 hadde forsvarerne fått høve til å grave seg ned og sikre sine tilførsler.*».⁵⁴ Brox skapte med andre ord ein krigstilstand mellom teknokratiet og lokalsamfunna, ein tilstand som hadde blitt mogleggjort av ein tredjepart: «*Det arbeiderpartiregjeringen har gjort i løpet av 30 år, er å utstyre begge disse uforsonlige motstanderne med skarpe våpen.*».⁵⁵ Våpenet som lokalsamfunnet hadde til sin disposisjon, vart deira evne til å hindre tiltaka som dei oppfatta som å ha leia til ein dårlegare situasjon. Dette våpenet var samstundes ikkje tilstrekkeleg i lengda, sidan sentraliseringa banka på lokalsamfunnet si dør. Det som kravst var å lage eit alternativ for sentralmynda, som lokalsamfunna ikkje hadde dei naudsynlege føresetnadane for å gjere.⁵⁶ Såleis gav Brox seg sjølv eit oppdrag: på vegne av lokalsamfunna så skulle han formulere eit alternativ til sentralmaktas tiltak.

⁵² Brox. 1969. *Hva skjer i Nord-Norge?*, 117-119.

⁵³ Brox. 1969. *Hva skjer i Nord-Norge?*, 125.

⁵⁴ Brox. 1969. *Hva skjer i Nord-Norge?*, 125.

⁵⁵ Brox. 1969. *Hva skjer i Nord-Norge?*, 125.

⁵⁶ Brox. 1969. *Hva skjer i Nord-Norge?*, 126.

Krigstilstanden mellom teknokratiet og lokalsamfunna som Brox skisserte opp var samstundes ei spissformulering. I neste vending mjukna Brox retorikken for å avvæpne krigstilstanden:

Feilen med slike bilder er at de gir en altfor demonisk framstilling av NNP's arkitekter og byggmestre. Det er kanskje nødvendig å slå fast at Planen sprang ut fra et ekte ønske om å hjelpe medmennesker, og at det på ingen måte er tilsiktet at den har virket til skade for de som skulle hjelpes.⁵⁷

Dei uheldige konsekvensane som teknokratiet hadde påført lokalsamfunna var såleis ei bjørneteneste, då ein var umedviten om konsekvensane av tiltaka. Bjørnetenesta botna ut til dels i kunnskapsløyse om landsdelen, og til dels i eit særskild individsyn: «*De uheldige virkningene skyldes først og fremst mangel på virkelig forståelse av fiskerbøndenes situasjon, men dessuten en fundamental mangel på respekt for medmenneskers evne til å skjønne hva som er til deres eget beste.*».⁵⁸ Denne kombinasjonen gav teknokratiet ei paternalistisk haldning. Teknokratiet får ei formyndande haldning ovanfor lokalsamfunna, som måtte styrast i den rette lei for at dei skulle kome á jour med samfunnsmoderniseringa elles.

Det ligg eit tvisyn hjå Brox i denne delen. På den eine sida var teknokratiet ein erobrar: det har erklært krig mot lokalsamfunna. På den andre sida var ikkje ei krigserklæring mot lokalsamfunna hensikta i utgangspunktet – i Brox si forståing var målet for teknokratiet velmeinande, men framgangsmåten i gjennomføringa av målet vart lite heldig ovanfor dei som vart råka av planen. Sagt på ein anna måte ligg det eit paradoks her, då intensjon og konsekvens vart uforlikelege. Teknokratiet fekk eit humant siktemål, all den tid livskvaliteten åt menneska skulle betrast ved å leggje til rette for å auke kjøpekrafta. På ei anna side vart framgangsmåten inhuman: den ikkje-monetære livskvaliteten som småbrukarane i Brox sitt syn verdsette hadde vorte oversett av teknokratiet.

Medan teknokratiet hadde vorte nytta som eit tolkingsverktøy i den fyrste bolken, så dukka ikkje populisme opp før i innleiinga til avslutningskapittelet i den andre bolka:

Dette kapittelet blir bare i begrenset utstrekning en oppsummering og konklusjon på det som de tidligere kapitlene handler om. Først og fremst vil jeg omtale mer generelt forskjellene mellom to mulige strategier for økonomisk utvikling, og hvilke langsiktige muligheter de innebærer. Den første strategien vil jeg kalle teknokratisk, om den handler Del I, og den andre vil jeg kalle populistisk¹); denne strategien omfatter tiltak av den type som er foreslått i Del II.⁵⁹

⁵⁷ Brox. 1969. *Hva skjer i Nord-Norge?*, 125.

⁵⁸ Brox. 1969. *Hva skjer i Nord-Norge?*, 125.

⁵⁹ Brox. 1969. *Hva skjer i Nord-Norge?*, 178. I fotnota i sitatet skriv Brox: «*At denne betegnelsen passer på de forslagene som er satt fram i denne boka, er jeg blitt oppmerksom på ved lesing av Isaiah Berlins artikkel «J. G. Herder» i Encounter, juli og august 1965, og Peter Worsleys bok «The Third World», London 1965.*» I ettertid har

Det å ha eit skarpt skilje mellom dei to bolkane tente eit formål for Brox. Dei representerte i seg sjølv eit skilje mellom to framgangsmåtar som Brox namngav som teknokratisk og populistisk i avslutningskapitlet. Likeins som den steile fronten mellom lokalsamfunna og teknokratiet, så vart det ein steil front mellom dei. Frontlinja som skilde dei var djupare enn reine interessekonfliktar, men ein kunne forstå skiljelinja frå ein tradisjonell sosialistisk tilnærming: «*Naturligvis er det i mange tilfelle mulig å analysere motsetningene mellom «teknokrater» og «populister» som en ren interessekonflikt, f.eks. når teknokratene er kapitalister og deres funksjonærer, mens populistene utgjør proletariatet*». ⁶⁰ Samstundes gav ikkje denne tilnærminga ei tilfredsstillande skiljelinje for Brox sidan menneskes trivnad var temaet som vart satt på spel. Om populistane utgjorde eit proletariat i tradisjonell forstand - i den meining at samansettinga av proletariatet var menneske som selde arbeidskrafta si – så ville Brox ha ekskludert den samfunnsgruppa som han hadde løfta fram som dei skadelidande i samfunnsutviklinga. Småbrukarane som livnærte seg med yrkeskombinasjon ville i ei slik forståing bli utelaten frå proletariatet, ettersom dei ikkje var avhengige av å selje arbeidskrafta si.

Skiljelinja mellom populisten og teknokraten vart festa til at partane oppfatta røynda på ulik vis. Dei representerte to kognitive motsetnader som fekk ein grunnleggande perspektivskilnad på korleis landsdelen skulle skjønast i samband med den sentrumsdirigerte samfunnsutviklinga. Perspektivskilnaden vil eg namngjeve som kapitalmakta og individet.

Teknokraten fekk tildelt ei røyndomsoppfatning av at samfunnsstrukturen i landsdelen frå eit samfunnsøkonomisk perspektiv: «*Det Nord-Norge-begrep teknokraten finner interessant (...) er et hele som er sammensatt av næringsgrener eller bransjer, som «fiskeriene», jordbruket», «industrien», «handelen» osv. Disse bransjene oppfatter han som sammensatt av bedrifter*». ⁶¹ Med eit slikt perspektiv måtte den økonomiske utviklinga skje på kapitalmaktas premiss, og samfunnet kringom dei måtte tilpasse seg for at ein kunne auke bransjanes moglegheiter for å kunne drive. Bransjens tilgang til arbeidskraft vart i så måte ein viktig avgrensande faktor for den økonomiske utviklinga – utan mobil arbeidskraft så ville utviklinga bremse opp.

Populisten fekk tildelt ei røyndomsoppfatninga av samfunnsstrukturen frå eit humant perspektiv: «*Populisten, derimot, vil oppfatte Nord-Norge som sammensatt av lokalsamfunn,*

Brox hevda at populismeomgrepet hans var delvis frigjort frå internasjonal litteratur. Sjå: Jupskås, *Populisme på norsk*, 43.

⁶⁰ Brox. 1969. *Hva skjer i Nord-Norge?*, 178.

⁶¹ Brox. 1969. *Hva skjer i Nord-Norge?*, 178.

*som igjen er sammensatt av familier.».*⁶² Med dette perspektivet, så måtte den økonomiske utviklinga skje på individas premiss og innafor lokalsamfunnas sfære, kor det å skape økonomiske moglegheiter for dei einskilde familiane vart populistens rettesnor.

Frontlinja mellom populisten og teknokraten vart dimed ei usemje i høve til kva grunneining ein skulle ta utgangspunkt i for samfunnsplanlegging. Samstundes spelte sjølve landsdelen også inn til å trekkje ei skiljelinje mellom populisten og teknokraten:

I et område med Nord-Norges busettingsmønster og sosiale struktur, er det lett å se at det er nødt til å bli konflikter. Ved å utvikle de økonomiske mulighetene for enkeltfamiliene gjør en det fullstendig håpløst å føre en teknokratisk arbeidsmarkedspolitikk. Omvendt er det lett å se at det er prinsipielt umulig å føre en populistisk politikk dersom en allerede har bestemt seg for å legge forholdene til rette for bedriftene ved å sørge for at arbeidskraften blir rikelig, mobil og helst så billig så mulig.⁶³

Dei kognitive oppfatningane av landsdelens busetnadsmønster leia til at teknokraten og populisten vart motstandarar med små kompromissmoglegheiter. Teknokraten fekk næringslivet som den grunnleggande eininga i planlegging av korleis landsdelen skulle oppnå høgare velstand, som i mangel av arbeidskraft indirekte tvang menneske vekk frå heimstadane sine. Populisten si eining vart såleis einskildfamilien – ein skulle leggje forholda til rette for at familiar kunne auke si eiga levestandard der dei allereie budde.

Populisten og teknokraten vart begge i så måte samfunnsplanleggarar, sidan dei skulle styre samfunnsutviklinga. Ein vesentleg ulikskap vart såleis kven ein identifiserte seg med under planlegginga – kven planleggaren oppfatta som å vere oppdragsgjevaren sin. Skiljet gjekk mellom eit «folk» og ein «elite». Sidan teknokraten såg bransjane som planleggingseiningar, så ville det leie til at leiarane i dei ulike bransjane vart oppdragsgjevaren - ein snever elite. Sidan populisten såg lokalsamfunna som planleggingseiningar, så vart dei som planlegginga gjaldt verte oppdragsgjevaren - det vil seie dei som vart omfatta av planlegginga, men som ikkje hadde påverknadsmoglegheiter.⁶⁴ Dette skiljet tente til å teikne opp eit problemområde i statsforvaltninga:

Men større betydning har det sikkert at de sakene som legges fram for demokratiske forsamlinger er *forberedt* av teknokrater, slik at utfallet er gitt, i og med at det ikke finnes institusjoner som kan formulere begrunnede populistiske motforslag. Resultatet blir at vi synker stadig dypere og fortore ned i den teknokratiske hengemyra.⁶⁵

⁶² Brox. 1969. *Hva skjer i Nord-Norge?*, 179.

⁶³ Brox. 1969. *Hva skjer i Nord-Norge?*, 179.

⁶⁴ Brox. 1969. *Hva skjer i Nord-Norge?*, 180-181.

⁶⁵ Brox. 1969. *Hva skjer i Nord-Norge?*, 190-191.

Sidan det ikkje hadde vore tilbudd eit alternativ i samfunnsplanlegginga, så hadde teknokraten overteke statsforvaltninga som førebudde dei sakene som Stortinget skulle votere over. Problemet vart at teknokraten i denne rolla fekk makt over den folkevalde forsamlinga ved å vere premissleverandør, og årsaka vart funnen i kunnskapens legitimerande kraft for politiske saker. Den teknokratiske tankegangen fekk eit sjølvoppretthaldande liv ved at statsforvaltninga såg til kunnskapsmarknaden for å kvalitetssikre dei politiske sakene:

Forholdet mellom ekspertene og byråkratene kan altså analyseres som en transaksjon der fagmannen skaffer seg ekspertise mot å gi byråkratiet legitimitet. En kan gå ut fra at når myndighetene velger mellom forskjellige potensielle eksperter, så vil de prøve å finne ut hvilken av dem som sannsynligvis vil levere den uttalelse de har bruk for, som på faglige premisser vil stemple den avgjørelsen som de har tatt som «riktig». - Jeg synes at det på bakgrunn av dette forholdet ville være merkelig om ikke den teknokratiske ideologien ville rå grunnene aleine i ekspertkadrene til en moderne industristat i rask utvikling, slik som i Norge, ettersom en vanskelig kan tenke seg at folk leverer teknokratiske ekspertuttalelser mot sin overbevisning. Fagfolk med en populistisk ideologi vil simpelthen ikke bli tildelt ekspertise.⁶⁶

Uavhengige fagfolk vart med det styrt mot å justere kunnskapsproduksjonen sin til å samsvare med teknokratens samfunnssyn, i byte mot ei attråverdig ekspertstatus. Dette sambandet gjorde populistene sin sjanse for å tilby sine kunnskar vanskelege, all den tid ein hadde den problemforståinga at byråkratiet var gjennomsyra av ein teknokratisk tankegang. Samstundes tok Brox eit måtehalden forsoning i skildringa av teknokratiets problemområde:

Nå vil vel enkelte synes at jeg maler teknokratiet på veggen med litt for svarte farger. (...) Det kan virke litt urettferdig når jeg har framstilt det slik at mens populistene gjerne vil at næringslivet skal organiseres slik at folk får det så bra som mulig, så vil teknokraten at folk skal organiseres slik at næringslivet blir så bra som mulig. Teknokratene er jo hyggelige mennesker, de vil gjerne at folk skal ha det bra, i alle fall de som jeg kjenner.⁶⁷

Med forsoninga så vart diagnosen åt Brox at det ikkje var det institusjonelle byråkratiet i seg sjølv som var eit problem. Populisten ynskte nettopp sjølv å tilby kunnskar for å styre samfunnsutviklinga i den retninga som han meinte var den rette for «folket». Av den grunn ville det ha vore kontraproduktivt for Brox å ha framstilt institusjonsvesenet i seg sjølv som eit problemområde.

Problemet var såleis meir i retninga av at teknokraten hadde ikledd seg skylappar, og var dimed ikkje i stand til å sjå samfunnets mangfaldigheit i planlegginga av korleis ein skulle oppnå høgare levestandard i heile samfunnet: «*Det som gjør dem farlige er deres religiøsitet, de kan ikke gi slipp på det dogme at det som er godt for produksjonen er godt for folket.*»⁶⁸

⁶⁶ Brox. 1969. *Hva skjer i Nord-Norge?*, 191-192.

⁶⁷ Brox. 1969. *Hva skjer i Nord-Norge?*, 191.

⁶⁸ Brox. 1969. *Hva skjer i Nord-Norge?*, 191.

Læresetninga at produksjonen skulle prioriterast føre «folket» vart ei overtyding som gjekk til ryggmergen åt teknokraten. Han representerte såleis ikkje ein fare mot «folket», i den meininga at teknokraten medviten gjennomførte si planlegging for å gjere livet vanskeleg for menneska. Faren låg i at teknokraten si dogmatiske overtyding hindra han i å justera planlegginga etterkvart som uheldige konsekvensar av planlegginga kom til syne. Sagt på ein anna måte så freista Brox å overtyde sentralmakta om at dei måtte inkludera kunnskapsprodusentar som hadde populistens si røyndomsoppfatning. Det var ikkje systemet i seg sjølv som var årsaka til samfunnsproblema, det var dei personlege eigenskapane til kunnskapsprodusentane som var det.

Om ein forstår Brox som å freista å syne at populistens skulle erstatta teknokraten, så freista han å legitimera det med å trekkje linjer bakover i historia. Kriseforliket mellom Det norske Arbeidarparti⁶⁹ og Bondepartiet i 1935, som gav tilstrekkeleg parlamentarisk stønad for DNA til å danne Nygaardsvold-regjeringa, vart brukt til å syne at det hadde vore fellesinteresser mellom lokalsamfunna og industrien i fortida.

Statsminister Johan Nygaardsvold (f.1879 – d.1952) hadde eit syn om at fagorganiserte arbeidarar og småbrukarar hadde samanfallande interesser i den historiske linja. For arbeidaren var det i hans eigeninteresse at staten sytte for at småbrukarens kår var leveleg. Det ville sikre at presset på arbeidsmarknaden ikkje vart auka, sidan småbrukarar utan trygge rammer for å drive bruka ville kome inn på arbeidsmarknaden. Nygaardsvold hadde med det funne ei veljarbase som vart grunnlaget for DNA-regjeringane dei neste tretti åra.⁷⁰ Med Brox si forståing av populistens, så vart vegen kort for han å kalle dette synet for populistisk. Det at Brox freista å legitimera at populistens skulle erstatta teknokraten, ligg i at det skjedde eit brot i den historiske linja i etterkrigsåra: «(...) *Arbeiderpartiet forlot Nygaardsvolds populistiske strategi, til fordel for en teknokratisk linje omkring 1950,*».⁷¹ Sagt på ein anna måte så trakk Brox den historiske linja for å gjeve populistens eit samband til fortida. Desse tankane vart hevda å ha eksistert i fortida hjå DNA, men populistens der hadde forsvunne i etterkrigsåra. Slik sett tilpassa Brox populistens til samtida: populistens, likeins som teknokraten, måtte vere ein samfunnsplanleggar.

⁶⁹ Frå no avkorta til DNA.

⁷⁰ Brox. 1969. *Hva skjer i Nord-Norge?*, 186.

⁷¹ Brox. 1969. *Hva skjer i Nord-Norge?*, 187.

For å samanfatta så vart populisten og teknokraten motstandarar i høve til å vere kunnskapsleverandørar. Teknokraten vart såleis brukt til å skape ein motpart for å gjere populisten forståeleg. Med å gjere det vart det oppretta eit eksistensgrunnlag for populisten. Populisten fekk til samanlikning med teknokraten eit tverrfagleg syn på samfunnet, kor økonomifaga og samfunnsfaga skulle saman kartleggje tilhøva i lokalsamfunna for å finne dei verkelege behova. Populisten gav såleis lovnader om at alle menneska sin levestandard kunne verte forbetra om ein planla på menneskas eigne premiss, i staden for premissa gjeven frå næringslivet. Slik sett fekk populisten menneskelege verdier, kor det at mennesket sjølv fekk råderett over å strukturere sin eigen kvardag, vart forstått som eit jamgodt mål for å auke levestandarden. Samstundes vart også kjøpekrafta akseptert som eit gyldig mål. Dermed får populisten eit perspektiv som ville krevje ei tverrfagleg kunnskapsproduksjon, i motsetnad til teknokratens harde økonomiske fagkunnskap. Samstundes gav Brox populisten utfordringar for å levera kunnskapane. Store delar av statsforvaltninga hadde vorte oppbygd etter teknokratisk tankegang i Brox sitt perspektiv: ei tankegang som vart sjølvoppretthaldande gjennom transaksjonen av legitimitet og ekspertise i saksførebuingssprosessen til sentralmakta. Såleis vart prognosen hans ein freistnad på å overtyde sentralmakta om at populisten måtte takast på alvor.

Prognosen for samfunnsutviklinga var i det heile lokalsamfunnas undergang med varige verknader for heile samfunnet. Brox vektla eit økonomisk og eit sosialt utfall som hadde til felles at det var einskildmenneska som vart den skadelidande parten. I økonomisk forstand åtvara Brox mot at ei urbanisert befolkning ville leie til at primærnæringsressursar langs kysten ikkje ville bli utnytta i det heile. I staden ville Noreg bli ført inn i ein konkurranse mot politiske og økonomiske sterkare land, med ei vedhengande usikkerheit om utbyttet av den ville vere tilstrekkeleg i lengda. I sosial forstand ville urbaniseringa leie til menneskelege utfordringar som alkoholmisbruk, kriminalitet og mentale lidingar som ville auke samfunnskostnadane.⁷² Sagt på ein anna måte var prognosen eit skremmebilete av Nord-Noreg si framtid kor menneska levde på nåde av statsmaktas evne til å forhandle om tilgang til ressursar med sterkare land. Menneska var ikkje lukkelege, trass i at materielle gode hadde auka kjøpekrafta: livskvaliteten var like avhengig av miljøet ein budde i. Prognosen er såleis eit uttrykk for den metodiske tilnærminga som Brox hadde nytta. Forsking på mikronivå, som ein kontrast til økonomifagas føretekte makronivå, opna for at menneskas livskvalitet kunne vurderast frå andre perspektiv. Prognosen freista såleis å rettferdiggjere populisten si røyndomsoppfatning, ettersom utfallet

⁷² Brox. 1969. *Hva skjer i Nord-Norge?*, 121-123.

av teknokratens røyndomsoppfatning vart framstilt som å leia til ei auke i samfunnskostnader som snøgt kunne utlikne den profitten som vart skapt.

Populismen vart såleis til ei normativ rettesnor for samfunnsplanleggarar i populismeerfaringas manifest. Aksjonsforskinga var ein freistnad på å aktualisera ei tverrfagleg samfunnsplanlegging, då den kunne gjeve moglegheiter til å peike på samfunnsutviklingas konsekvensar på tvers av analysenivå: frå mikro- til makronivå. Dermed vart denne populismen opphavleg skapt innafor ein akademisk elite, for ein akademiske elite.

2.2 Den tidlege mottakinga av populismeerfaringas manifest

I dette delkapittelet er den tidlege mottakinga av populismeerfaringas manifest emnet, og eg har såleis valt ut to bidrag frå 1966 som syner mottakingas mangfald. Det fyrste bidraget er frå senterpartimannen Per Borten som var statsministaren i samtida. Dette bidraget er eit uttrykk for korleis skiljet mellom populisten og teknokraten vart motteken og forstått av ein politikar som sjølv kan sjåast som å ha stått i ein opposisjon i den sosialdemokratiske orden - om ein legg til grunn at han representerte eit parti som ikkje hadde gjeve namnet åt tidsperioden. Det andre bidraget er frå sosiologen Dag Østerberg. Han representerer den fyrste mottakinga kor populismen som vart skapt i manifestet vart forsøkt modifisert, eller gjeven ei mot-tilførsle i meininga at årsaka til det diagnostiserte samfunnsproblemet vart forsøkt endra. Eg vel fyrst å gå til bidraget frå Borten, då det at statsministaren i samtida hadde ytra seg om populismen er i seg sjølv sær interessant, og eg er såleis ute etter korleis Borten forstod populistten.

2.2.1 Dei kalde hjernane og dei varme hjarta

Per Borten (f. 1913 – d. 2005) si ytring om populistten vart trykt i *Nationen* den 20.april i 1966. Avisa hadde valt ut nokre delar av eit portrettintervju som redaktør Jakob Kringlebotten hadde gjort for medlemsbladet åt Norges Skogeierforbund.⁷³ Underoverskrifta som *Nationen* hadde valt er oppsiktsvekkande sett med auger frå vår tid: «*Framtidens politiske kamp kommer til å stå mellom populistten og teknokraten, sier statsminister Borten.*».⁷⁴ Kort tid etter at Ottar Brox

⁷³ Når eg her har valt *Nationen* si attgjeving, og ikkje *Skogeieren*, er det fordi at det for meg er rimeleg å tru at denne versjonen hadde fleire lesarar. Det at avisa hadde valt ut akkurat dei delane som blir presentert her, fortel meg at desse ytringane vart forstått som viktige for *Nationen* sine lesarar.

⁷⁴ Ukjend, «Radikal og konservativt er avlegse begreper i dag».

hadde skapt populismen, så hadde samtidas statsminister tatt den i bruk for å karakterisere ein framtidig politisk strid. Borten si forståing av populisten vart uttrykt i diagnosen hans av det politiske mennesket:

Der prates for mye i dag om hvem som er radikal og hvem som er konservativ. Hva er radikalt og hva er konservativt i det moderne samfunns enorme og innfildrede problemkompleks? Ingen kan klargjøre det. Disse begreper er avlegs. Jeg bryr meg mindre og mindre om klassifisering av menneskene ut fra så flytende kriterier, fordi jeg ser stadig mer, i alle forhold og på alle samfunnsplan, at man stort sett kan dele folk inn i to andre grupper, med skillelinje som går tvers over partiene: På den ene siden de passive mennesker og de kalde hjerner med formelt uklanderige tekniske og økonomiske kalkyler over hva som teoretisk vil gi samfunnet den raskeste vekst. På den annen side de som har evne til virkelig personlig engasjement i enkeltmenneskets behov og fellesskapets interesser. Den personlige legning er det avgjørende. Mellom mennesker som åpent og ærlig engasjerer seg, vil det i det opplyste samfunn alltid være lett å oppnå samarbeid og gode resultater, uansett tilknytting til tradisjonelle partier. Den politiske kamp i framtiden vil først og fremst stå mellom populisten – han med hovedoppmerksomheten rettet mot folkestyret og individet – og teknokraten – han med oppmerksomheten rettet mot individet bare som brikke i beregnet totalgevinst. Vi møter samme situasjon i mellomfolkelig politikk. Jeg tror derfor at det er viktig at mer filosofi og mer av allsidig sosiologi etter hvert får påvirke våre materielle vurderinger.⁷⁵

Borten hadde omfanna dei same perspektiva som Brox hadde fremja i førevegen. Det er grunn til å tru at Borten kan ha lese *Hva skjer i Nord-Norge?* før portrettintervjuet. I *Nationen* den 23.april vart det trykt eit portrettintervju av Ottar Brox, kor han hadde hevda: «*Jeg var forresten oppom statsminister Borten med boka mi, tror du han vil lese den?*».⁷⁶ Om problemforståinga var at samfunnsutviklinga synte seg å ikkje vere alle til lags, særleg i distrikta, så ville det leie til politiske konfliktar i framtida – med forståinga av korleis menneskets livslukke skulle skjønast som konfliktens kjerne. Konfliktens partar vart såleis på den eine sida dei kynisk kalde hjernane i eliten samt dei samfunnsmedlemane som ikkje engasjerte seg for kva som føregjekk i det samfunnet dei var ein del av. På den andre sida var dei sympatiske varme hjarta i eliten, og dei samfunnsmedlemane som brydde seg oppriktig om sine medmenneske.

Borten sin analyse kan skjønast som å ha tent to formål. Eit fyrste kan ha vore ein freistnad på å legitimere den breie borgarlege regjeringskoalisjonen som han leidde. Eit andre kan ha vore eit signal om at regjeringa hadde politiske ambisjonar som sprengde dei eldre forståingane av kva som var dei vesentlege politiske skiljelinjene. Med to rotfesta omgrep som vart erklært som avleggs, og to nye som vart presentert som å vere meir dekkande omgrep for å skildre det politiske mennesket, så kan ideologiske motsetnader ende opp med å bli mindre viktige. Om majoriteten av dei politiske partia godtok at den rådande samfunnsutviklinga var ynskjeleg, så

⁷⁵ Ukjend, «Radikal og konservativt er avlegse begreper i dag».

⁷⁶ Sun., «Populist fra Senja». Sjølv sagt kan ein ikkje seie det sikkert. Samstundes ligg Borten si forståing av populisme såpass nær Brox at eg meiner det er rimeleg grunn til å vere av denne oppfatninga.

ville ikkje spørsmålet om utviklinga i seg sjølv verte gjenstanden for den politiske kampen i framtida. Det blir heller retninga den tok, og i så måte ville populistten og teknokraten illustrere to alternative måtar for korleis utviklinga kunne gå føre seg. Såleis etterlyste statsministaren tverrfaglege perspektiv, kor haldningane og verdiane som Brox hadde tillagt populistten kunne bli ynskt velkomen til å påverke samfunnsutviklinga.

Borten si uttale står fram i den nære ettertida av utgjevinga av *Hva skjer i Nord-Norge?* som eit sjeldsynt tilfelle. Diskusjonen som tok form etter 1966 tok meir ei retning av å vere ein intellektuell dugnad, kor fagfellar åt Brox, studentar og deltakarar frå andre fagområde deltok. Og blant dei fyrste var ein fagfelle.

2.2.2 Kvar har du gjort av kapitalismen, Ottar Brox?

I tidsskriftet *Kontrast* hadde sosiologen Dag Østerberg (f. 1938 – d. 2017) skrive ein kommentar det same året som *Hva skjer i Nord-Norge?* vart gjeven ut. Østerberg har i ettertid blitt skildra som ein anti-autoritær marxist,⁷⁷ og *Kontrast*, som hadde vorte oppretta av forlaget *Pax* i 1965, appellerte særleg til anti-autoritære miljø på den politiske venstrefløya i samtida. *Pax* sin forlagsmann, Tor Bjerkmann, skal om *Kontrast* ha uttalt at det var for den «intellektuelle overklassen» i *Pax*-miljøet.⁷⁸ Som fagfelle åt Brox prisa Østerberg det teoretiske utgangspunktet som Brox hadde gjort med valet av historisk materialisme - kor arbeid vart forstått som ei forklaringsramme for alle sosiale forhold - samt kvalitetsnivået i overføringa av teori og metodisk framgangsmåte til samfunnet. Samla utgjorde det ein tekst som hadde forklart Nord-Norge si utvikling i etterkrigstida som ein historisk heilskap, og domen hans over boka var at den ville bli eit samfunnskritisk førebilete.⁷⁹

Populisten og teknokraten hadde fengja interesse hjå Østerberg, då kring halvparten av kommentaren vart vigd åt dei. Teknokraten var den fyrste han tok tak i, og for han hadde teknokrat ein negativ valør: «*Det får oss til å tenke på en som nok er dyktig innen sitt fag, men som er ute av stand til å se faget sitt i en helhetlig sammenheng. Denne mangelen på overblikk kan til og med være en mer eller mindre overlagt flukt fra politisk og almenmenneskelig ansvarlighet.*».⁸⁰ Slik sett gjev Østerberg teknokraten eit motiv for hans tillagte uvilje til å sjå

⁷⁷ Nilsen, «Innledning», 11.

⁷⁸ Gripsrud og Lindtner, «1960-1980: «Vekk herfra, det er mitt mål»», 431-432.

⁷⁹ Østerberg, «Populisme og kapitalisme», 59.

⁸⁰ Østerberg, «Populisme og kapitalisme», 60.

samfunnsheilskepar. Teknokraten vart plassert i ei tilsikta fri stilling – ei ansvarsfråskrivning grunna eins faglege einsretting ikkje tok høgde for dei menneskelege konsekvensane av eins virke.

Ei gruppe av karakteren teknokrat utgjorde eit teknokrati, samstundes måtte teknokratane ha politisk innflytelse for at teknokratiet kunne eksistere: «*Teknokratiet oppstår ved at teknikerne får politisk makt (kratos), eller ved at politikerne svikter sin oppgave og blir teknikere i stedet for politikere. (...) Teknokratiet rår når samfunnsoppgavene ikke blir behandlet på en helhetlig måte.*».⁸¹ I Østerberg sitt perspektiv representerte teknokratiet ei overdriven fagleggjing av politikk. I det heile er utgreiinga hans ei omfamning av Brox si framstilling av teknokratiet, men den vart og utvida. Teknokraten var ikkje naudsynlegvis fagfolk som kunnskapsleverandørar. Han var like så mykje politikarar, som ved å skifta ham og stå fram som fagfolk, hadde svikta si opphavlege oppgave. Kva det ville seie å ikkje behandle samfunnsoppgåver på ein heilskapleg måte, vart forstått med hjelp av populismen:

Populisme vil derimot si å innta befolkningens synspunkt. Politikerens oppgave er å hjelpe befolkningen til å oppnå dens ønskemål (ikke å presse eller prakke på dem hva han selv tror den ville ha godt av) og da må han se situasjonen i sin helhet, slik befolkningen ser sin egen situasjon. For Nord-Norges vedkommende vil populisme si å hjelpe lokalbefolkningen til velstand der den allerede bor.⁸²

Det å behandle samfunnsoppgåver på ein heilskapleg skulle innebere at ein tileigna seg kunnskap om kva befolkninga ynskte, og ikkje at ein antok kva den hadde behov for. Evne og vilje til å setje seg inn i befolkningas situasjon var i så måte ein sentral del i Østerberg si forståing av populisme. Teknokraten mangla dette, sidan den faglege einsrettinga til teknokraten tilbydde han tilfredsstillande legitimitet for korleis samfunnsoppgåvene skulle verte løyste. Om ein politikar si oppgave var å hjelpe befolkninga til å betre sin situasjon – då dei hadde fått tillit av sine veljarar – var det ein politikars plikt til å utøve sitt virke etter befolkningas ynskje. Populismen ville dimed rå når samfunnsoppgåvene vart behandla på ein heilskapleg måte. Det vil seie i tråd med korleis befolkninga sjølve såg situasjonen sin. Utgreiinga åt Østerberg står til no fram som ei omfamning av argumentasjonen i *Hva skjer i Nord-Norge?*, men grunnlaget i Brox si problemforståing var ikkje tilfredsstillande for Østerberg.

⁸¹ Østerberg, «Populisme og kapitalisme», 60.

⁸² Østerberg, «Populisme og kapitalisme», 60.

Hovudproblemet var at Brox si problemforståing hadde oversett kapitalismen sin påverknad på samfunnsutviklinga: «*Jeg tror at skillet mellom populisme og teknokrati er verdifullt, men utilstrekkelig. Populismen har nemlig flere fiender, storkapitalen og urbanismen.*».⁸³ Det er grunna denne vendinga at eg forstår Østerberg som å freista å modifisera populismeerfaringas manifest. Han anerkjende delar av Brox sin diagnose, kor populisten og teknokraten representerte ulike samfunnsforståingar. Samstundes hadde Brox oversett ei grunnleggande årsak i Østerberg sitt syn. Det som Brox ikkje hadde forstått var at sidan bruttonasjonalprodukt vart nytta som målereiskapen for å finne nivået av levestandarden i samfunnet, så ville årsaka til det diagnostiserte samfunnsproblemet vere kapitalismen: «*Teknokrati, urbanist og kapitalist møtes i dyrkelsen av nasjonalproduktet på bekostning av livsstil eller levestandard.*».⁸⁴ Teknokraten vart såleis eit delproblem på lik linje med urbanisten og kapitalisten. Det dei alle delte var at dei var produkt av seinkapitalismen, som kvar og ein bidrog til konsekvensane som Brox hadde framstilt i boka.

Kapitaleigaren sitt bidrag var at han ikkje hadde kunnskapar om, eller interesse for, korleis samfunnet fungerte i Nord-Noreg. Dimed var det tilfeldigheter som styrte om kapitalinnsatsen fekk positive verknader for lokalsamfunna. Det som spelte inn var vurderingane som kapitaleigaren gjorde i høve til profittmoglegheitene. Dimed vart heilskaplege vurderingar oversett sidan profitten var toneangjevande for kapitaleigarens avgjersle. Urbanisten representerte ei overtyding om at store byar leia til at menneska fekk auka levestandar, som for Østerberg var eit sjølvbedrag. Rett nok kunne større byar gjeve økonomisk vekst, likeins som det å vere busett i ein by hadde blitt eit ideal i samtida. Dette idealet gjorde mennesket blind for at ein by i vekst gav dårlegare levekår enn i utkantane, då høg befolkningskonsentrasjon leia til fortetting og forureining.⁸⁵

Såleis hadde ikkje samfunnsdiagnosen åt Brox vore tilstrekkeleg i Østerberg sitt syn, ettersom teknokraten ikkje var noko anna enn eit produkt av seinkapitalismen. Alle motstandarane åt populismen stod i seinkapitalismen si teneste, då den hadde gjort samtidssamfunnet til eit forbrukarsamfunn som vart sjølvoppretthaldt med konsumisme: vareforbruket gav behov for produksjonsvekst, som igjen sikra sysselsettinga, som igjen leia til at klassemotsetnadane i

⁸³ Østerberg, «Populisme og kapitalisme», 60.

⁸⁴ Østerberg, «Populisme og kapitalisme», 61.

⁸⁵ Østerberg, «Populisme og kapitalisme», 60-61.

samfunnet vart tildekt.⁸⁶ Samstundes rangerte Østerberg populismen sine tre motstandarar, kor kapitaleigaren vart framstilt som ein pådrivar for dei to andre. I høve til urbaniseringa var det i kapitaleigaren si eigeninteresse at byar ekspanderte – det gav eit rikare utval av arbeidskraft for kapitaleigaren. I høve til teknokraten vart kapitaleigaren ein dominerande part: «*Teknokratene er avmektige sosialdemokrater som – viklet inn i et stadig tettere nett av forpliktelser overfor NATO og USA – ikke har gjort stort annet enn å legge til rette for ny-kapitalismens vanlige utfoldelse.*».⁸⁷ Østerberg plasserte såleis ut teknokratar i DNA. Dei var for han eit høgreavvik som hevda at dei stod for eit sosialistisk verdssyn, men som i røynda var pressa av kapitalistiske aktørar utanfor landegrensene til å styrke produksjon og økonomi for å vere eit robust medlem av forsvarsalliansen.

Sagt på ein anna måte så freista Østerberg å bekrefte at Brox hadde observert eit skilje i samtida, men som samstundes ikkje var dekkande.⁸⁸ Brox hadde underkjend kapitalismen som den mektige krafta den var. Teknokraten vart anerkjend som å ha ei tilhøyrsløse i problemforståinga, samstundes vart teknokraten si betyding for samfunnsutviklinga si retning justert ned. Eg vel å forstå kommentaren som eit uttrykk for eit tradisjonelt marxistisk perspektiv. Kapitalismen var roten til det vonde for menneska. Teknokraten, som Brox hadde framheva som arkitekten bak tiltaka som gav avgrensa valmoglegheiter åt befolkninga, var for Østerberg ikkje noko anna enn symptom på seinkapitalisme. Dei var kapitalismens ærendssveinar. Populisten på si side vart for Østerberg lydhøyr ovanfor lokalbefolkningar. Han skulle stå opp mot kapitalismen, som gjennom ærendssveinen teknokraten overkøyrde lokalbefolkningas ynskje om å halde fram med levevegen sin. Grunna kapitalismen vart moglegheitene for menneskets levekår innskrenka i dei perifere områda, medan dei vart ekspandert i dei urbane områda.

Østerberg freista såleis å føre populismen inn mot marxismen si problemforståing. Den vart forstått som å ha skildra eit tilhøve i samfunnet, men populistens si problemforståing var i seg sjølv eit problem. Kommentaren vart såleis ein invitasjon til ein intellektuell dugnad. Ottar Brox hadde oppdaga noko essensielt som låg i samtida, men meir tankeverksemd var naudsynt då den tidlege problemforståinga til populistens hadde ikkje tatt høgde for dei eigentlege årsakene til at samfunnsutviklingas gang ikkje var alle til gagns.

⁸⁶ Østerberg, «Populisme og kapitalisme», 61-62.

⁸⁷ Østerberg, «Populisme og kapitalisme», 60.

⁸⁸ Østerberg, «Populisme og kapitalisme», 62.

3. Ein intellektuell elite

I tida etter at populismeerfaringas manifest vart utgjeven, så vart populisme emne for ein debatt i riksdekkande aviser, tidsskrift og i bøker. Deltakarane i debatten var i all hovudsak menn som anten var under utdanning, eller som hadde teke høgare utdanning. Kvinner er så vidt eg kan sjå ikkje deltakande i debatten fram til 1970. Det at deltakarane kan sjåast som å ha tilhøyrse i eit intellektuelt miljø gjer at den får eit paradoks. Om populisme etter Brox skulle verne om lokalsamfunna, skulle det då mogleg bety at debatten også ville inkludere lokalsamfunna. Sagt på ein anna måte så kunne ein forventast at debatten også ville engasjere «folket», sidan populismen etter Brox skulle betre eit «folk» sine levekår utifrå det som «folket» ynskte. Paradokset ligg såleis i at debatten vart dominert av ein intellektuell elite.

I tida 1967 til 1972 er tre aktørar sentrale i det som eg kallar for ein intellektuell dugnad. Eg vel såleis å namngjeve dei som ein intellektuell elite. Kvar av dei freista å bygge populismen vidare, sidan dei alle baserte seg på grunnmuren som Ottar Brox hadde reist i 1966. Det førre kapittelet dannar såleis ein føresetnad for dette kapitelet ved at ei problemforståing vart etablert i populismeerfaringas manifest, og det er denne som den intellektuelle eliten freista å utvide. I brorparten av dette kapitelet vil eg fokusere på bøkene åt den intellektuelle eliten, då dei var hovudbidraga. Hovudfokuset ligg på diagnosen og prognosen av det norske samfunnet, sidan perspektivet mitt er at sjølvforståinga kan finnast gjennom problemforståinga. Tidsdimensjonane fortid, samtid og framtid i teksten vil utgjere strukturen av delkapitla så langt det lar seg gjere. Rekkefølga eg har valt for den intellektuelle eliten bidreg i så måte til å illustrera ei utvikling av problemforståinga til populistane: brot og kontinuitet vert argumentert for undervegs i kapitla, og det munnar ut med ein freistnad på å samansette sjølvforståinga åt dei.

3.1 Bjørn Unneberg

Senterpartimannen Bjørn Unneberg (f. 1928 – d. 2020) meldte seg på i den intellektuelle dugnaden i 1970 med tidsskriftsartikkelen «*Populismen – den grønne sosialismen*».⁸⁹ Han var utdanna jurist ved Universitetet i Oslo, og i eit minneord av partifellen Arne Ellingsberg vart han skildra som ein markant ideolog i Senterpartiet.⁹⁰ Ved inngangen til 1970-åra sat Unneberg i sin fyrste av to periodar som stortingsrepresentant for Akershus, og han hadde redaktøransvar for *Senit – Senterbevegelsens ideologiske tidsskrift* frå skipinga i 1968 til 1978.⁹¹

I 1971 så hevda Unneberg at populismen hadde blitt råka av eit kuppforsøk i dugnaden: «*Tilhengarane er blitt kalla populistar, og den raude sosialismen har gjort krav på den åndsverksrettslege opphavsrett fordi mange populistar er utgått frå faderhuset. Men idégrunnlaget er likevel eit tverrpolitisk felleseige.*».⁹² Med eit kuppforsøk som bakgrunn, så brukte Unneberg hovudbidraget sitt til å krevje eit tverrpolitiske eigarskap åt populismen.

Grønn sosialisme for utkantproletarer - Noen folkelige grunntanker om frihet, likhet og brorskap i vår tid (1971) var utgjeve gjennom det uavhengige senterpolitiske forlaget Cultura. Gjennom boka unnlèt Unneberg å referere til andre tekstar, som gjer at den i forma avvik frå dei krava som me stiller til akademiske tekstar. Dette valet freista han å rettferdiggjere i føreordet: «*(...) min intensjon har nettopp vært en fremstilling gitt av ett menneske, (...) Boka er en reisebeskrivelse fra en undringssgang på område etter område for å finne en sammenheng og en mening.*».⁹³ Unneberg oppmoda lesaren med andre ord å lese boka som eit uttrykk for hans subjektive oppfatning av det norske samfunnet - likevel vart lesaren i neste vending forsikra om at han træla etter å vere sannferdig.⁹⁴ Sagt på ein anna måte så framstilte Unneberg boka som å vere påliteleg – trass i at den ikkje var vitskapleg i meininga at det ikkje var mogleg å etterprøva ho. Populisme vart skriven for fyrste gong i føreordet. Det var i samband med målet som Unneberg gav boka, kor tidsdimensjonane fortid og samtid – men ikkje framtid - ville verte sett i høgsetet:

Et hovedsiktemål har vært å gi et bilde av de folkelige strømningene i tidligere tider og i vår tid som synes å oppstå overalt hvor det allminnelige menneske blir utsatt for krenkelser og umyndiggjørelse.

⁸⁹ Unneberg, «Populismen – den grønne sosialismen», 84-91. Denne artikkelen er fyrste gong kor Unneberg trekk grenser mellom ein raude og ein grøn sosialisme.

⁹⁰ Ellingsberg, «Bjørn Unneberg til minne».

⁹¹ Stortinget.no, «Unneberg, Bjørn».

⁹² Unneberg, «Kva er «grøn sosialisme»?», 249.

⁹³ Unneberg. 1971. *Grønn sosialisme for utkantproletarer*, 7.

⁹⁴ Unneberg. 1971. *Grønn sosialisme for utkantproletarer*, 8.

Mange kaller disse strømningene for «populisme», men i vår fremmedordrike tid har jeg forsøkt å erstatte denne betegnelsen med norske ord.⁹⁵

Reiseskildringa, eller undringsgangen som Unneberg hadde gjort i boka, vart i føreordet knytt til populisme. Som eit forstått framandord vart populisme knytt saman med «*folkestyre*», «*det folkelige*», og åt det like så mykje framandordet «*sosialisme*». Det dei alle delte i synet hans, var at dei dreisa seg om solidaritet og samhald med eit «folk».

I samfunnsdiagnosen så vektla Unneberg eit humant perspektiv. Individet var hindra i å oppfylle eit godt liv, sidan det kapitalistiske systemet hadde leia til ei samfunnsutvikling kor individet vart underkua. Maktkonsentrasjon, teknokrati, sosial naud, egoisme og kjenslekulde vart alle verknader av kapitalismen, og samla hadde dei avgrensa menneskets moglegheiter til å ha råderett over sitt eige liv.⁹⁶ Slik sett hadde samtidssamfunnet eit underskot av solidaritet og samhald, slik at einskildmennesket vart krenka og umyndiggjort. Dermed så meinte Unneberg at dei underkua einskildmenneska måtte bli forstått som å utgjere eit utkantproletariat, og det fyrste steget hans for å konstruera det var å trekkje linjer bakover i historia.

3.1.1 Maktelitens myteskaping er problemet

Unneberg tok to erfaringar frå framtida i bruk til å setje saman eit utkantproletariat. I den historiske konstruksjonen hans vart bønder ei samfunnsgruppe som hadde gått i bresjen for frigjerung i fortida. Då dei hadde sameint seg på 1800-talet, så hadde dei pressa fram reformer som danna eit av grunnlaga for lokalt sjølvstyre - som igjen var grunnlaget for det norske demokratiet i Unneberg sitt syn.⁹⁷ Etter dei demokratiske reformene var gjennomførte, så gjekk bøndene i ein dvale. I takt med samfunnsmoderniseringa på 1900-talet, så utstyrte Unneberg bonden med eit samfunnskritisk blikk. Dette blikket hadde bonden festa på dei høgtlønnte i produksjonssamfunnet som dei oppfatta som å ha vore mindre naudsynlege enn andre produktive eller administrative stillingar.⁹⁸ Ved å utstyre bonden med dette blikket frå starten av 1900-talet, så kunne han setje bonden inn i eit konfliktforhold med kapitalismen.

Noreg vart til eit forbrukarsamfunn på 1900-talet, som hadde skapt eit behov for ei utviding av byråkratiet. Med den så hadde det blitt oppretta stillingar som bøndene såg som ikkje å ha

⁹⁵ Unneberg. 1971. *Grønn sosialisme for utkantproletarer*, 7.

⁹⁶ Unneberg. 1971. *Grønn sosialisme for utkantproletarer*, 7.

⁹⁷ Unneberg. 1971. *Grønn sosialisme for utkantproletarer*, 14.

⁹⁸ Unneberg. 1971. *Grønn sosialisme for utkantproletarer*, 18.

vore nyttige for samfunnet - i meininga at eins virke var å utøve gjensidig kontroll internt i statsforvaltninga. Den observante bonden som i tidlegare tider hadde handla, hadde såleis oppdaga at eit utvida byråkrati kunne bli eit samfunnsproblem – men enn så lenge haldt bøndene seg roleg.

Unneberg etablerte såleis ein fyrste føresetnad for å konstruera eit utkantproletariat: ei samfunnsgruppe vart identifisert som å kunne danne eit mobiliseringsgrunnlag. I tidlegare tider hadde bøndene handla for å sikre seg politisk handlefridom. I den nære samtida hadde dei retta eit mistenksamt blick på forbrukarsamfunnet, men enn så lenge var bøndene i ein dvale.

Den andre fortidige erfaringa så skulle Unneberg definera ein leiarskare åt utkantproletariatet, og dei skulle gå i bresjen for å inspirere og sameine proletariatet. Unneberg namngav leiarskaren som populistar, og for han så hadde det vore to populisttypar i den nære fortida. Den fyrste populisten var i arbeidarrørsla. Han hadde brote ut frå DNA i 1961 for å stifte Sosialistisk Folkeparti,⁹⁹ som ein reaksjon mot sentraliseringspolitikk og ein idélaus maktpolitikk i DNA. Den andre populisten vart utplassert i Unneberg sitt eige parti. Denne populisten hadde stønad blant dei unge senterpartistane, samstundes var populisten framstilt som å vere ein minoritet i partiet. Det som vart hovudskiljet mellom senterpartipopulisten og majoriteten i partiet gjaldt kva side av den partipolitiske aksen ein skulle sjå mot for samarbeid. Majoriteten sitt blick fall mot dei borgarlege, og dei nedprioriterte langsiktige perspektiv til fordel for døgnaktuell administrasjon. Senterpartipopulisten såg mot sosialistane, då dei opplevde skiljelinjene i samfunnet som om at bønder og arbeidarar høyrde ilag politisk – ergo måtte ein vende seg til venstresida i den tradisjonelle partipolitiske aksa.¹⁰⁰ Senterpartipopulisten og arbeidarrørslipopulisten skulle såleis samarbeide for å skapa solidaritet og samhald i forbrukarsamfunnet, og det at bønder og arbeidarar måtte sameinast vart den andre føresetnaden for å konstruera utkantproletariatet. Problemet for Unneberg var at populisttypane hadde ulik forståing for kven dei undertrykka i samfunnet var.

Senterpartipopulisten sine undertrykte vart definert av Unneberg som å ha vore arbeidaren og bonden, som såleis ville høyre saman i eit fellesskap. Samstundes vart ikkje arbeidarrørslipopulisten sine undertrykte gjort til kjenne av Unneberg – logisk vil det vere arbeidaren, all den tid denne populisten vart festa til arbeidarrørsla. Arbeidarrørslipopulisten hadde dimed ein tradisjonell proletariat-forståing: arbeidaren åleine var den undertrykte i

⁹⁹ Frå no forkorta til SF.

¹⁰⁰ Unneberg, 1971. *Grønn sosialisme for utkantproletarer*, 18-19.

samfunnet, medan bonden var privilegert og utanfor proletariatet då han eigde produksjonsmidlar. For senterpartipopulisten vart arbeidarrørslepopulisten si klasseforståing ein myte som bidrog til å oppretthalde maktstrukturar kor ein elite utnytta dei undertrykte:

Det mest ulykkelige som har skjedd er at de få som virkelig har makt i verden, de hersker fordi det har lyktes dem å splitte. Selv i utkantsamfunnene står folket splittet. (...) Vi må ikke miste sansen for størrelsesforholdene så vi ikke ser de egentlige skillelinjene. For utenfor utkantsamfunnet og over bonden, fiskeren og arbeideren står de kreftene som uopphørlig søker penger og makt – på utkantens bekostning. Det er mot dem at utkantmenneskene må lære å stå sammen.¹⁰¹

Ved å hevde å avsløre samfunnsmyter, så freista Unneberg å identifisera nye konfliktlinjer i samfunnet. Myten vart festa til ein maktelite som behaldt maktposisjonen sin ved å skape splid i samfunnslaga. Såleis freista han å syne at så snøgt arbeidaren og bonden fann saman, så ville dei utgjere ein utfordrar åt maktelitens grep om makta. Slik sett vart maktmenneska ein del i problemforståinga: ein elite oppretthaldt falske konfliktar mellom dei breie lag i befolkinga for å halde på makta.

Den sentrale falske konflikten for Unneberg vart i så måte mellom arbeidaren og bonden: ein trudde at bonden var ein overklasse til arbeidaren, sidan bonden hadde eigedomsrett medan arbeidaren berre eigde arbeidskrafta si. Men forståinga av at eigarskapet til produksjonsmidlar åtskilde bønder og arbeidarar var frå eit falskt premiss. Rettnok eigde bonden produksjonsmiddelet - i forståinga av at jordteigar og husdyr var eit produksjonsmiddel - samstundes var dette eigarskapet ikkje for eigarskapet sin skuld, men ein naudsynlegheit. Det hadde ein funksjon av å vere verktøyet for bonden si forsørging, likeins som at hendene åt arbeidaren var eit verktøy for forsørginga hans. Såleis så omfamna Unneberg populismeerfaringas manifest: det å forstå samtidssamfunnet frå marxismens klasseanalyse vart ikkje dekkande for populistene, ettersom den peikte på konfliktlinjer som ikkje var relevant i samfunnet.

Av dette så la Unneberg til rette for at bonden og arbeidaren kunne inkluderast i eit konstruert utkantproletariat. Samstundes stod populistene ovanfor eit problem: utkantproletariatet hadde ikkje sjølve innsett at dei var eit proletariat. Om ein legg det til grunn, så blir Unneberg sin samfunnsanalyse av Mardøla-aksjonen sommaren 1970 eit teikn på at utkantproletariatet hadde kome han i forkjøpet – det hadde gjeve eit livsteikn frå seg.

¹⁰¹ Unneberg, 1971. *Grønn sosialisme for utkantproletarer*, 31.

3.1.2 Makteliten kua deg

Analysen som Unneberg gjorde av Mardøla-aksjonen tente til to formål. For det fyrste vart den framstilt som å vere eit uttrykk for ein bevisstgjeringsprosess hjå eit proletariat. For det andre vart aksjonen brukt som ein illustrasjon på korleis ein maktelite avgrensa lokalsamfunnas tilgang til å utøve medråderett. Sagt på ein anna måte så ligg kjernen i Unneberg si problemforståing i analysen hans av Mardøla-aksjonen.

Bakgrunnen for aksjonen var at kommunane Rauma og Nesset hadde vore kandidatar til å vere vertskommunar for kraftverk i samband med vasskraftutbygginga av Mardølafossen. Valet mellom kommunane vart gjort i Stortinget, som ved å ha valt Rauma føre Nesset hadde ført sistnemnde inn i ein motstand mot vasskraftutbygginga. Motivasjonen for å yte motstand låg i at sidan Rauma ville kome på lag med samfunnsutviklinga, så vart Nesset hengande etter – kommunen vart ein utkant. Sjølve aksjonen fann stad sommaren 1970 ved Mardøla, kor tilreisande naturverndemonstrantar og lokalbefolkninga i Nesset kommune utgjorde ein utradisjonell allianse i ein protest mot Stortingets vedtak. På overflata var sameininga kunstig i Unneberg si framstilling, då dei hadde ulike motivasjonar for å protesterte. Naturvernarar ynskte ikkje utbygging av Mardølafossen i det heile, medan lokalbefolkninga i Nesset sin motivasjon var ikkje å hindre utbygginga i seg sjølv – det var heller det at kraftverket ikkje vart plassert i kommunen deira.¹⁰²

Ved å trekkje ramma lengre ut så plasserte Unneberg lokalbefolkninga i Rauma og i Nesset samt dei tilreisande naturvernarane i same bås, ved at dei fekk ein sams motivasjon for å aksjonera. Aksjonen vart såleis eit symptom på eit demokratisk problem i samfunnet: aksjonistane vart alle underprivilegerte sett i samband med sentralmynda og samfunnsutviklinga, om enn på ulik vis.

Befolkninga i Rauma og Nesset vart passasjerar i samfunnsutviklinga, då framgangsmåten for å få kommunane med i utviklinga hadde blitt bestemt på førehand av sentralmynda. Problemet i Unneberg sitt syn låg i at kommunane vart tilbydd ei lukka problemstilling:

I stedet for å anerkjenne lokalsamfunnets eller utkantgruppens likeverd og selvbestemmelsesrett har maktsenteret formulert de voteringstemaer som skulle forelegges utkanten. Og maktsenteret har alltid formulert problemet på sine egne premisser, nemlig ut fra hva som er lønnsomt for storsamfunnets økonomi.¹⁰³

¹⁰² Unneberg, 1971. *Grønn sosialisme for utkantproletarer*, 23-24.

¹⁰³ Unneberg, 1971. *Grønn sosialisme for utkantproletarer*, 25.

Rauma og Nesset hadde såleis ei samanfallande interesse i å sameine seg ettersom sentralmynda utøvde maktovergrep mot lokalsamfunna ved å gjeve kommunane inntrykk av å ha medråderett over sin eiga utvikling.

Naturverndemonstrantane, som på overflata ikkje hadde samanfallande interesser med aksjonsfellane sine, stod for eit verdisyn som var i opposisjon til sentralmynda. Det opposisjonelle verdisynet var at den økonomiske veksten skulle verte underlagt menneskelege verdiar, eit verdisyn som Unneberg meinte ikkje hadde blitt forstått av makteliten.¹⁰⁴ Den tildekte sameinande interessa åt aksjonistane dreia seg såleis om at dei begge var underkua av makteliten: utkantmenneska vart tilbudd ikkje-reelle valmoglegheiter, medan naturvernarane sitt verdisyn vart avvist då makteliten ikkje hadde forståing for det.

Samfunnsdiagnosen åt Unneberg hadde såleis eit liknande prinsipp som populismeerfarings manifest: lokalsamfunna måtte få ein sentral plass i samfunnsplanlegginga. Samstundes var ikkje årsaka til samfunnsproblemet ei kunnskapsløyse hjå samfunnsplanleggaren. Diagnosen åt Unneberg inneheldt ei overtyding om at alle innbyggjarane i lokalsamfunna vart fortalt at dei hadde påverknadskraft i avgjersler som gjaldt seg sjølv, medan ein eigentleg ikkje hadde det. Sagt på ein anna måte så vart maktrelasjonen mellom sentralmakta og lokalsamfunna kjernen i problemforståinga.

Samstundes vart Mardøla-aksjonen forstått som ei spontan hending kor ein skilde samfunnsgrupper hadde funne saman i protest mot samfunnsutviklinga. Såleis kan ein oppfatta den som eit teikn for populisten at samfunnsutviklingas gang møtte motstand hjå «folket». Likeins som at bonden hadde handla på 1800-talet, så måtte utkantproletariatet i samtida ta opp kampen på ny. For Unneberg vart det fyrste steget på vegen dit å overtyde det konstruerte utkantproletariatet om at dei var eit proletariat, og grepet hans vart å freista å endre kuløren åt sosialismen.

3.1.3 Kulørendring for meir humanisme

Sidan Unneberg såg samtidssamfunnet som å mangle solidaritet og samhald, så vart vegen kort for han å sjå mot sosialismen. I dei samfunna kor ei kapitalistisk samfunnsorganisering vart reindyrka, så meinte han at utkantane ikkje ville vere i stand til å vere berekraftige. Denne samfunnsorganiseringa vart såleis eliten sitt verktøy til å undertrykke massen, då den resulterte

¹⁰⁴ Unneberg, 1971. *Grønn sosialisme for utkantproletarer*, 24 og 26.

i ein disharmonisk maktbalanse i elitens favør. Eit samvirkeorganisert samfunn vart på si side fremja som å garantere eit likestilt samfunn – om ein nytta eit maktperspektiv i samfunnsforståinga. Sidan Unneberg forstod sosialisme som å ha fremja dette prinsippet, så valde han den for å oppnå at utkantproletariatet skulle ha ein medverknad i avgjersler som ville ha konsekvensar for dei.¹⁰⁵

Samstundes så var ikkje den marxistiske sosialismen løysinga i problemforståinga hans. Framstilling av Mardøla-aksjonen danna såleis føresetnaden for at han freista å gjeve sosialismen ein grøn kulør. Den utradisjonelle alliansen som spontant hadde funne saman i Mardøla-aksjonen, vart forstått som å ha vore undertrykte utifrå eit maktperspektiv. Som ei forlenging av aksjonistanes spontanitet, så endra Unneberg sosialismen sin kulør frå raud til grøn:

(...) hvorfor grønn sosialisme? Fordi den røde har bundet seg for sterkt til produksjonsprosessen. (...) Den røde sosialismen henvendte seg til *arbeiderne*, en gruppering som i seg selv aksepterer produksjonsprosessen som det sentrale og som det skjelsettende element i livet. Den grønne sosialismen henvender seg til *alle* mennesker som har fått sine utfoldelsesmuligheter redusert og sin virkelighet formet av krefter utenfor seg selv, (...) Det er menneskets plassering i forhold til avgjørelsesprosessen som danner grunnlaget for den grønne sosialismens gruppering i maktmennesker og utkantproletarer.¹⁰⁶

Kapitalisme vart i så måte ein felles motstandar for både den raude og den grønne sosialismen. Ulikskapen var at mobiliseringsgrunnlaget vart vida ut i den grønne – sidan kapitalismens produksjonsprosess ikkje naudsynlegvis vart godteken som å vere vitalt for individets velvære. Ved å vide ut mobiliseringa så freista Unneberg å krevja eit tverrpolitisk felleseige åt populismen sidan det leia til at ein ny dynamikk vart aktivert. Den tradisjonelle delinga mellom blå og raud - i tydinga borgarleg og sosialistisk - fekk ein ny dimensjon med den grønne. Sagt på ein anna måte så freista Unneberg å endre konfliktforståinga frå å stå mellom arbeidaren og bedriftseigaren, til å stå mellom maktmenneske og avmaktsmenneske. Såleis vart konfliktlina i samfunnet ikkje ei rett linje, i meininga ein dikotomi mellom ein raud og ein blå pol. Konfliktlinja vart meir som ein trekant med ein raud, ein blå og ein grøn pol.

Det var delinga mellom dei to populisttypane som leia til at Unneberg endra kuløren. Med perspektivet at det norske samfunnet var eit forbrukarsamfunn, så ville ikkje ei hypotetisk eigarskapsoverdraging av produksjonsmidlane frå kapitaleigar til arbeidar vere beinveges til gagns for lokalsamfunna. Produksjonssamfunnet ville likevel bestå. Dermed ville utkantane sitt

¹⁰⁵ Unneberg, 1971. *Grønn sosialisme for utkantproletarer*, 61.

¹⁰⁶ Unneberg, 1971. *Grønn sosialisme for utkantproletarer*, 62-63.

diagnostiserte problem framleis bestå, sidan utkantane sine moglegheiter til sjølvråderett ikkje vart forbetra av seg sjølv i kjølvatnet av eit eigarskapskifte av produksjonsmidlane.¹⁰⁷

Sagt på ein anna måte så var det produksjonssamfunnet i seg sjølv, og ikkje eigarskapet over produksjonsmidla, som vart ein del av problemforståinga. Med dette perspektivet så kunne Unneberg stille både utkantmenneska, naturvernarar og arbeidarar opp mot ein maktelite. Om ein legg til grunn at Unneberg hadde oppfatning av at populistane i arbeidarrørsla hadde freista å kuppe eigarskapet til populismen, så kan ein forstå den konstruerte grøne sosialismen som å ha vore eit forsonande skaparverk. Med den strakk senterpartipopulisten ut handa til populisten i arbeidarrørsla: dei delte ei oppfatning av at kapitalismen var ein felles motstandar, men fokuset skulle vere vendt mot forbrukarsamfunnet og ikkje mot produksjonsmidlane.

Mot dei alle – populisten likeins som utkantproletaren - vart sentralmyndas teknokratar ein konkret motstandar, då handlingane deira vart forstått som å følgje den kapitalistiske samfunnsorganiseringa. Unneberg valde å introdusere teknokraten i førevegen for den grøne sosialismen med eit retorisk spørsmål: «*Hvorfor er teknokraten så farlig?*».¹⁰⁸ For han var teknokraten eit produkt av produksjonssamfunnets etterspørsel etter det som han kalla for teknisk ferdigheit, som hadde gjeve dei ei maktstilling. Sidan samfunnets målsetjingar vart målt gjennom bruttonasjonalprodukt, så spelte teknokraten på lag med kapitaleigarane ved å forme samfunnet etter bransjanes omsyn.¹⁰⁹ Det farlege med teknokraten vart såleis at han ikkje forstod verdien av ikkje-materielle verdiar, som til slutt ville bli ei underskotsvare i samfunnet. Teknokraten vart med det framstilt som å vere ein eindimensjonal representant for eit konformt samfunnssystem.

Motstykket åt teknokraten vart logisk nok den vesensforskjellige anti-teknokraten. Men medan teknokraten vart klårt identifisert av Unneberg, så var ikkje stoda likeins med anti-teknokraten. Han var fleirdimensjonal, og representerte ikkje eit særskild samfunnssystem. Likevel fekk dei ei samanbinding som gjorde dei vesensforskjellig i høve til teknokraten: humanisme. Medan teknokraten fekk tildelt eit inhumant menneskeperspektiv kor menneska var arbeidskraft som skulle utplasserast til dei stadene kor produksjonsmidla vart plassert, så fekk anti-teknokraten eit motsett menneskesyn. Mennesket skulle ikkje berre sjåast som ei arbeidskraft, men først og fremst som eit menneske. Forutan primærbehov som husly og ernæring, så meinte Unneberg at

¹⁰⁷ Unneberg. 1971. *Grønn sosialisme for utkantproletarer*, 62.

¹⁰⁸ Unneberg. 1971. *Grønn sosialisme for utkantproletarer*, 55.

¹⁰⁹ Unneberg. 1971. *Grønn sosialisme for utkantproletarer*, 55.

medmenneskelege verdiar som omsorg, tilhøyrse og avgjerslerett for eins eiga livsløp avgjerande for anti-teknokraten.¹¹⁰

Som ei forlenging av dei tildelte verdiane til teknokraten og anti-teknokraten, så gav prognosen av det norske samfunnet to framtidsvegane alt ettersom kven av dei som fekk makta i tida framover. Vegane vart i så måte kapitalmakta eller folkemakta.

Kapitalmaktas veg ville i tida framover leie til eit teknokratisk planleggingsarbeid som ville ende i eit sentralisert Noreg med eit medlemskap i EEC.¹¹¹ I denne framtida ville Noreg ende opp med å bli kulturelt, økonomisk og politisk samanknytt i ei sams eining med Vest-Europa.

Folkemaktas veg skulle såleis ende i at Noreg oppretthaldt sjølvstende, sidan anti-teknokraten hadde sytt for desentralisering og maktutjamning.¹¹² Vektlegginga av individet sin fridom danna såleis vilkåra for framtidsvegane. Den fyrste vart framstilt som å prioritere næringslivet sin fridom over individet sin fridom, då økonomisk vekst ville gjeve individet fridom med auka kjøpekraft. Folkemaktas veg på si side vart framstilt som å vere oppriktig oppteken av kva folket ynskte. Sagt på ein annan måte ville folkemaktas veg innebere at ein forstod fridom som individets fridom til å ha medråderett i behandlinga av dei sakene som ville ha verknader for det.

Kjernen i problemforståinga åt Unneberg var såleis at sentrum hadde utmanøvrert utkanten. Menneska i utkanten hadde blitt fråteken makta over sitt eige liv, ei makt som bøndene på 1800-talet hadde kjempa for og vunne, men som seinare hadde gått tapt. Makteliten hadde kua utkantane ved at dei hadde fått forkledd valmoglegheiter i saker som ville få varige verknader for dei, då vala vart gjeven utifrå maktelitens premiss. Likeins hadde makteliten brukt ein splitt og hersk strategi, kor utkantane vart sett oppimot einannan i ein konkurranse om å kome på lag med samfunnsutviklinga. Samstundes hadde eliten skapt myter: arbeidarar og bønder vart sett oppimot einannan ettersom dei vart fortalt at bøndene ikkje kunne verte medrekna i eit proletariat, sidan dei hadde eigedomsrett over produksjonsmidlar.

Slik sett vart prognosen ei oppmoding retta åt den intellektuelle eliten. For å unngå kapitalmaktas framtidsveg, kor Noreg ville ende opp som ein utkant i eit integrert Vest-Europa, så måtte ein oppse det konstruerte utkantproletariatet til å sjå situasjonen sin. Om bønder og arbeidarar fann saman i eit utkantproletariat så ville ein hindre kapitalmaktas framtidsveg, sidan

¹¹⁰ Unneberg. 1971. *Grønn sosialisme for utkantproletarer*, 55-56.

¹¹¹ European Economic Community. EEC vart gjerne brukt av EF-motstandarar i samtida.

¹¹² Unneberg. 1971. *Grønn sosialisme for utkantproletarer*, 33-35.

framgangsmåten som makteliten nytta seg av i underkuinga av utkantane ville bli ineffektivt. Ein samla utkant som stod imot sentrum vart i så måte løysinga i Unneberg si problemforståing, kor krav om reell sjølvråderett skulle kjempast fram likeins som bøndene på 1800-talet hadde gjort.

3.2. Hartvig Sætra

Hartvig Sætra (f. 1933 - d. 2004) var lærar og målmann frå Troms, og han hadde engasjert seg i det nyskipa SF sidan 1961.¹¹³ Sætra melde seg på i dugnaden i 1967, og i tida fram til 1969 så ytra han seg i all hovudsak i aviser, og i tidsskrift frå 1970. Det at Unneberg hevda at det hadde vore eit kuppforsøk i dugnaden, var truleg mynta på ei erklæring som Sætra hadde gjort i *Syn og Segn* i 1970: «Eg vågar den påstanden at all norsk populisme, medvite eller umedvite, er sosialistiske rørsler. Derfor er det meir korrekt å snakke om «populismen i sosialismen»».¹¹⁴ Om Sætra krov eit eigarskap til populismen på sosialismen sine vegner i 1970, så kan hovudbidraget hans skjønast som ein freistnad på å framstillta populismen på sosialismen sine premisser.

I føreordet åt hovudbidraget så hevda Sætra at debattboka hadde blitt til etter oppmoding frå forlaget Pax om at han skulle utdjupe populisme. Frå oppmodinga teikna han opp eit bilete av at populismen hadde ein fragmentert karakter i 1971. I tida sidan populismeerfaringas manifest hadde blitt utgjeven, så hadde ikkje populismens tanke-system vorte klårlagt i Sætra si framstilling, og dette hadde leia til at meiningsfellar og meiningsmotstandarar hadde tolka den på ulikt vis. Det gjorde at samtida var ei lagnadstid for populismen, og det var avgjerande å klårleggje populismens innhald for at tankeretninga skulle ha ei framtid.¹¹⁵ Og svaret fann han ved å skape eit samband mellom populismen og ressurs- og miljøspørsmåla.

Sætra skapa sambandsliner til andre framståande talspersonar for populismen i hovudbidraget. Audgunn Oltedal og Ottar Brox vart takka for å ha gjeve han opphav til fleire sentrale poeng i boka, medan Populistiske Arbeidsgrupper i Bergen vart særskilt takka for å ha halde ein studiering om bokutkastet.¹¹⁶ Bjørn Unneberg vart ikkje nemnt med namn. Men Sætra

¹¹³ Rossavik. 2011. *SV*, 49-50.

¹¹⁴ Sætra, «Populismen i sosialismen», 331.

¹¹⁵ Sætra. 1971. *Populismen i norsk sosialisme*, 7.

¹¹⁶ Sætra. 1971. *Populismen i norsk sosialisme*, 8.

hadde indirekte referert til han både i starten og i avslutninga av føreordet: «*Ord som «populisme» og «grønn sosialisme» dukkar oftare og oftare opp i den politiske debatten her i landet. (..) den ekstra-kuløren som gjerne blir kalla «populisme». Etter mitt syn er denne fargen ikkje berre grønn – derfor tittelen på boka.»*.¹¹⁷ Ein kan skjønne Sætra som å rekne med Unneberg i dugnaden, sidan nemninga hans tykkjest å ha vore akseptert i det fyrste kapittelet: «*Det var ein norsk populisme som ikkje må bli forveksla med den latin-amerikanske, og som heller burde få nemninga «grønn sosialisme», (jfr. Bjørn Unneberg).»*.¹¹⁸ På ei anna side kan ein og forstå han som å ha vurdert Unneberg som å ha gjort ei feiltolking av kva populisme var, sidan Sætra ikkje nemnde Unneberg med namn i takkelista. Nemninga grøn sosialisme var akseptabelt, sidan grønfargen kunne likeins symbolisera eit økologisk perspektiv. Unneberg vart såleis ekskludert frå takkelista då grønfargen hadde ei anna tyding for Sætra.

3.2.1 Ein har lenge kjempa mot ein elite i samfunnet vårt

Likeins som Brox og Unneberg hadde gjort, så trakk også Sætra historiske linjer for populismen i Noreg. Sætra brukte det fyrste bokkapittelet til å konstruera ei fortid åt populismen i det norske samfunnet: «*Kva er årsaka til at Norge har blitt ein slags skandinavisk pionér i utforminga av populistiske idéar?»*.¹¹⁹ Med dette utgangsspørsmålet, så trakk Sætra linjer 600 år attende i tida. Og likeins som i Unneberg sin konstruksjon, så vart hovudtemaet utkantanes kamp mot eit sentrum.

Ei fyrste hovudlinje vart trekt inn i det norske bondesamfunnet. Sidan Noreg ikkje hadde vore eit føydalsamfunn, så hadde bøndene ein tidleg fridom frå overherrar, og grunna den så hadde bøndene blitt til ein homogen kultur. Dei fyrste overherrane i konstruksjonen kom til med embetsstanden. Dei forstyrta den historiske linja, då dei representerte ein vesensforskjellig framand kultur som hadde tvinga seg inn i Noreg frå den imperialistiske makta i Danmark.¹²⁰ Embetsstanden sitt inntog var såleis den etablerande historiske erfaringa av eit skilje mellom eit «folk» og ein «elite» i det norske samfunnet i Sætra sin konstruksjon. Ei andre hovudlinje vart trekt inn i bonden sin fridomstrong, som kom til uttrykk på 1700-talet då dei kjempa mot ein elite under Strilekrigen og Lofthusopprøret. Denne linja markerte ein anti-autoritær og ein

¹¹⁷ Sætra. 1971. *Populismen i norsk sosialisme*, 7-8.

¹¹⁸ Sætra. 1971. *Populismen i norsk sosialisme*, 10.

¹¹⁹ Sætra. 1971. *Populismen i norsk sosialisme*, 11.

¹²⁰ Sætra. 1971. *Populismen i norsk sosialisme*, 13.

anti-kapitalistisk kamp som bonden hadde fyrst leia an. Det anti-autoritære festa Sætra til bondens krav om sjølvstyre frå ein framand embetsstand, medan det anti-kapitalistiske låg i stridigheiter mot ein privilegert handelsstand.¹²¹

På 1800-talet så hadde einsskilde i eliten byrja å tale dei underprivilegerte si sak. Stortingsmannen Søren Jaabæk (f. 1814 – d. 1894) vart framstilt som eit førebilete for populistane, då han vart tildelt ei samfunnsforståing kor bønder og arbeidarar hadde samanfallande interesser. Med ei tildelt rolle av å vere talsmann for lokalsamfunna, så vart Jaabæk framstilt som ein forgjengar både for statsminister Johan Nygaardsvold og for Ottar Brox.¹²² Fellestrekket åt dei i konstruksjonen var at dei hadde talt heile lokalsamfunnas sak, då dei hadde forstått lokalsamfunnas utfordringar som å ha vore viktige å løyse.

Den gjennomgåande utfordringa for lokalsamfunna var kampen for likskapsverdien - som Sætra framstilte som å ha vore ein grobotn for populismen i samtida hans. Gjennom historia hadde krefter utanfor lokalsamfunna utfordra likskapen som fråværet av erfaringa av eit føydalsamfunn hadde gjeve dei. Den fyrste krafta var såleis ein framand elite, representert av embetsstanden. Den andre krafta var samfunnsutviklinga frå starten på 1900-talet. Den industrielle revolusjonen vart framstilt som eit elitedriven prosjekt kor borgarklassa dyrka kapitalismen på kostnad av lokalsamfunna. Kostnaden kom av at likskapen som Sætra meinte var i dei vart underminert, ettersom samfunnsutviklinga hadde skapt sosiale lagdelingar i lokalsamfunna ved at eit fåtal fekk makt på kostnad av fleirtalet.¹²³

Dei historiske linjene var såleis ein freistnad på å framstilla populismen som å ha vore ei forlenging av motkulturelle rørsler. Det heile byrja med bøndene si fridomstrong på 1700-talet, som gjekk til aksjon mot elitens undertrykking. Framover i den historiske linja hadde eliten sameint seg om eit utviklingsprosjekt, som representerte ein liknande utfordring som bøndene på 1700-talet hadde stått ovanfor: faren for at likskapsverdien i lokalsamfunna skulle forsvinne. Utfordringane for lokalsamfunna i dei historiske linjene var såleis konstante, og dei hadde det til felles at dei vart tilført lokalsamfunna utanfrå av eit sentrum. Den historiske konstruksjonen vart i så måte lik båe hjå Sætra og Unneberg: fridom og likskap var dei store temaa som stod på spel i den historiske utviklinga, og lokalsamfunna hadde tidlegare reagert mot eliten. Som ei

¹²¹ Sætra. 1971. *Populismen i norsk sosialisme*, 18.

¹²² Sætra. 1971. *Populismen i norsk sosialisme*, 19-20.

¹²³ Sætra. 1971. *Populismen i norsk sosialisme*, 21-22.

forlenging av dei historiske linjene, så var lokalsamfunna framleis utfordra av eit sentrum i samfunnsdiagnosen hans av samtida.

3.2.2 Lokalsamfunnas problem er større enn skarve maktrelasjonar

Som Brox og Unneberg før han, så såg Sætra det som eit grunnleggjande problem at lokalsamfunna var utnytta av sentrum. Samstundes endra samansetnaden seg i Sætra si problemforståing framover i tid. Som Østerberg hadde etterlyst i 1966, så vart kapitalismen forstått som hovudårsaka til dei diagnostiserte samfunnsproblema hjå Sætra. Men problemets omfang vart forstått frå eit økologisk synspunkt.

I 1967 hadde Sætra lest professor Georg Borgströms teoriar om ei framtidig verdsomfattande mat- og ressurskrise, og kapitalismen var hovudårsaka for den varsla krisa sidan den kapitalistdrivne samfunnsutviklinga var avhengig av avgrensa naturressursar. Om samfunnsutviklinga skridde fram på kapitalismens premiss, så ville ressursane bli oppbrukte i framtida.¹²⁴ Endringa av samansetnaden i problemforståinga hende i tida 1970 til 1971, ved at lokalsamfunnas sjølvstendigheit gjekk frå å ha vore sidestilt til å bli underordna økologiske omsyn. Sidestillinga som låg i problemforståinga vart uttrykt i 1970: «*Det er naturleg for populisten å prioritere biologi og samfunnsvitskapar framfor økonomi og teknologi. (...) Kampen for lokalt og nasjonalt sjølvstyre vil ofte vere sentral for populistane.*».¹²⁵ Sætra gav populisten ei annleis haldning til kunnskapar enn det som Brox hadde gjeve populisten i 1966. Nokre vitskapar skulle prioriterast, medan andre skulle nedprioriterast. Som ei forlenging av haldninga så nytta han eit tverrfagleg perspektiv frå biologien og samfunnsvitskapane til å argumentere for kvifor det vart viktig for populisten at lokalsamfunna hadde sjølvstyre.

Lokalsamfunna var ikkje sjølvstendige i meininga at dei vart utnytta av sentrum. For å forklare samanhengen tok Sætra i bruk André Gunder Franks metropol/satellittmodell til å illustrere korleis dei norske lokalsamfunna var underkua av sentrum. Underkinga skjedde ved at lokalsamfunna var alle ein del av eit større satellitt-nettverk som metropolen hadde omgjort til å bli ressursleverandørar, både når det gjaldt menneskelege- og naturressursar.¹²⁶ Slik sett

¹²⁴ Sætra, «Mat for milliarder».

¹²⁵ Sætra, «Populismen i sosialismen», 332.

¹²⁶ Sætra. 1971. *Populismen i norsk sosialisme*, 31-32. I fotnote på side 29 gjev Sætra opplysning om at bokas kapittel 2 «Norsk politikk etter Borgström» stamma frå ein duell mellom han og senterpartipolitikaren Hans Borgen i Det norske studentersamfunn den 12.10.1968.

gav Sætra tilslutnad åt Brox og Unneberg. Sentrum og utkant hadde ein asymmetrisk maktrelasjon, og populistane måtte såleis fokusera på sentrums utnytting av lokalsamfunna.

I 1971 hadde Sætra endra meining slik at lokalsamfunnas sjølvstendigheit vart underordna: «*Problemet for ein norsk sosialist/populist blir ikkje dei snaue makttilhøve, klassekampen og «deling av samfunnskaka».* Han må i høgste grad interessere seg for korleis vi kan økonomisere med livsgrunnlaget.»¹²⁷ Populistane skulle altså fokusera på korleis ein skulle skape ein ansvarleg samfunnsutvikling inn i framtida, sidan ein måtte ha ansvarskjensle for framtidens generasjonar.¹²⁸ Sagt på ein anna måte så fekk han ei solidaritets- og samhaldsmedkjensle med framtidsmenneska. Lokalsamfunna ville i så måte vere sentral å skape ein økologisk balanse i framtida, som innebar at lokalsamfunna sin struktur måtte ivaretakast.

I så måte ligg Sætra sitt eigarskapskrav i populistane si haldning ovanfor lokalsamfunna. Fridomskamp betydde ikkje at ein skulle kjempe for lokalsamfunnas medråderett i dei sakene som ville ha konsekvensar for dei, som Unneberg meinte. Fridomskamp betydde at ein skulle kjempe for framtidsmenneskas valfridom. Snaue makttilhøve i samtida vart i så måte underordna, sidan lokalsamfunnas eksistens vart ein føresetnad for at populistane si ansvarskjensle for framtidsmenneska kunne bli oppfylt. Om ein ikkje hadde lokalsamfunn i framtida, så ville ein ikkje oppnå ein økologisk balanse ettersom ein sentraliseringsprosess hadde brukt opp naturressursane. Sagt på ein anna måte så fekk ikkje lokalsamfunna valmoglegheit av Sætra i 1971: dei vart lova ein eksistens i framtida mot at dei underordna seg ein økologisk balanse. Prognosen for lokalsamfunna om ein ikkje tok høgde for økologiske omsyn, illustrerte han med hjelp av teknokraten.

3.2.3 Teknokraten utarma lokalsamfunna med imperialistisk appetitt

Den fyrste gongen at Sætra skildra teknokraten var i ein artikkel i *Dag og Tid* i 1968.¹²⁹ Store delar av denne teksten utgjorde eit eige kapittel i hovudbidraget, kor den vart namngjeven som ei tidleg populistisk prinsippfråsegn.¹³⁰ Samstundes understrekte han at prinsippfråsegna frå 1968 var i det heile subjektiv, då han vurderte seg sjølv som ikkje å ha hatt eit tilstrekkeleg oversyn over andre populistars problemforståing. Likevel teikna Sætra opp meiningsfeller elles

¹²⁷ Sætra. 1971. *Populismen i norsk sosialisme*, 191.

¹²⁸ Sætra. 1971. *Populismen i norsk sosialisme*, 173.

¹²⁹ I artikkelserien «Norsk politikk etter Borgstrøm», den 05.12.1968 og den 14.12.1968.

¹³⁰ Sætra. 1971. *Populismen i norsk sosialisme*, 28-29.

i samfunnet: «*Men eg trur i alle fall å vite at desse synsmåtane står sterkt innan mitt eige parti, SF.*».¹³¹ Dimed vart karakteriseringa hans av teknokraten frå 1968 framleis relevant for han i 1971, ettersom han teikna opp meiningsfeller som slutta opp om kapittelets innhald i 1971.

Skildringa av teknokraten gav tilslutnad til både Brox og Unneberg. Teknokraten var som ein intrigemakar som såg på samfunnet som ei maskin, driven og forsterka av teknologi og vitskap. Denne haldninga fekk meining ved at Sætra la til grunn at det norske samfunnet var inne i det som han kalla for ein teknologisk revolusjon. Ved å trekke på den historiske parallellen den industrielle revolusjonen, kunne Sætra gjere dei som vart lidande under teknokratens verksemd til kjenne. Det var den alltid lidande bonden som fekk hovudrolla i problemforståinga, likeins som hjå Unneberg. Under den industrielle revolusjonen hadde eliten utnytta arbeidaren for å skape det naudsynlege økonomiske overskotet for å halde utviklinga i gang. Det same utnyttinga vart gjort av eliten i den teknologiske revolusjonen og, men no vart profitten henta ut frå primærnæringa.

Teknokraten vart ein intrigemakar ved at han hadde manipulert arbeidaren under den teknologiske revolusjonen. Arbeidaren vart tilbudd auka kjøpekraft, og teknologiske framsteg innan massemedia hadde gjort arbeidaren til ein passiv livsnyter som korkje hadde overskot eller tid til å reflektere over sin plass i det større biletet:

Både hos arbeidarar og intellektuelle blir samfunnskritikk eit elitefenomen, og dermed ufarleg. Det har lyktast å få dei fleste til å tenke i tariffar og prisar, og derfrå er ikkje vegen lang til ei usolidarisk innstilling overfor andre samfunnsgrupper, som t.d. fiskarar og bønder. (...) bønder med ganske stor eigendom er langt meir proletariserte enn dei fleste fagarbeidarar.¹³²

Sætra såg seg sjølv om ein myteknuser. Likeins som Unneberg hadde gjort, så framstilte han eliten som å nytte ein splitt og hersk strategi for å hindre solidarisk samhald mellom samfunnsklassane. Ein ulikskap låg i motivet som eliten fekk tildelt. Unneberg tildelte sin elite eit samtidsmotiv som dreia seg om å halde på makta. Dimed vart teknokraten sitt motiv i det heile avgrensa til innafor Noreg sine grenser – Unneberg sin teknokrat var fyrst og fremst oppteken av å hindre at massen kunne sameine seg.

Sætra sin prognose vart knytt mot teknokratens tildelte motiv, som fekk eit globalt siktemål som omfamna samtid og framtid. Teknokraten sitt framtidige siktemål var eit globalt

¹³¹ Sætra. 1971. *Populismen i norsk sosialisme*, 28.

¹³² Sætra. 1971. *Populismen i norsk sosialisme*, 31-32.

teknologisert velferdssamfunn med overnasjonale regjeringar¹³³ kor produksjonen var blitt automatisert og menneska som arbeidskraft hadde blitt overflødig. Menneska si lediggang ville bli kompensert ved å bli underhaldd med materielle gode, og det å sentralisere menneske og produksjon i samtida vart ein naudsynleg føresetnad.¹³⁴ Dimed ville teknokratens motiv leie til inhumane konsekvensar i lokalsamfunna i framtida. Kombinasjonsyrke vart gjort umogleg, ettersom sentraliseringa ville gjere lokalsamfunna mindre attraktive å busetje seg i. Dei få bøndene som vart att fekk eit einsemd tilvære: «*Dei skal bu i lag med førhaustarar (sic.) og traktorar i bygder som har opphørt å vere samfunn og er reduserte til indre koloniområde i metropolen.*».¹³⁵ Metropolar og satellittar vart dimed kombinert med eit imperialistisk perspektiv for å tildele teknokraten haldningar og planar ovanfor lokalsamfunna.

Den imperialistiske teknokraten var såleis ei vidareføring av dei historiske linjene som Sætra hadde konstruert. I fortida hadde eliten freista å påtvinga dei egalitære lokalsamfunna ein framand kultur frå eit imperialistisk sentrum i Danmark. I samtida freista eliten å utvinne så mykje ressursar som mogleg frå lokalsamfunna, slik at dei ikkje vart berekraftige – menneskelege- som naturressursar. I så måte vart teknokraten som ein imperialistisk overherre med appetitt.

I det heile så delte Sætra si forståing av dei undertrykka i samfunnet likskapar med Unneberg. Bøndene vart framstilt som ei samfunnsgruppe som opphavleg var frigjorte i fortida, men fridomen hadde blitt utfordra av ein framand elite i fortida og i samtida. På sett og vis vart bøndenes framtid dystert sett i forhold med arbeidaren: bonden ville bli isolert frå resten av samfunnet som ein råvareleverandør i eit einsemd tilvære. Arbeidaren på si side hadde ikkje solidaritetskjennele med bonden, då den teknologiske revolusjonen hadde gjeve dei materielle gode som demma opp for misnøye. Det fyrste steget for populisten vart i så måte å skape solidaritet og samhald mellom arbeidarar og bønder i samtida, som ville gjeve føresetnadar for at lokalsamfunna kunne bevarast, som igjen ville gjeve føresetnadar for solidaritet for framtidsmenneska etter økologiske omsyn.

Populisten vart såleis ein planleggar hjå Sætra, likeins som teknokraten var. Medan teknokraten planla og la til rette for ein framtidig global velferdsstat, så skulle populistten planleggje for ei framtid i økologisk balanse. Sagt på ein annan måte så skulle populistten snu ei

¹³³ Sætra brukte metaforen Lyn Gordon: utviklingsoptimisme vart gjerne uttrykt i populærkultur med førestillingar av framtida som teknologisk fullkomne. Teknokraten sitt tildelte framtidssyn er som teken rett ut frå samtidas teikneseriar.

¹³⁴ Sætra. 1971. *Populismen i norsk sosialisme*, 30-31.

¹³⁵ Sætra. 1971. *Populismen i norsk sosialisme*, 34.

ressursøydande samfunnsutvikling mot ei berekraftig utvikling. Og snuoperasjonen skulle byrje med lokalsamfunna då eksistensen deira ville hindre teknokratens strategi: frigjorte lokalsamfunn ville redusere teknokratens imperialistiske ressursutarming, som igjen ville døyve sentraliseringa, som igjen ville sikre framtidsmenneskas livsgrunnlag.

3.3 Populistiske Arbeidsgrupper i Bergen

Populistiske Arbeidsgrupper i Bergen, frå no avkorta til PAG, vart skipa i februar 1971 ved Universitetet i Bergen av ei gruppe studentar som hadde lagt ned Studentvenstrelaget. Studentmiljøet i samtida har i i ettertida vorte skildra som å ha hatt ein atmosfære av politisk oppvakning. Konservative og radikale synspunkt skapte spenningar mellom studentar, og det var ei tid kor ein retta kritiske blikk på samfunnet utanfor fakultetsområda. Atmosfæren gav ein grobotn for at andre verdiar enn dei gjengse elles i samfunnet vart løfta fram, og materielle gode vart forstått som å ikkje naudsynlegvis leie til at mennesket fekk betre livskvalitet. Populisme hadde fenga blant einskilde studentar sidan 1970, og etter at det konservative styret i Studentersamfunnet vart tvungen til å gå etter mistillitsforslag om våren 1970, var det mellom populistar, sosialistar og kommunistar at maktkampen stod. Populistane vann makta om hausten i 1970, og tapte den att om våren i 1971 til marxist-leninistane i *Rød Front*.¹³⁶

Populistane i PAG markerte seg som eit populistisk kraftsenter hausten 1971, då dei publiserte eit stensilert artikkelhefte med tittelen *Bidrag til debatten om populisme*. Som eit nyskipa populistisk lag, så var ikkje PAG ute etter å krevje ei definisjonsmakt for alle populistar: «*Som tittelen antyder er det ikkje meininga å presentere ferdige konklusjonar, som skal stå fast til evig og alltid. Tvert om vonar vi at heftet skal setje fart i debatten om populismen både i og utanfor laget.*».¹³⁷ PAG freista å skape seg ein sjølvstendig plass i dugnaden, i samband med at dei omtalte Ottar Brox og Hartvig Sætra som sine «*patriarkar*» i føreordet.¹³⁸ Det sjølvstendige vart såleis skapt ved at PAG poengterte at artiklane i heftet var skriven av studentane sjølve, og

¹³⁶ Nupen og Losnegård, 2000, *Ordet er fritt!*, 74, 80, 86-87, 90 og 92.

¹³⁷ Ukjend, «Forord», 2.

¹³⁸ Patriarkar er skriven med hermeteikn i teksten. Truleg brukte PAG patriarkar ironisk, samstundes meiner eg at problemforståinga til PAG har nære sambandslinjer til både Brox og Sætra – såleis kan ein og forstå PAG i 1971 som å bruke hermeteiknet for å markere at ordet skil seg ut frå resten av teksten.

ikkje av Brox eller Sætra. Likeins understrekte PAG i føreordet at heftet var eit uttrykk for korleis «vi» forstod populismen.¹³⁹

PAG sitt hovudbidrag i den konstruerte intellektuelle dugnaden var boka *Norsk Populisme* (1972) utgjeven på Det Norske Samlaget. Sidan boka vart gjeven ut med eit forlag, vart den tilgjengeleggjort til ei større lesarskare – med det så er den hovudbidraget deira i dugnaden. Likeins som i føreordet i *Bidrag* året i førevegen, så tok PAG dei same atterhalda i 1972: «Populistiske Arbeidsgrupper i Bergen har ikkje laga nokon kort definisjon av populisme.»¹⁴⁰ Forklaringa til PAG for å ikkje gjere det var at populisme var under utvikling, eller populistane var i ein dugnad om ein vil. Såleis var boka ei arbeidsbok for det vidare dugnadsarbeidet.

3.3.1 Teknologien undertrykker menneska

Problemforståinga åt PAG var frå starten samansett av teknologi, fridom og maktelitens myter, og den vart knytt saman med eit skilje mellom to samfunnstypar. Den fyrste typen kalla dei for eit målretta samfunn, som hadde evne til å justere samfunnsutviklinga mot det målet som var blitt fastsett. Den andre typen kalla dei for eit deterministisk samfunn, som var handlingslamma ovanfor samfunnsutviklinga mot det fastsette målet. Det deterministiske låg i at det var førehandsutvalde lover som dreiv utviklinga, som resulterte i at det vart umogleg å justere kursen undervegs. Det norske samfunnet karakteriserte PAG som ei utgåve av den deterministisk samfunnstypen, og det gjaldt for dei å endre det norske samfunnet til å bli ein målretta samfunnstype. Dei såg på brorparten av dei politiske ideologiane i Noreg som å ha latt den teknologiske utviklinga gå sin gang for å oppnå dei måla som ein hadde satt seg – om det var for å auke kjøpekrafta, eller om det var for å oppfylle eit kommunistisk samfunn.¹⁴¹ Dermed var det norske samfunnet i PAG si problemforståing underlagt teknologien, som vart dyrka på tvers av ideologiar. Denne forståinga av det norske samfunnet leia PAG til å forstå populistane som å vere den einaste som ynskte å endre det deterministiske samfunnets fastsette lovar.

I PAG sin diagnose så hadde teknologien blitt innlemma med kapitalismen, sidan teknologiens frie utvikling gav avkastningar som tente kapitaleigarane. Denne vekselverknaden leia til at menneskas behov hadde blitt underlagt teknologiens frie utfalding, ettersom det arbeidande

¹³⁹ Ukjend, «Forord», 2.. Understrekinga under «vi» forstår eg som ei sjølvstendeerklæring.

¹⁴⁰ Redaksjonskomitéen. 1972. «Føreord», 7.

¹⁴¹ Aarsæther, «Målsetjing», 1-4.

mennesket hadde blitt redusert til ein komponent i produksjonsprosessens samleband og hindra i å bruke alle sine evner. Såleis vart det eit konfliktforhold mellom menneska og teknologien.¹⁴² Slik sett fekk populistene eit humant perspektiv på den teknologiske utviklinga. Menneska skulle frigjerast frå teknologiens klamme hand. Likevel vart det å avvike den teknologiske utviklinga kontraproduktivt, sidan samfunnet hadde blitt avhengig av den. PAG tok såleis ein pragmatisk posisjon, som ei forlenging av kjenneteikna som dei hadde gjeve den målretta samfunnstypen som dei ville oppnå. Det vart såleis eit spørsmål om å justere utviklinga ved å endre prioriteringsrekkefølga, kor menneskets behov skulle kome føre teknologiens behov.

PAG forstod teknologiens undertrykking av menneska som å ha blitt oppretthaldt av ein elite. Likeins som i problemforståingane åt Unneberg og Sætra, så hadde eliten skapt myter. Men medan eliten sin myteskaping hadde vore retta mot lokalsamfunn, arbeidrarar og bønder hjå Unneberg og Sætra, så meinte PAG at den hadde vore retta mot heile det norske samfunnet: *«Mytologisering skjer når ein framstiller ein faktisk situasjon på eit slikt vis at det ser ut som om at han er identisk med ønskemålet.»*¹⁴³ Den deterministiske samfunnstypen, som PAG meinte kjenneteikna det norske samfunnet, vart såleis oppretthaldt av eliten. Dei hadde overttydd massen om at samfunnskonfliktar var løyste, og at teknologiens prioritering over menneskas behov var ein naudsynlegheit for at menneskas behov skulle verte sikra. Sidan eliten hadde fastsette lover som ikkje kunne endrast i samfunnsutviklingas gang, så måtte dei gjeve eit inntrykk av at den ville gjeve menneska gode. Såleis, hevda PAG, fekk eliten definisjonsmakta over menneska si forståing av samfunnsutviklinga, og PAG såg det som si rolle å utfordre denne makta med å tilby alternative samfunnsanalysar.

3.3.2 Kunnskapane våre må gjerast tilgjengeleg for «folket»

Det å utfordre eliten sin definisjonsmakt over samfunnet vart vidareført av PAG i 1972. I hovudbidraget hevda dei å ha eit syn på samfunnsanalysar som ingen andre delte elles i det norske samfunnet:

Teorien må kunne tåle å «møte» kvardagen om ikkje politikken berre skal bli romantisering av eins eigen teori, fastlåst på førehand. Det er med andre ord nødvendig å skilje seg frå den evige

¹⁴² Aarsæther, «Målsetjing», 4-5.

¹⁴³ Aarsæther, «Målsetjing», 9.

teoretiserande mindretalsgruppe – overklassen på venstrefløyen. Analysane og problemstillingane må ikkje lenger vere eit fåtals eigeidom. Dei må frigjerast og bli felleseige, brukande for fleirtalet.¹⁴⁴

Utfordringa innebar såleis at kunnskapar skulle demokratiserast, i meininga at dei skulle gjerast tilgjengeleg for massen, både i høve til språk og til framstilling. Sagt på ein anna måte så skulle ikkje samfunnsanalysane vere skapt av ein elite for ein elite. Med eit perspektiv om at mennesket skulle ha anledning til å skape sin eigen levelege kvardag, så skulle populistene vere ein kunnskapsleverandør åt massen – og ikkje ein kunnskapsleverandør for sentralmakta, som populistene skulle vere i Brox si forståing.

Slik sett vart populistene ein kunnskapselite, som stilte seg open til at dei teoretiske forståingane som ein hadde av samfunnet burde endrast ettersom samfunnsutviklinga skridde fram. Dette skilde PAG frå andre kunnskapselitar - det vil seie «*overklassen på venstrefløyen*». Dei skulda dei andre kunnskapselitane for ein rigiditet som sette grenser for eins tilpassingsevne. Sagt ein anna måte så gjorde PAG grensedragingar åt rettruande marxistar likeins som åt teknokratar. Dette vart ei forlenging frå atterhaldet som PAG hadde gjort i føreordet til hovudbidraget: populismen kunne ikkje vere eit rigid grunnsyn. Om den vart det, så ville populistane sjølve bidra til å oppretthalde det deterministiske samfunnet som dei ville endre, ettersom dei då vart ute av stand til å tilpasse problemforståinga si i møte med dei samfunnsproblema som måtte dukke opp i samfunnsutviklingas gang.

Det at PAG skulle vere kunnskapsleverandørar for massen vart såleis eit grep for å skape seg troverd. Medan Unneberg og Sætra hadde freista å skape troverd åt populistene ved å trekkje linjer bakover i historia, så var det ikkje frå fortida at PAG freista å hente den frå. Det var heller frå at massen skulle få delaktigheit i ein kunnskapselites problemforståing og løysingar, som gjorde at massen kunne bli ein kontrollinstans for populistene. Frå denne involveringa så kunne populistene vinne seg ein legitimitet som kunne brukast for å legitimere dei løysingane som vart føreslegen, sidan populistene vart i stand til å påkalle seg massens legitimitet.

Den problemforståinga som PAG ynskte å gjere tilgjengeleg for massen i 1972 trakk inspirasjon frå populismeerfaringas manifest. Under tittelen «*Kva skjer i Noreg?*», så utgjorde namngjevinga deira av det norske samfunnet som eit deterministisk samfunn, eit rammeverk for samfunnsdiagnosen. Det som hendte i Noreg var at massen ikkje såg dei egentlege

¹⁴⁴ Time, «Nye politiske skiljelinjer i Noreg», 9.

samfunnsproblema. Makteliten hadde lært opp befolkninga til å forstå samfunnet som eit fritt og demokratisk velstands- og velferdssamfunn, kor staten forvalta befolkningas fellesinteresser.

Det som massen ikkje såg var at samfunnet var eit industrisamfunn med eit kapitalistisk økonomisk system, kor sentralisering, teknokrati og byråkrati var i vekst. Massen vart såleis eit middel, ein produsent og ein forbrukar – eit passivt og utnytta individ i eit samfunnssystem kor produksjon og profitt vart gjort til eit mål i seg sjølv.¹⁴⁵ Altså så hadde forbrukarsamfunnet redusert individets fridom til å ha kontroll over sin eigen kvardag, sidan fridomen låg i retten til å kjøpe og velje mellom materielle gode. Slik sett såg PAG på seg sjølv som å avdekka myter. Forbrukarsamfunnet hadde underkua massen, og makteliten gav dei ei falsk fridomsoppleving. For PAG gjaldt det å humanisera samfunnsforståinga, baa i høve til utgangsperspektiv for samfunnsanalysar, likeins som i høve til kven dei privilegerte og dei underprivilegerte i samfunnet var.

Overtydinga om at eit grunnsyn ikkje måtte bli rigid vart utslagsgjevande for kven dei underprivilegerte i samfunnet var for PAG. Den tradisjonelle sosialistiske klasseforståinga, kor eins eigarforhold til produksjonsmidla vart utslagsgjevande for eins tilhørsle, danna eit utgangspunkt for dei. Samstundes vart nettopp denne klasseforståinga rigid, ettersom det norske samfunnet hadde endra seg etter den industrielle revolusjonen då den vart formulert. Dermed var det ikkje opplagt for PAG kven som ein skulle rekne som å vere underprivilegert:

Kva med bønder, småbrukarar og fiskarar som etter dette tilsynelatande skulle stå i motsetnad til arbeidarklassen? (...) Og er arbeidarklassen så heilskapleg? Kva med skiljet mellom høgtlønte og lågtlønte eller mellom framandarbeidarar og dei nasjonale? Kva med skuleungdom/studentar? Kva med høgare funksjonærar (som også sel si arbeidskraft) ?¹⁴⁶

Svaret låg i at ein også måtte rekne inn kvalitative menneskerettar for å finne dei underprivilegerte i samfunnet. I PAG sin diagnose så vart kapitalismen forstått som å truge kvalitative verdiar åt menneska i samfunnet. Dimed vart oppdelinga mellom dei privilegerte og dei underprivilegerte gjort utifrå kven som vart forstått som å tene eller tape på samfunnsutviklinga.¹⁴⁷ Dei kvalitative verdiane som PAG ville bruke for å peike på dei underprivilegerte, vart samanknytt med diagnosen og prognosen av kapitalismens verknad i det norske samfunnet.

¹⁴⁵ Time, «Nye politiske skiljelinjer i Noreg», 9-12.

¹⁴⁶ Time, «Nye politiske skiljelinjer i Noreg», 13.

¹⁴⁷ Time, «Nye politiske skiljelinjer i Noreg», 13-14.

3.3.3 Kapitalismen underkuar heile samfunnet

I avslutningskapittelet til hovudbidraget så samanfatta PAG problemforståinga si, og to samfunnsforståingar vart sett opp mot einannan for å illustrera ulikskapane mellom populistene og makteliten. I makteliten si forståing var det ei semje om at samfunnsutviklinga som Noreg fann seg i var til alle sin fordel. Velstandsauke hadde gjort interessemotsetnader og klasseskilnader avleggs: dei tradisjonelle partipolitiske motpolane DNA og Høgre var samde om at den gjeldande utviklinga var den rette, sidan befolkninga ikkje svalt og at dei hadde fått metta dei materielle behova.¹⁴⁸

For populistene var makteliten si forståing ein myte då menneska hadde byrja å sjå tilværet sitt som umenneskeleg, som var forårsaka av at menneska vart vurdert utifrå kapitalismens verdiar. Sosiale og økonomiske problem hadde kome til syne hjå dei menneska som ikkje oppfylte effektivitetskrava i samfunnsutviklinga. I byane hadde bustadmangel og forureining frå industri og biltrafikk gjort levevilkåra ringare. I utkantane hadde sentraliseringa gjeve menneska lengre reiseavstandar, som hadde innskrenka valfridomen åt utkantmenneska ettersom ein ikkje kunne busetje seg der ein ynskte.¹⁴⁹

PAG si problemforståing vil eg såleis nemne som kapitalismens grep over menneskas røyndomsoppfatning. Grepet låg i at den kamuflerte dei ringare levevilkåra åt menneska. Sentralmynda bøta på dei negative verknadane av den og forstod dei som tilfeldige verknader, og såg såleis ikkje kvifor dei hadde oppstått i utgangspunktet. I PAG sitt syn så dreia kapitalismens grep om menneska seg om ei overdriven utviklingsoptimisme, som hadde trekt eit slør over samfunnet som i det heile hadde gjort framtidsvisjonar til illusjonar:

Det som har skjedd, er at politikken er vorten avpolitisert av di ein har gjort det vesentlege spørsmålet «Korleis skal vi forme vår framtid»? til eit meiningslaust spørsmål å drøfte. Framtida er gitt fordi utviklinga er gitt. Marx kalla religionen opium for folket. I dag tykkjest *utviklinga* ha vorte opium – både for politikkarar og veljarar. Den er lagnaden ein bøyer seg for og innrettar seg etter.¹⁵⁰

Opiumet utviklinga hadde lamma menneska. Den hadde gjort dei ute av stand til å sjå kapitalismen som årsaka til samfunnsproblema. Såleis gjorde PAG teknokraten uvesentleg i problemforståinga si. Dei, likeins som massen, vart alle eit offer for kapitalismen. Likeins som det vart halvhjarta å kritisere sentralmyndas handtering av samfunnsproblema, kor spreidde

¹⁴⁸ Oltedal, «Populismen i norsk politikk», 155.

¹⁴⁹ Oltedal, «Populismen i norsk politikk», 156.

¹⁵⁰ Oltedal, «Populismen i norsk politikk», 157.

tiltak lappa problema, så vart det like så mykje halvhjarta å kritisere teknokraten. Med å gjere det, så ville populisten ha retta merksemda mot delproblem: menneska var under påverknad av utviklingsopium, og om ein hadde inkludert teknokraten som ein sentral del av problemforståinga, så ville også populisten ha nytta seg av lappesaker.

I så måte vart kapitalismen kjernen i problemforståinga åt PAG, då den var årsaka til menneskets lidningar i samtida og i framtida. I samtida vart kapitalismen eit demokratisk problem, sidan menneska sin rett til å rå over sin eigen kvardag vart hindra. Dette innebar at mennesket skulle ha medraderett i produksjonsprosessen, i meininga at arbeidstakarane skulle vere med på å avgjere arbeidsvilkåra, kva ein skulle produsere samt kva fortienesta skulle brukast til. Med dette så framstilte PAG seg som å vide ut forståinga av menneska sin medraderett ved å inkludere økonomiske rettar, i motsetnad til makteliten som vart framstilt som å avgrensa seg til politiske rettar som røysterett og ytringsfridom.¹⁵¹

I prognosen ville kapitalismen vere årsaka til ei framtidig økologisk undergang for alle menneska. Det kapitalistiske samfunnet hadde vorte tufta på produksjon som var avhengige av ikkje-fornybare ressursar. Sidan samtidsmennesket hadde kunnskapar som tilsa at samfunnsutviklinga i samtida ville ta brodden ut av livsgrunnlaget åt framtidsmenneska, så vart det ein moralsk plikt for populisten at ein i samtida skulle gjere endringar.¹⁵²

I PAG sitt syn så var populisten ein systemkritisk anti-kapitalist. Sidan problemforståinga innehaldt eit skilje mellom det som dei kalla for eit målretta samfunn og eit deterministisk samfunn, så vart det mogleg for PAG å trekkje grenser mot andre systemkritikarar. Det dei alle delte var at dei retta kritikken mot tankegangen som låg bak samfunnsutviklinga. Skiljet låg i om ein posisjonerte seg innafor eller utanfor det deterministiske samfunnet. Det vil seie om systemkritikaren si omforming av samfunnet tok utgangspunkt i ein fastsett plan som ikkje kunne endrast gjennom tida, eller om planen kunne justerast i utviklingas gang. Som ei forlenging av kravet om at eins grunnsyn ikkje skulle verte rigid, så hadde PAG logisk nok eit særmerkt syn på kapitalismen. Det at den måtte avskaffast for å endre prognosen vart ikkje til ei sjølvsagt sanning for dei. Ein skulle heller skape ei ålmenn forståing for årsakene til at den måtte det.¹⁵³ Slik sett så omfamna PAG både problemforståinga åt Unneberg likeins som

¹⁵¹ Oltedal, «Populismen i norsk politikk», 160-161.

¹⁵² Oltedal, «Populismen i norsk politikk», 158-160.

¹⁵³ Oltedal, «Populismen i norsk politikk», 161-164.

problemforståinga åt Sætra.¹⁵⁴ PAG tok inn maktrelasjonsperspektivet for å illustrera korleis kapitalismen kua menneska i samtida, då den reduserte fridomen åt menneska til å ha råderett over sin eigen kvardag. Det økologiske perspektivet vart teken inn i høve til prognosen for å illustrera at den kapitalistiske samfunnsutviklinga var basert på ei ressursutvinning som ville redusera levekåra åt framtidsmenneska.

3.4 Populistane som humane kunnskapsleverandørar

For å samanfatte, i tida 1966 til 1972 såg populistane seg sjølve som kunnskapsleverandørar. Dette var ein kontinuitet i den intellektuelle eliten si sjølvforståing som vart danna med populismeerfaringas manifest i 1966. I dette sambandet så meinte populistane at dei gjorde dei menneskelege lidingane i samfunnsutviklingas gang til kjenne, om enn lidingane hendte i samtida eller om dei ville hende i framtida.

Samstundes ligg det eit brot når det gjaldt til kven populisten skulle levere kunnskapane til. I 1966 forstod populisten seg sjølv som å tilby ein alternativ samfunnsanalyse åt sentralmakta – som naudsynlegvis vil innebere at populisten var overtydd om at samfunnsendingane skulle gjennomførast gjennom statsforvaltninga. I tida etter hadde populisten gjeve opp sentralmakta og vendte seg til dei som populisten forstod som å ha vore dei undertrykka i samfunnet. Slik sett gjekk populisten si sjølvforståing frå å vere sentralmaktas alternative kunnskapsleverandør, til å bli «folkets» kunnskapsleverandør – i meininga at «folket» var dei som på ein eller anna måte ikkje fekk fordelar av samfunnsutviklinga.

Dette brotet var mogleg forårsaka av tilførsla som Østerberg gav i 1966. Kapitalismen var hovudårsaka i samfunnsdiagnosen hjå den intellektuelle eliten, men den fekk ulik verknad alt ettersom kva for eit perspektiv ein såg den i. Bjørn Unneberg sitt utgangsperspektiv var eintydig maktrelasjonar, medan Hartvig Sætra gjekk frå ein kombinasjon av maktrelasjonar i samtida og økologiske omsyn for framtida, til å reindyrka det sistnemnde. I så måte kom PAG inn i ein

¹⁵⁴ Det er rimeleg at problemforståingane åt Sætra og Unneberg hadde sirkulert i PAG-miljøet. I *PAG-avisa* nr. 3, 1971, vart det trykt ein bokomtale av *Grønn sosialisme*, kor omtalen vektla Unneberg sitt resonnement for å skilje mellom ein raud og ein grøn sosialisme. På framsida av det same nummeret hadde Sætra fått trykt artikkelen «*Populismen – ein framtidretta politisk ideologi?*», kor han argumenterte for at all politikk måtte baserast på økologiske omsyn. Sætra hadde og takka Audgunn Oltedal, likeins som PAG, i føreordet av *Populismen i norsk sosialisme* (1971).

mellomposisjon mellom Unneberg og Sætra: kapitalismen var for dei årsaka til menneskas fridomsrøving både i eit samtids- og i eit framtidsperspektiv.

Fridomstrong blir i så måte ein andre kontinuitet i den intellektuelle eliten si sjølvforståing. Menneskas fridom vart forstått som ein endeleg verdi, i meininga at menneska hadde ein ukrenkeleg rett til å sjølv avgjere korleis ein ville leve sitt liv. I så måte blei populistane humane kunnskapsleverandørar. Dei forstod seg sjølv som å ta høgde for menneskas trivnad i forståinga deira av menneskas livsvilkår – som ein motsetnad til den etablerte eliten som vart framstilt som å ha vurdert menneskas trivnad som å ha vore einstyddande med eins kjøpekraft.

4. Populistanes tre vegar til makt

Dette kapitlet handlar om korleis populistane vurderte å gå fram for å gå gjennomslag for synspunkta sine. Hovudperspektivet mitt i kapitlet er at eit sentralt spørsmål for populistane vil vere korleis ein skal gjere problemforståinga kjend. Fokuset mitt vil liggje på korleis populistane vurderte sjansane sine i det norske partisystemet. Brox meinte å ha oppdaga nye konfliktlinjer i det norske samfunnet, og såleis ville partisystemet mogleg ha vore lite eigna til å absorbere populismen. Samanfatta meiner eg at populistane hadde tre moglege framgangsmåtar for å få gjennomslag. Den eine er om ein skal engasjere eit politisk parti til å forstå samfunnet som populistene gjer. Den andre er om ein skal skipa sitt eige politisk parti. Den tredje er om ein skal freista å engasjera eit identifisert «folk». Desse tre vegane er eit uttrykk for populistens sitt dilemma.

Kortfatta dreier dilemmaet seg om populistene, som står for eit samfunnssyn som ikkje vert delt av majoriteten i samfunnet, skal velje å retta kreftene sine på politiske parti eller ikkje. Om populistene vel å gå inn i politiske parti, så måtte han naudsynlegvis ha inngått kompromiss som gjev ein risiko for at den populistiske «reinleiken» vart utvatna. Om det å bevare den vart oppfatta som å ha vore viktig for populistene, så ville det å stå utanfor dei politiske partia ha vore ynskjeleg. Ein risiko vil då vere at det å få gjennomslag for synspunkta sine vert meir utfordrande. Populisten kan då i så måte ende opp i ein avmaktsposisjon, som ein slags tåkelur i det fjerne som ein ikkje høyrer i maktas korridorar.

Med dette dilemmaet vil eg i dette kapitlet presentere det som eg vil kalle for populistanes tre moglege vegar til makt i tida 1966 til tidleg i 1972, kor kvar av vegane er tildelt eit delkapittel. Kapitlet er såleis ordna kronologisk, etterkvart som dei tre vegane vert identifisert i kjeldeutvalet. Hovudvekta av kjeldeutvalet i dette kapitlet er frå aviser og tidsskrift. Populismeerfaringas manifest definerte den fyrste moglege vegen til makta, og i høve til den så kom dei to påfølgjande moglege vegane til makta gradvis inn som eit følge av at to organiseringsprinsipp vart moglege for populistane i samtida: politiske parti eller masserørsle, i meininga samskipnad av vide samfunnsgrupper.

4.1 Den fyrste vegen: populistane skal erobre politiske parti

I den tidlegaste fasen synest det opplagt at populisten skulle søkje makt og innverknad innan det etablerte partisystemet. Innan april 1966 hadde populismeerfaringas manifest blitt utgjeve, og Ottar Brox hadde snøgt fått merksemd av *Nationen*. I laurdagsutgåva den 23.04.1966 vart han portrettert, kor han fekk fridom til å agitera for det politiske prosjektet sitt. Det var her at Brox hevda at han hadde overrekt eit eksemplar av *Hva skjer i Nord-Norge?* til statsminister Per Borten. Intervjuaren då fylgde opp med spørsmålet: «*Er Borten populist?*». Svaret på det direkte spørsmålet teikna opp ein politisk analyse som gav populisten gode føresetnader i dei politiske partia:

Uten tvil. Populistene har overtaket i Senterpartiet. Snart kommer de også til å få overtaket i SF. Men i Arbeiderpartiets lederkadre og i Høyre regjerer teknokratene. Kristelig Folkeparti burde være en støtte for en eventuell populistisk regjering, men Venstre tør være et åpent spørsmål, lærerne er på vei ut og økonomene på vei inn i partiet.¹⁵⁵

Brox hevda såleis at populistar hadde eit nærvære i to politiske parti, og freista med det å syne at ei populistisk regjering var mogleg. Sidan Senterpartiet¹⁵⁶ tradisjonelt har hatt distrikta som merkesak, så vart vegen kort for Brox til å sjå populistar i partiet, ettersom lokalsamfunna var samfunnsutviklingas taparar i samfunnsdiagnosen hans. Det andre partiet som Brox gav populistar eit nærvære i, var han sjølv medlem av. Han peika såleis på at ein hadde eit utgangspunkt for eit tverrpolitisk samarbeid mellom to parti som tidlegare ikkje hadde samarbeidd. Med populismen som fellesnemnar, så kunne dei to partia finne eit fellesskap.

Sidan DNA og Høgre var regjert av teknokratar, tykkjest det som at populistar ikkje hadde eit nærvære der. Om ein legg betydning til bruken av «*lederkadre*» i høve til skildringa av DNA, men ikkje i høve til Høgre, så står populistens nærvære i fyrstnemnde fram som uviss. Det vert eit opent spørsmål: teknokratar dominerte særskild leiarskapet i partiet, medan tilhøva i medlemsmassen ikkje vart karakterisert. Såleis verka det som om populismen i det minste hadde eit potensial i DNA.

Bakgrunnen for at Brox såg populistar i parti på tvers av den tradisjonelle partipolitiske aksa er å finne i populisten og teknokraten i populismeerfaringas manifest. Det at dei fekk motstridande

¹⁵⁵ Sun., «Populist fra Senja».

¹⁵⁶ Frå no forkorta til Sp

røyndomsoppfatningar dreia seg ikkje berre om eins syn på fagretningars involvering i samfunnsplanlegginga. Det dreisa seg like så mykje om fraksjonar i dei politiske partia:

Ettersom de interessante skillelinjene i norsk politikk i den nåværende situasjonen går *innen* praktisk talt alle partiene – mellom en teknokratisk og en populistisk fraksjon – er det for øvrig lite interessant å knytte diskusjonen om distriktsutbygging og økonomisk planlegging til småkrangelen *mellom* partiene.¹⁵⁷

Sidan det dreia seg om individet si røyndomsoppfatning, så blir den til ei skiljelinje som slår ned som ei kløft i dei etablerte politiske partia. Eit partiinternt oppgjer om vegval i høve til samfunnsutviklinga vart såleis eit utfall i framtida etter Brox sitt syn. Det var ikkje småkrangelen mellom partia som var interessant, underforstått: det er krangelen internt i partia som er det. Populisten og teknokraten representerer såleis to vegretningar som partia måtte ta stilling til. Om populistane i partia greidde å overtyde partiet sitt om at deira røyndomsoppfatning var den rette, så ville ein få til eit tverrpolitisk regjeringssamarbeid. Røyndomsoppfatninga ville såleis verte bae føresetnaden for, og garantien for, at samarbeidet kunne verte vellukka.

På ei anna side er dette ei forenkling. Brox meinte ikkje at det var like gode moglegheiter i alle partia til å overtyde om at populisten si røyndomsoppfatning var treffande for samfunnsforståinga. For å bate på moglegheitsskeivhetar, så føreslo han at ein skulle skapa ein «*front mot teknokratiet*», kor populistane skulle stå fremst på barrikadane. Samansettinga av fronten skulle ha utspring i politiske parti, og initiativet for å skape den skulle kome frå opposisjonspartia på venstresida. Funksjonen som den skulle ha var å bryte opp samtidas fleirpartiregjerung av Sp, Venstre, Kristeleg Folkeparti og Høgre:

En regjering der Høyre har 6 medlemmer kan vel vanskelig tenkes å fremme forslag om f.eks. slike distriktsutbyggingstiltak som de jeg har foreslått i denne boka. Men om opposisjonen fremmer slike forslag, ville dette sette samholdet i regjeringkoalisjonen på en hard prøve. Senterpartiet og de andre sentrumspartiens distriktsrepresentanter kunne neppe i lengden fortsette å stemme mot sine velgeres interesser. Dette ville bety en frontforandring i norsk politikk som ville gjøre det mulig å få øye på de stridskrefter som står mot hverandre. Disse motsetningene er i dag kamuflert av slike etiketter som «sosialistisk» og «borgerlig» eller «ikke-sosialistisk».¹⁵⁸

Regjeringssamanbrotet som fronten skulle arbeide for ville skje om populistane greidde å vinne over veljarane åt sentrumspartia. I frykt for å miste veljarane, så vurderte Brox at sentrumspartia kom til å gå opposisjonspartia på venstresida i møte ved å gjere endringar i sin eigen

¹⁵⁷ Brox. 1969. *Hva skjer i Nord-Norge?*, 187.

¹⁵⁸ Brox. 1969. *Hva skjer i Nord-Norge?*, 187-188.

distriktspolitikk. Framgangsmåten til populisten i 1966 var såleis å syne sentrumspartia kven dei eigentlege kjerneveljarane deira var.

Synleggjering var såleis eit hovudemne for den tidlege strategien til populisten. Om ein fekk til eit vegval hjå sentrumspartia, så var tanken at skiljelinja mellom populistar og teknokratar ville kome til syne i samfunnet. Då fronten sitt utspring vart plassert i samtidas opposisjonsparti, så vil SF med sine to mandat på Stortinget verte det eine utspringet for fronten. DNA var det største opposisjonspartiet i samtida, og om populisten skulle kome til makta så er det nærliggjande at DNA vart eit viktig samarbeidsparti. Samstundes så hadde Brox karakterisert leiarsjiktet der som å ha vore samansett av teknokratar, som nettopp var populisten sin motstandar.

Teknokratane hadde overtaket i DNA i samtida. Men i fortida hadde populistane rådd i DNA, sidan statsminister Johan Nygaardsvold vart skildra som å ha hatt ei populistisk samfunnsforståing i populismeerfarings manifest. Derfor poengterte Brox at det var i leiarsjiktet at teknokratane fanst. Dette gav voner for framtida, og Brox freista såleis å overtyde teknokratane i DNA om at den rådande samfunnsutviklinga ville få store konsekvensar i framtida:

Men la meg likevel få si et par ord til teknokratene i Arbeiderpartiet, de er for sanne til ikke å komme på trykk: Når småbrukerne er eliminert og alle arbeidsfolk er avhengig av arbeidsgiverne, da vil en eventuell sosialdemokratisk regjering være like så maktesløs overfor den økonomiske utviklingen som regjeringen Wilson. Alt vil da ligge til rette for et system med to parti som hvert fjerde år kjemper om retten til å administrere «bedriften Norge» under Fellesmarkedet!». ¹⁵⁹

Skremslebilete som Brox teikna opp gav sjølvsyssette arbeidarar ei nøkkelstilling i å motverke den uunngåelege framtida om teknokratens samfunnsforståing vart ei vedvarande rettesnor i samfunnsplanlegginga. Stillinga fekk dei i kraft av at dei i det heile eksisterte i framtida. Resonnementet åt Brox var at eit fråvær av sjølvsyssette arbeidarar ville gjeve arbeidsgjevarane eit maktverktøy som kunne vendast mot regjeringa. Maktverktøyet låg i arbeidsgjevarars moglegheit til å lamme arbeidsmarknaden, gjennom å skape ein kunstig arbeidsledigheit ved å redusere yrkesstillingar. Dette kunne bli ein fare for den sitjande regjeringa, all den tid dei arbeidsledige snøgt ville leggje skulda på dei. ¹⁶⁰ Slik sett vart sjølvsyssette arbeidarar ei støytputte for Brox for å unngå ei framtid som ville gjeve

¹⁵⁹ Sun., «Populist fra Senja».

¹⁶⁰ Brox. 1969. *Hva skjer i Nord-Norge?*, 186.

dramatiske samfunnsendringar: eit medlemskap i EF og eit topartisystem kor det vart likegyldig kven som sat med regjeringsmakta, sidan det politiske handlingsrommet hadde blitt innskrenka.

For å unngå den dystre framtida, så måtte det skapast ein raud-grøn regjeringskoalisjon. Med inspirasjonen frå den historiske erfaringa av kriseforliket mellom DNA og Bondepartiet i 1935, så meinte Brox at populistane hadde eit dominerande nærvære i Sp, eit potensielt nærvære i medlemsmassen åt DNA, og som å ha eit framstormande nærvære i SF. Sagt på ein anna måte så skulle populistane erobre partia, og det fyrste steget på vegen mot makta vart å sameine populistane. Følgjeleg vart sameiningsløysinga for Brox at ein skulle skape eit populistisk program for å danne ein føresetnad for erobringa.¹⁶¹ Han gav såleis ein analyse av populistanes moglegheiter for gjennomslagskraft i dei politiske partia, kor det å formulera eit fellesprogram for alle populistane på tvers av partia vart det fyrste steget før ei erobring i det heile vart mogleg. I tida 1967 til 1970 kom andre aktørar til som tok tak i oppmodinga i 1966 om å skape eit populistisk program. Samstundes vart alternative vegar til makta skissert.

4.2 Den andre vegen: populistane skal sameinast på tvers av dei politiske partia

Det var Hartvig Sætra som var den fyrste til å freiste å skape eit populistisk program, som han øyremerka for ein «*populistisk allianse*». Programmet var avrundinga til ein artikkelserie i to delar som vart trykt i *Orientering* mot slutten av 1967. Brorparten av artikkelserien vart vigd til å introdusere professor Georg Borgström som hadde åtvare mot at samfunnsutviklinga i den vestlege verda ville leie til ei framtidig ressurs- og befolkningskrise. Det varsla utfallet hadde gjort inntrykk på Sætra, då perspektivet åt Borgström måtte for han leie til eit paradigmeskifte innan politikk, vitskap og statsforvaltning: «*Ingen politiskar burde få lov til å stille til val utan å ha lese minst ei av bøkene, og ingen burde få akademisk borgarbrev utan solid kjennskap til Borgstrøms dokumentasjonar.*».¹⁶²

Med utgangspunktet at verda stod ovanfor ei føreståande ressurskrise, så vart målet for Sætra at ein skulle vere verksam i samtida for å sikre framtidsmenneska eit adekvat levevilkår. Løysinga vart å oppmode til politisk samarbeid på tvers av skiljelinjer:

¹⁶¹ Brox. 1969. *Hva skjer i Nord-Norge?*, 187.

¹⁶² Sætra, «Mat for milliarder».

Mykje tyder på at ein bør sikte mot ein heilt ny politisk allianse mellom venstresosialistar, bønder og dei personleg kristne. (...) Denne alliansen, som etter Ottar Brox kunne kallast ein «populistisk allianse», vil vere den einaste som kan samle nok makt bak eit altruistisk sosialistisk program, bygd på nøktern råvareøkonomi og rettferdig global fordeling.¹⁶³

Med eit økologisk grunnperspektiv, som innebar at den industribaserte økonomiske utviklinga ville påføre framtidsmennesket lidingar, vart omsut for individet haldninga som gjorde at Sætra kunne setje saman desse samfunnsgruppene. Altruisme var såleis eit nøkkelord: nestekjærleik og fordømming av alle formar for utnytting av mennesket vart ein grunnleggande verdi.

Samstundes så var ikkje nestekjærleik tilstrekkeleg for å overtyde dei utvalde samfunnsgruppene om at det var i deira eigeninteresse å arbeide saman. Bønder vart lova ein sikra leveveg, sosialistiske arbeidarar vart lova humane levekår, og dei personlege kristne vart lova ei slagkraftig plattform for å retta kritikk mot materialismen, for å oppnå global nestekjærleik. Samstundes måtte det gjerast innrømmingar om alliansen skulle halde ut: «*Og venstresosialistane bør vedgå at det sosialistiske likeverdsidealet berre er eit (legalt) tjuveri frå kristendommen, medan dei kristne på si side må godta streng fødselskontroll og fri abort.*».¹⁶⁴ Å realisere alliansen ville i så måte verte sær s vanskeleg med auger frå vår tid: gruppene som Sætra plasserte i alliansen var sær s ulike, og innrømmingane som dei måtte gjere grenser mot det umoglege. Likevel måtte konfliktlinjene mellom dei leggjast daud i Sætra si meining, ettersom ein hadde fått kunnskapar som fortalte at levemåten i samtida representerte ein fare mot framtidsmenneskas liv og helse.

Samansettinga og fordelslovnadane til den populistiske alliansen i 1967 var ikkje noko anna enn eit førebels forslag. Året etter i den todelte artikkelserien «*Norsk politikk etter Borgström*» i avisa *Dag og Tid* så breia Sætra husrommet ut i den populistiske alliansen. Bakgrunnen for utvidinga var i serien sin fyrste artikkel «*Avsløring av vår teknokratiske politikk*», kor Sætra hadde argumentert for at ein i den politiske sfæren skulle rekne inn ei populistisk og ei teknokratisk skiljelinje som delvis gjekk mellom partigrensene.¹⁶⁵ I artikkelen «*Eit program for populismen i Noreg*» skulle den bli mobilisert mot teknokratiet. Den vart såleis ein folkefront som vart sett saman av fem samfunnsgrupper:

1) Studentar og venstreorienterte intellektuelle. 2) Venstreorienterte grupper av fagorganiserte. 3) Bygdefolk av alle kategoriar. 1)(sic) Idealistiske grupper av alle ulike slag, men sterkast vekt på

¹⁶³ Sætra, «Mat for milliarder».

¹⁶⁴ Sætra, «Mat for milliarder». *Orientering*, 02.12.1967.

¹⁶⁵ Sætra, «Norsk politikk etter Borgström. Del 1: Avsløring av vår teknokratiske politikk».

radikale kristne etter Uppsala-møtet. 5) Kulturelle minoritetsgrupper, - i vårt land med vekt på den nynorske og den samiske minoriteten.¹⁶⁶

Den tildelte samanfallande interessa for samansetnaden var ikkje lengre fyrst og fremst nestekjærleik for framtidsmenneska. Det var heller ei ålmenn interesse av å protestere mot dei generelle samfunnsmønstra. Dette ser eg i samband med at Sætra hadde freista å gjeve populisten ei vitskapsbasert forklaringsramme for lokalsamfunna i denne artikkelserien. Sosiologen Andre Gunder Frank sitt metropol/satellitt perspektiv frå avhengigheits-teorien vart tatt i bruk til å illustrera ein sentrumsdirigert utbytting av lokalsamfunna i Noreg, og den populistiske alliansen vart såleis samansett etter den same logikken. Dei utvalde samfunnsgruppene kan alle skjønast som å vere perifere på sitt eige vis. Dimed var vegen kort for Sætra til å framstille desse gruppene som å høyre saman i ein populistisk allianse, som i den neste vendinga vart tildelt eit program:

1. Global balanse i den menneskelege økologien. (Vern om ressursane, familie-planlegging, kamp mot forgiftning og destruksjon av naturen.)
2. Desentralisering av makt, eliminasjon av alle herre/knekt og metropol/satellitt-forhold.
3. Pluralistisk samfunnsmønster, som legg vekt på trivnad framfor konsum, på allsidig framfor einsidig kultur, på dei meir opphavlege menneskelege eigenskapar og det enkle, ukompliserte liv framfor innordning og tilpassing til eit massesamfunn. Vi må legge større vekt på eit rikt utval av miljø framfor eit rikt utval av varer.
4. Økonomisk og teknologisk vekst, så sant denne ikkje kjem i strid med punkta 1, 2 og 3.¹⁶⁷

Sætra framstilte programmet som å ha vore ei minimal populistisk prioriteringsliste for framtida, sidan det fjerde punktet vart eit underordna mål. Slik sett freista han å innføre ei økologisk vending i populismen i 1968. Det tredje punktet hadde opphavet sitt frå populismeerfaringas manifest, ettersom populisten som samfunnsplanleggjar vekta menneska sin trivnad. Sætra la til det andre og det fyrste punktet, kor lokalsamfunnas sjølvråderett i samtida vart forstått som å vere ein føresetnad for å yte omsut for framtidsmenneska.

Ei presserande kjensle av at tida rende ut var toneangjevande for korleis den populistiske alliansen skulle gå fram for å vinne makta. Spørsmålet om kva for eit politisk parti den populistiske alliansen skulle arbeide innan, var ikkje viktig for Sætra i 1968. Det som gjaldt var å realisera programmet så snøgt som råd, og sidan det hasta å gjere det så var ikkje partinamnet så nøye:

¹⁶⁶ Sætra, «Norsk politikk etter Borgstrøm. Del 2: Eit program for populismen i Noreg».

¹⁶⁷ Sætra, «Norsk politikk etter Borgstrøm. Del 2: Eit program for populismen i Noreg».

Eg ser gjerne at SF blir oppslukt av eit nytt og større parti som står støtt og markert på venstre fløy, (...) De som deler eit venstresosialistisk (populistisk) grunnsyn, tar på dykk eit spesielt tungt ansvar ved å vere med på atter ein gong å sette inn «tradisjonelle» politikarar inn på Stortinget.¹⁶⁸

Vegen til makta for den populistiske alliansen i 1968 var innan politiske parti med føremål å få populistar inn på Stortinget. Den populistiske alliansen skulle såleis ikkje erobre dei politiske partia. Sidan partisystemet vart forstått som å ikkje ha spegla dei reelle politiske konfliktane i samfunnet, så var det eit rom for pragmatisme. Den populistiske alliansen kunne like gjerne ha gått saman om å danne seg eit nytt politisk parti. Partiet som Sætra sjølv høyrde til i kunne bli ofra mot at populismen fekk politisk gjennomslagskraft. To år seinare hadde Sætra endra meining, og partinamnet for den populistiske alliansen hadde blitt svært viktig.

I 1970 hadde Sætra avslutta artikkelen «*Populismen i sosialismen*» i *Syn og Segn* med den same samansettinga av den populistiske alliansen, og med det same programmet som i 1968. Ei endring låg i alliansen sin framgangsmåte for å vinne makta: «*Skal populistane arbeide innafør dei fem andre partia, eller skal dei organisere seg separat?*».¹⁶⁹ Sætra stilte eit retoriske spørsmål, sidan han i førevegen hadde framstilt Høgre og DNA som å utgjere ein «*industrialist-allianse*». Såleis identifiserte han partipolitiske motstandarar åt den populistiske alliansen, og for at populistane skulle yte motstand mot dei så gjaldt det for Sætra at ein nytta seg av etablerte parti: «*Eg vel altså å stå i SF, og meiner at alle populistar bør gjere det same for ikkje å splitte kreftene.*».¹⁷⁰ Medan Sætra gladeleg kunne ofre SF for parlamentarisk slagkraft i 1968, så vart det i 1970 det einaste strategiske alternativet. Det at partinamnet vart nøye hadde ein bakgrunn i at Sætra hadde meint å sjå populistar både i SF og i Sp. Slik sett vart påstanden om at kreftene var i ferd med å splitte seg, ei åtvaring for å samle populistane inn i eit sams etablert parti. Sidan han hadde framstilt populismen som å ha tilhøyrse i sosialismen i den same artikkelen, så vart Sp fjerna som ein kandidat til å tilby populistar husrom – sidan det partiet ikkje hadde eit tilstrekkeleg sosialistisk verdssyn.¹⁷¹

I tida 1967 til 1970 så hadde Sætra fått ei meir konsistent forståing av kven dei «eigentlege» populistane var. Samstundes var det noko paradoksalt i maktstrategien hans. Opphavleg vart

¹⁶⁸ Sætra, «Norsk politikk etter Borgstrøm. Del 2: Eit program for populismen i Noreg».

¹⁶⁹ Sætra, «Populismen i Sosialismen», 339.

¹⁷⁰ Sætra, «Populismen i Sosialismen», 339.

¹⁷¹ Det at Sætra trakk grenser i høve til Senterpartiet, meiner eg har ein bakgrunn i at Bjørn Unneberg hadde i førevegen i det same tidsskriftet publisert artikkelen «*Populismen – den grønne sosialismen*», som er fyrste gong i kjeldeutvalet kor Unneberg knyt populisme saman med grøn sosialisme. Sjå: Unneberg, «*Populismen – den grønne sosialismen*, 85-91.

den populistiske alliansen samansett av perifere samfunnsgrupper, utifrå ein føresetnad av at dei tradisjonelle politiske skiljelinjene hadde kome i utakt med samfunnsutviklinga. Med å erklære skiljelinjene som kunstige, så kunne Sætra gjeve alliansen den samansetnaden som den fekk. Men i 1970 vart alliansen eintydig plassert inn i SF, som då ville innebære at den populistiske alliansen ikkje lengre kunne erklære den tradisjonelle politiske skiljelinja mellom ei borgarleg og ei sosialistisk blokk som kunstig – dei vart ein del av den. Samstundes vart det trekt grenser ovanfor populistar som Sætra meinte å sjå i andre konkurrerande politiske parti. Sagt på ein anna måte så gjekk den populistiske alliansen frå å vere sett saman med eit sameiningsperspektiv, til å få eit potensial til å skape splid mellom populistar. Ein bakgrunn for endringa var at ein senterpartimann hadde freista erobre populismen ved inngangen til 1970-åra.

4.2.1 Senterpartimannen som freista å erobre populismen

John Dale (f. 1940), formann i Senterungdommens Landsforbund, introduserte seg som populist i 1968 i fyrsteutgåva av tidsskriftet *Senit*.¹⁷² Dale hadde invitert Ottar Brox til Senterungdomens landsmøte etter populismeerfarings manifest hadde blitt utgjeve,¹⁷³ og det synest som om Dale freista å selje inn Brox sin politiske analyse til moderpartiet. Likeins som statsminister Per Borten (Sp) hadde gjort tett etter utgjevinga av ho, så meinte Dale at det var ein grunnleggjande konflikt mellom populisten og teknokraten. Dimed var det innlysande for han at Senterpartiet med det vart: «(...) *det mest markerte populistiske partiet i landet*.»¹⁷⁴ Men medan partikollegaen Borten hadde i 1966 forstått skiljelinja som eit uttrykk for eit humant og eit inhumant menneskesyn, så hadde Dale forstått den som eit uttrykk for striden mellom sentrum og utkant. Såleis var vegen kort for Dale til å forstå Sp som eit markert populistisk parti.

Det same året freista Dale å selje inn populismen til moderpartiet gjennom å førespegle valstrategiske vinningar. I 1968 hadde Oslo Senterparti arrangert ein konferanse kor emnet hadde handla om kva moglegheiter partiet hadde til å femna om større veljargrupper. For Dale

¹⁷² Det same tidsskriftet som Bjørn Unneberg hadde vore med på å skipe, og sat med delt redaktøransvar med Oddbjørn Eikestø.

¹⁷³ Dale, «Eit tredje alternativ», 19. Det at Dale hadde vore formann i Senterungdommens Landsforbund sidan 1966 kan gjere det rimeleg at Dale hadde tidleg vorte merksemd på Ottar Brox sitt arbeid. Jf. biografi same stad, 14.

¹⁷⁴ Dale, «Eit tredje alternativ», 19.

vart ein populistisk strategi vegen å gå for partiet om ein ville bevega seg frå å vera eit bondeparti til å verte eit folkeparti. Innlegget åt Dale hadde lova at populismen ville gjere partiet attraktivt for nye veljargrupper, likeins som at den ville gjeve ei følgjestreng for partiets standpunkt til politiske saker: «*Den dagen vårt parti virkelig systematisk engasjerer seg for å løse de proklamerte oppgaver, vil vi oppnå to ting: at de mange enkeltsakene trekker nye grupper til seg, og at enkeltsakene faller naturlig inn i en større strategi, vi kan kalle den desentralistisk, demokratisk eller populistisk.*».¹⁷⁵ For Dale så hadde veljarane eit syn på partiet at dei fyrst og fremst var eit parti for bøndene, som han forklarte med at partieliten hadde synt seg ukomfortable i dei politiske sakene som ikkje gjaldt landbruket. Populisme vart såleis framstilt som å tilby ein systematikk som ville gjere Sp interessant for fleire veljarar.

Dale haldt fram med den same argumentasjonen i 1969. I *Nationen* laurdag den 19. april vart det trykt ei attgjeving av eit føredrag som Dale hadde haldt i Det Norske Studentersamfundet: «*Dale hevda at Senterpartiet kjem inn som det mest samlande populistiske potensialet vi har i landet i dag.*».¹⁷⁶ Dale såg såleis på populistane som å vere spreidde, og han tilbudde Sp som ein heim for dei. Samstundes så skreddarsydde Dale populismen slik at den passa inn med Sp sine fanesaker: «*(..) global balanse i menneskeleg busetnad, desentralisering av makt og eit mangearta samfunnsmønster som legg vekt på trivnad framfor konsum. (...) Vi må legge vekt på eit rikt utval av miljø framfor eit rikt utval av varer.*».¹⁷⁷ For han tydde populisme desentralisering, i meininga å innføre auka sjølvstyre for lokalsamfunna for å verna dei mot utanlandsk storkapital. Sagt på ein anna måte så freista Dale å knyte populismen til konkrete politiske prioriteringar som delte likskapstrekk med prioriteringane som Sætra hadde formulert eit år tidlegare i *Dag og Tid*. Men der Sætra gav populismen eit siktemål om å oppnå ein økologisk balanse, så gav Dale den eit siktemål mot ein balanse i medråderett. For Dale så handla det ikkje om at ein skulle ha ein balanse i meininga naturressursar, men ein balanse i meininga at ingen menneske skulle ha avmaktskjensle i å ha påverknad over samfunnsstyringa.

Under artikkeltittelen «*Senterpartiet for ein populistisk strategi*» i *Syn og Segn* i 1969, så haldt Dale fram å argumentera for at moderpartiet hadde strategiske fordelar i å velje populismen: «*I det heile burde partiet ta aktivt del i utforminga av ein populistisk strategi, slik at ein kunne*

¹⁷⁵ Ukjend. «Hvor står Senterpartiet – hvor tror folk det står?».

¹⁷⁶ Ukjend, «Om populisme og samfunnsstyring».

¹⁷⁷ Ukjend, «Om populisme og samfunnsstyring».

*koma over frå forsvars- til åtaksposisjon.».*¹⁷⁸ Argumentasjonen for at SP var i ein forsvarsposisjon var ei gjentakning frå året før: partiet mangla systematikk slik at ein ikkje såg samanhengen mellom sakene som det hadde engasjert seg for.¹⁷⁹ Den samanhengen som Dale meinte låg i sakene, samanfatta han til å ha vore eit «*manipulasjonssamfunn*». Det hadde flytta arbeidskraft mellom landsdelar, som hadde leia til at lokalsamfunna ikkje hadde kontroll over sine egne ressursar då næringslivskonsentrasjonar hadde tvunge fram ressuroverflyttingar. For Dale vart desse konsentrasjonane eit symbol på sentraliseringsprosessar som hadde resultert i ei underkuing av lokalsamfunna.¹⁸⁰ Sagt på ein anna måte så forstod Dale lokalsamfunna som å ha mista råderetten over sine egne ressursar, og hadde såleis blitt redusert til råstoffleverandørar til næringslivskonsentrasjonane som naut eit monopol i foredlinga av ressursane.

Slik sett svarte Dale på oppmodinga som Brox hadde gjort i populismeerfaringas manifest. Ein populist freista å erobra eit etablert parti i tida 1968 til 1969 ved å overtyde partifellane om at populismen ville gjeve partiet ein meir heilskapleg framgangsmåte i det politiske arbeidet. Samstundes er det påfallande at Dale ikkje hadde referert til Sætra i kjeldeutvalet, sidan problemforståinga hans delte store likskapar med Sætra i den same tida. Det er underleg om Dale ikkje hadde vore medviten om Sætra sidan dei begge står fram som markante talspersonar for populismen.

Sjølv om Dale kan sjåast som å ha svart på oppmodinga frå Brox, så skilde han lag når det gjaldt det tverrpolitiske aspektet, som var sentralt i den fyrste vegen til makta. Dale såg populistane som å ha vore spreidde, men han hadde ikkje fremja noko sameiningskrav for dei. I så måte kan ein forstå Dale som å ha freista å erobra populismen. Han skulle ikkje bruke den til å sameine perifere samfunnsgrupper i ein populistisk allianse, likeins som han ikkje skulle erobre partiet for å danne ein regjeringskoalisjon i framtida. Han skulle meir bruke populismen til å samkøyre partiet sine standpunkt for å breie ut veljarmassen.

Slik sett kan det at Sætra plasserte den populistiske alliansen eintydig inn i SF i 1970, sjåast som ein reaksjon på ein erobringsfreistnad. Såleis så hadde populismen byrja å skifte funksjon ved inngangen til 1970-åra. Den gjekk frå å ha vore eit potensial til å skapa nye alliansar mellom politiske parti som var medvitne om viktige fellestrekk, til å vere eit potensial for ein

¹⁷⁸ Dale, «Senterpartiet for ein populistisk strategi», 14-15.

¹⁷⁹ Dale, «Senterpartiet for ein populistisk strategi», 12.

¹⁸⁰ Dale, «Senterpartiet for ein populistisk strategi», 15.

veljarappell som ein byrja å kappast om å få vere den fremste representanten for. 1970 vart i så måte året då usemje om strategi kom til uttrykk hjå populistane.

4.2.2 Usemje om strategi

I 1970 gjekk Hartvig Sætra og Arne Kielland¹⁸¹, som var stortingsrepresentant for DNA, inn i eit ordskifte om strategi i *Orientering*. Laurdag den 22. august og laurdag den 5. september så skreiv Sætra artiklar der han mistenkeleggjorde engasjementet som Kielland hadde byrja å syne for populismen: «*Arne Kielland seier at han har bruk for oss! Sjølv sagt har han det. I stormagasinet DNA skal han reise si spesialavdeling for venstrepopulisme. Denslags (sic) idear kan han naturlegvis ikkje finna i DNA – og det er heller ikkje hans jobb å stille ut husets originalvarer.*»¹⁸² Sætra framstilte Kielland som eit radikalt alibi for DNA for å lokke veljarar til partiet. Likeins gav han ei forklaring for Kielland si populismeinteresse. Den var ikkje noko anna enn eit uttrykk for ein ambisjon som han meinte at leiinga i DNA hadde om å omskapa det norske partisystemet til eit topartisystem. Sætra skulda såleis DNA-leiinga for å bruke Kielland til å skapa splid i kretsane til venstre for DNA.

Om partisystemet vart eit topartisystem i framtida, så ville det ikkje vere rom for populismen. Dermed så måtte populistane samle kreftene sine i eit sams parti: «*I lengda vil vi truleg få ei sanering av sentrumspartia, og ei naturleg tredeling av det politiske bildet: Eit høgreparti, eit sosialdemokrati i sentrum og eit venstresosialistisk/populistisk parti av brukbare dimensjonar.*»¹⁸³ Hjå Sætra var det ei uttalt frykt for at populistane skulle verte misbrukt av dei politiske motstandarane, og i avsluttinga til det siste ordskifteinnlegget hans fekk Kielland ei oppmoding: «*SF går saman med dei radikale ungdomsorganisasjonane, eller delar av desse, til eit nytt parti med sosialistisk/populistisk program. Eg kan føye til: Arne Kielland seier seg deretter fri frå DNA's stortingsgruppe for å representere det nye partiet inntil neste val.*»¹⁸⁴ Sjølv om SF hadde mista mandata sine på Stortinget i 1969, så forsikra likevel Sætra om at oppmodinga ikkje var for å berge SF. For han var den for å understreka at det var eit behov for

¹⁸¹ Arne Kielland synte stor interesse for populismen i *Syn og Segn* i 1970. I 1971 rekna både Kielland og Unneberg seg som populistar i ei attgjeving etter eit debattmøte kor dei begge var hovudinnleiarar. hf. «Signaler for nye skillelinjer i norsk politikk?». *Nationen*, 06.10.1971.

I *Dagbladet* i 1972 vart Kielland og Unneberg intervjuja saman. Kielland vart i intervjuet sitert: «*Det er kanskje bare vi to (Unneberg) som er erklærte populistar på Tinget.*». Ukjend. «Stortinget er formet i teknokratiets mønster». *Dagbladet*, 20.06.1972.

¹⁸² Sætra, «Petter Smarts tenkehette».

¹⁸³ Sætra, «Petter Smarts tenkehette».

¹⁸⁴ Sætra, «Tør du, reddhare?».

eit parlamentarisk alternativ til venstre for DNA. På ei anna side så var oppmodinga like så mykje ein freistnad på å tvinge Kielland til å kome med ei fråsegn om engasjementet hans var oppriktig.

Fråsegna frå Kielland kom laurdag den 03. oktober. Kielland opna det med korleis han hadde oppfatta Sætra si oppmoding: «*Han tilbyr partiførerstilling på Stortinget for norske populistar og sosialistar, iallfall inntil neste valg.*»¹⁸⁵ I neste vending avviste ikkje Kielland tilbodet kontant, trass i at han karakteriserte partiskippinga som å ha vore urealistisk fantasi. Han la meir vekt på at partiskippinga var ein direkte uklok strategi for populistane. Såleis framstilte Kielland seg som ein samarbeidspartnar for populistar om dei vart valt inn på Stortinget i framtida. Om dei ikkje hadde sympatisørar i det største opposisjonspartiet, så ville dei finne det vanskeleg å få noko gjennomslag. Dimed vart det strategisk riktig for Kielland å bli verande i DNA og arbeide mot å skape ein fraksjon i partiet som stortingspopulistar i framtida kunne dra nytte av.

Ordsiftet mellom Kielland og Sætra i 1970 var eit uttrykk for to motstridande framgangsmåtar, kor vektlegginga av at ein måtte få fotfeste i fleire etablerte partia vart sett opp mot frykta for at populismen ville forvitra om den ikkje vart dominerande i minst eit parti. Kielland tok det strategiske vegvalet som det hadde vorte oppmoda om i populismeerfaringas manifest: vegen til makta var å satse på dei etablerte politiske partia, og gjennom tverrpolitisk samarbeid ville populismen få gjennomslagskraft. Sagt på ein anna måte så hadde den populistiske tradisjonen som Brox hadde meint å sjå i DNA dukka opp i 1970. Sætra på si side hadde ei overtyding om at Kielland i det heile var eit verktøy for DNA-elitens. Det handla om for Sætra at populistane skulle sameinast innafor eit sams politisk parti, all den tid han meinte at småpartia ville bli oppeten av dei større partia i framtida.

Slik sett utfordra Sætra både Kielland og Dale. Om Dale freista å erobra populismen i åra før, så freista Sætra det same i 1970. I så måte står Kielland fram som populisten som freista å vidareføra vegen til makta som populismeerfaringas manifest hadde lagt opp til. Populistane som hadde dukka opp i SF og i Sp tok avskjed med den vegen innan 1970. Ein skulle ikkje erobra partiet på vegner av populismen: partiet skulle erobra populismen. Og erobringa vart freista å bli gjort anten som eit følgje av å sikre populismen ei framtid i tilfelle partisystemet vart endra i framtida, eller for å gjere partiet meir attraktivt for fleire veljarar.

¹⁸⁵ Kielland, «Kanskje jeg tør – men synes du jeg bør?».

Brox hadde meint i 1966 at populismen hadde eit potensial i SF, i Sp og i DNA, og at dette kunne gje eit grunnlag for eit framtidig regjeringssamarbeid. Men i staden for eit samarbeid, så vart det splid mellom krefter som alle meinte at dei best forvalta eigarskapen til populismen. Dermed stod populismen splitta, og langt vekke frå den politiske makta ved inngangen til 1970-åra. Men nett på dette tidspunktet så opna det seg opp ein ny veg til makta, ein veg som Brox ikkje hadde sett føre seg nokre år tidlegare.

4.3 Den tredje vegen: populistane skal påverke samfunnet gjennom utanomparlamentarisk arbeid

Våren 1970 så hadde den organisatoriske føregangaren til PAG kome i maktposisjon i Studentersamfunnet i Bergen:

Audgunn Oltedal, Studentvenstrelaget, gikk i natt seirende ut av valgkampen. (...) Audgun Oltedal ble valgt på et meget radikalt program, og de synsmåter hun representerer, vil hun også komme til å legge fram på Norges Venstrelags landsmøte i Sandefjord, (...) Hennes politiske plattform er å avsløre kapitalismen, samtidig som hun setter populismen i stedet for marxismen-Leninismen (sic).¹⁸⁶

Mot slutten av 1970 så meldte *Dagbladet* at Studentvenstrelaget hadde brote med moderpartiet Venstre. Leiaren av Unge Venstre, Odd Einar Dørum, gav i den same avisa sin versjon av årsaka til det organisatoriske brotet. Han understrekte at det var dei praktiske arbeidsmåtar, og ikkje ei grunnleggjande politisk usemje som hadde lege bak. I synet hans så hadde både Studentvenstrelaget og Unge Venstre hevda eit populistisk syn, både i høve til å arbeide politisk på grunnplanet samt det å motarbeide eit norsk medlemskap i EEC¹⁸⁷ - då det kunne forsterke sentraliseringa i det norske samfunnet. Årsaka til brotet gjaldt såleis framgangsmåten for å nå dei politiske måla, kor utbrytarane hadde ynskte å arbeide utanomparlamentarisk, medan dei som vart att ville arbeide innafor partipolitikken.¹⁸⁸

Dørum freista å avdramatisere utbrytinga. I *Nationen* den 05. desember 1970 gav Studentvenstrelaget ei pressemelding om at brotet ikkje berre var gjort grunna usemje om strategi, det var like så mykje ideologisk: «Heller ikkje kan ein akseptere liberalismen som

¹⁸⁶ Ukjend, «Venstrestudentene erobret samfunnet».

¹⁸⁷ EEC vart brukt som nemning av EF av motstandarane.

¹⁸⁸ Forr, Gudleiv, «- Ikke overrasket over SVL i Bergen».

ideologisk overbygning for kapitalismen.».¹⁸⁹ Sidan moderpartiet var eit liberalt parti, så vart tilknytninga uhaldbar for Studentvenstrelaget. Med ei overtyding om at dei tradisjonelle politiske skiljelinjene dekkja til dei faktiske konfliktane i samfunnet, så var dei etablerte politiske partia ein blindveg om ein ynskte å gjere endringar. Framgangsmåten tok såleis meir ei retning mot politisk aksjonering enn mot partipolitisk arbeid: «*Det er generalforsamlinga sitt syn at ein skal halde fram som eit populistisk lag. Ein vil prioritere aktivt arbeid med konkrete saker på det lokale plan.»*.¹⁹⁰ Som ei forlenging av at utanomparlamentarisk arbeid vart valt, så understreka dei og at medlemskap i andre organisasjonar ikkje var til hinder for å kunne bli eit medlem av det nyskipa populistiske laget, ettersom det var partipolitisk nøytralt. Denne nyorienteringa - frå partipolitisk arbeid til utanomparlamentarisk arbeid – hadde ein bakgrunn frå ein politisk aksjon som medlemane i det sjølvverklærte populistiske laget hadde delteke i Bergen i månadane før erklæringa.

Det var Hartvig Sætra som introduserte Audgunn Oltedal som ein ny talsperson for populismen. I oktober 1970 så hadde Sætra fått auge opp for Studentvenstrelaget i Bergen. I laurdagsutgåva av *Orientering* den 31.10.1970 så hadde han bidrege med eit intervju av Audgunn Oltedal, og med ei dagbok frå «anti-jubileet» - som var ein politisk aksjon i regi av Studentersamfundet i Bergen. Aksjonen var ein motreaksjon i samband med Bergen by sin 900-årsjubileumsmarkering. Sætra framstilte markeringa som eit paradoks: den hadde kosta skattebetalarane 1.5 millionar norske kroner, samstundes som Bergen hadde den nest høgste prosentdelen av sosialhjelp-mottakarar i landet. Som ein reaksjon mot ein urettvis prioritering, var «anti-jubileet» sitt tildelte mål å synleggjere den sosiale nauda i Bergen for byen sine innbyggjarar, samt kva verknader urbaniseringa hadde hatt å seie for livskvaliteten åt dei.¹⁹¹

Oltedal var leiar for Studentersamfunnet, og alle i styret var sjølvverklærte populistar. Intervjuet var eit førevarsel om brotet med moderpartiet, ettersom at Oltedal såg partistrukturen som eit problem. For ho så var populismen eit tredje-alternativ, om ein forstod dei politiske konfliktane i samtida som å stå mellom dei fem sosialdemokratiske politiske partia og marxist-leninistane. Som ei forlenging av dei oppteikna konfliktane, så vart den framtidige partistrukturen eit tre-partisystem som ville bestå av Høgre, DNA og eit nytt populistisk venstreparti som hadde delar

¹⁸⁹ Ukjend, «Studentvenstrelaget i Bergen ut av Venstre».

¹⁹⁰ Ukjend, «Studentvenstrelaget i Bergen ut av Venstre».

¹⁹¹ Sætra, «Dagbok fra Anti-jubileet».

av politikken åt SF.¹⁹² Såleis hadde ho akkurat den same forståinga som Sætra hadde uttrykt to månader tidlegare i det same året.

Samstundes så meinte Oltedal at populistane ikkje var førebudde for eit framstøyt i dei politiske partia i samtida, sidan populistane var spreidde. Altså vart det fyrste steget å sameine populistane, og for å gjere det så hadde ein i Bergen satt i verk ein samarbeidsorientert rekrutteringsstrategi. Oltedal framstilte Studentvenstrelaget i oktober 1970 som å ha vore inne i ein strategidebatt med andre politiske sentrumsnære studentlag, kor målet deira var å samle flest mogleg saman for ein populistisk strategi. Vona åt populistane i Studentvenstrelaget var at dei fleste ungdomsrørslene åt dei sentrumsnære partia delte ein frustrasjon over moderpartia: dei alle vart framstilt som å ha mista medlemmar som hadde gått over til å vere politisk passive, og at dei av den grunn var mottakelege til å sjå partistrukturen som populistane gjorde.

Veka etter intervjuet i *Orientering*, så gav Oltedal ei fyrste populistisk prinsippfråsegn på vegner av Studentvenstrelaget i *Dag og Tid*. For dei så var det tre politiske hovudgrupper i det norske samfunnet, som var bakgrunnen for kvifor partisystemet i framtida kom til å bestå av tre parti:

1. Kommunistar, hos oss representert ved SUF m-l.
2. Populistane. Femner om SF-sosialistar og store deler av mellompartias ungdomsorganisasjonar.
3. The establishment. Representert ved den politikk dei seks stortingspartia frå AP. til Høgre i dag fører.¹⁹³

Ho skisserte såleis opp ein raud, ein grøn og ein blå pol. Dei tradisjonelle stortingspartia var framstilt som å ha vore sams einige om, og å ha teke for gjeven, at samfunnsutviklinga var uforanderleg. Den skridde fram naturleg av seg sjølv, og ein kunne berre delvis styre retninga. Kommunistar og populistar vart framstilt som å vere samde i at det kapitalistiske systemet kunne endrast, med dei vart skilde grunna ei usemje om korleis ein skulle gå fram for å endre det kapitalistiske samfunnet. Medan kommunistane gjerne hadde organisert seg som eit eliteparti, som med ein ovanfrå-ned tilnærming skulle gjennomføre sin revolusjon for å frigjere proletariatet frå elitens undertrykking, så fekk populistane ei motsett tilnærming. Oltedal meinte at populistane skulle ta ein nedanfrå-opp tilnærming: einskildindividua i lokalsamfunna måtte først få makt og sjølvstyre, som var ein føresetnad for å endre det kapitalistiske systemet. Samstundes meinte Oltedal at tida ikkje var mogen for å snakke for høgt om maktutøving.

¹⁹² Sætra, «Populisme – og kva så?».

¹⁹³ Oltedal, «Populisme – det tredje alternativet».

Første steg på vegen var å sameine populistane. Såleis stod Studentvenstrelaget fram med ein rekrutteringsappell: om du er misfornøgd med den rådande samfunnsutviklinga som dei sosialdemokratiske partia er samde om, og om du ikkje kjenner deg heime hjå kommunistar, så er populismen heimen for deg.

Vektlegginga av populismen si sameiningspotensial - det at den vart framstilt som eit tredje-alternativ mellom dei tradisjonelle politiske partia og kommunistane – var gjort sidan Oltedal meinte at populistane var spreidde. Ho grupperte såleis populistane i tre:

1. Dei som kallar seg populistiske sosialistar (SF). Kva sosialisme i dette tilfellet betyr, er det uråd å få tak på. Men analysen og strategiene SF brukar indikerer i alle høve at ein legg noko heilt anna i sosialisme enn SUF ml gjer det.
2. Populistane i Studentvenstrelaget. Dei driv antikapitalistisk arbeid, og har storparten av analysen av samfunnet felles med SF. Populistane i SVL brukar ikkje etiketten sosialist avdi det i diskusjonen i dag ikkje er avklarande.
3. Populistane i Senterpartiet. Desse har ikkje klart definert seg som antikapitalistar, og har såleis ikkje sett populismen inn i den samanheng som er nødvendig. Men i praktisk politikk vil dei utan problem kunna samarbeida med andre populistar.¹⁹⁴

Oltedal omfamna her ei linje frå populismeerfaringas manifest, då eit samarbeid med populistane i Senterpartiet ikkje var umogleg - i motsetnad til Sætra sitt syn det same året. Slik sett freista ho å framstilla populistane i Studentvenstrelaget som ein meklar mellom dei to andre grupperingane, då dei var viljug til å samarbeide med begge to. Samarbeidet vart mogleg sidan gruppene vart framstilt som å ha eit felles syn på lokalsamfunna, i meininga at individet skulle få råderett over sin eigen situasjon og sitt eige liv. Først etter at individet hadde fått det, så ville samfunnsutviklinga gå i ei human retning. Sagt på ein anna måte så var populistane i Studentvenstrelaget overtydd om at individ med makt ville temje kapitalismen, sidan den då ville verte innretta etter individets behov.

Men i motsetnad til Brox, så meinte ikkje Oltedal at løysinga låg i dei tradisjonelle politiske partia. Populistane i Studentvenstrelaget kom såleis i ein overgangstilstand i 1970: dei hadde erobra eit politisk lokallag, og dei hadde lausrive det frå moderpartiet. Dei var med andre ord i ein prosess av å forlate Brox og Sætra i høve til populistens veg til makta. Samfunnsendringar måtte naudsynlegvis ikkje bli satt i verk med dei tradisjonelle framgangsmåtane i det parlamentariske systemet. Dette var ein logisk slutning for populistane i Studentvenstrelaget i 1970. Om ein hadde overtyding om at dei politiske partia på Stortinget var samde om samfunnsutviklingas gang, så ville utfordringar stå i kø for populistar på Stortinget.

¹⁹⁴ Oltedal, «Populisme – det tredje alternativet».

Kompromissbehov ville ha utgjort ei hovudutfordring, og det framtidssamfunnet som populisten ynskte å oppnå kunne snøgt bli annleis enn det som ein fyrst hadde førestilt seg.

Vegen til makta var altså i bevegelse mot at den skulle starte med massen i 1970. Ei politisk sak som ein kunne arbeide utanomparlamentarisk for, ville i så måte vere nyttig for populistane i 1970. Samstundes vart populisten brukt som ein analytisk kategori av ein observatør det same året for å forklare ein utanomparlamentarisk politisk aksjon.

Populistar vart i 1970 analysert av Ketil Lehland (f. 1942 – d. 2013), som i samtida var vitenskapleg assistent i sosiologi ved Universitetet i Oslo.¹⁹⁵ Mardøla-aksjonen som hadde funne stad sommaren 1970, var for han eit uttrykk for ei ny politisk skiljelinje som kunne ha eit potensial til å overskygge den politiske høgre-venstre linja i framtida. Det nye skiljet, som gjekk mellom teknokrat og anti-teknokrat, gav han eit opphav med Ottar Brox i 1966. Samstundes gav han det eit slektskap med historikaren Theodore Roszak sin samtidige tidsåndsanalyse om ungdomens motkultur.¹⁹⁶ Anti-teknokratane vart sett som å vere ei norsk utgåve av dei motkulturelle straumdraga som Roszak hadde meint å ha observert i ungdomsmiljøa i den vestlege verda, og jamføringa vart gjort utifrå det samanfallande perspektivet at menneskas livskvalitet ikkje naudsynlegvis var uttrykt gjennom eins økonomiske stilling.¹⁹⁷ Populistar vart plassert inn i den motkulturelle sekkenemninga, og i Mardøla-aksjonen så hadde populistane kome til syne:

Bare i forbindelse med Mardøla-aksjonen, som hadde en klar og avgrenset målsetning, kan man lett skille ut flere hovedtyper blant deltakerne. Følgende typer var vel iallfall representert: eldre friluftsfolk/naturfilosofar (anorakk, nikkars og selbustrømper), yngre naturvernsfolk / nasjonalromantikere (busserull og joggesko), yngre «motkulturister» (langt hår, pannebånd og frynsejakke) og populistar (klesdrakt mer varierende).¹⁹⁸

Populistar vart såleis analysert i ei større anti-teknokratisk rørsle i 1970, kor Mardøla-aksjonen vart framstilt som eit teikn på at den var i ein startfase som ei opposisjonsrørsle mot sentralmakta. Samstundes så meinte Lehland at framtida til den var i uvissa: deltakarane i Mardøla-aksjonen vart skildra som å ha vore lausleg samansett, og forutan ei fellesinteresse av å kritisere sentralmakta, kunne divergerande meiningar snøgt slå brodden ut av den. Det same året freista Arne Kielland å oppmode populistane om å konsentrera seg om utanomparlamentarisk arbeid.

¹⁹⁵ Lehland, «Mardøla etc., især det siste», 517. Jf. biografisk info.

¹⁹⁶ Lehland, «Mardøla etc., især det siste», 520. «*The Making of a Counter Culture*», som Lehland nytta som kontekst i høve til Brox, vart publisert fyrste gong i 1969.

¹⁹⁷ Lehland, «Mardøla etc., især det siste», 519-520.

¹⁹⁸ Lehland, «Mardøla etc., især det siste», 520.

4.3.1 Utanomparlamentarisk arbeid åleine er ikkje svaret, men nyttig slik stoda er no

I 1970 så hadde Brox, Unneberg og Sætra ført eit ordskifte om populisme i *Syn og Segn*, og det var Arne Kielland som markerte avslutninga av det med artikkelen «*Sosialistisk populisme – Noen tanker etter Brox, Sætra og Unneberg*». I den så reagerte Kielland på at dei hadde føreslege urealistiske vegar for å gjeve populismen politisk innflytelse i 1970, og særleg så reagerte han mot Sætra sitt forslag. Sætra hadde teke standpunkt om at populistens veg til makt gjekk gjennom SF åleine. Såleis var dette bakgrunnen for at Kielland freista å overtyde om at populistane måtte finne ei politisk sak utanfor Stortinget for å berga dei, likeins som Oltedal hadde gjort det same året.

Kielland såg stoda frå ei realpolitisk synstad. SF hadde ikkje vunne mandat på Stortinget under stortingsvalet i 1969, og det gjorde at han vurderte populistane som å ikkje vere i ein lagleg strategisk posisjon til å ha politisk innflytelse på Stortinget. Likevel så var det viktig for han at dei ikkje gav opp Stortinget. Dei måtte trossalt ha eit nærvære til styringsmaktene om ein skulle få gjennomslagskraft. Dimed skulle utanomparlamentarisk arbeid vere ein førebels overlevingsstrategi medan ein venta på neste Stortingsval.

Kielland, som stortingsrepresentant som ynskte populistar velkomen på Stortinget, omfamna framgangsmåten i populismeerfaringas manifest for populistens veg til makta. Ein koalisjon av DNA, SF og Sp vart det tryggaste alternativet for at populisten skulle få gjennomslagskraft i Stortinget. Samstundes var ikkje denne raud-grøne koalisjonen problemfri i 1970: den kunne ikkje setjast saman utan å gjere førebuingar. Hovudproblemet låg i veljaroppslutnaden åt partia, som i eit tverrpolitisk samarbeid vil bli omsett til styrkeforhold. Sidan DNA hadde ei større veljarmasse enn dei to hine, så ville populisten ha vore avhengig av at samfunnssynet deira hadde ein fot innafor i DNA på førehand. Og i 1970 var populismen perifer i DNA.¹⁹⁹ Slik sett gav Kielland seg sjølv ei rolle kor han vart ein nøkkelperson for ei framtidig samansetjing av koalisjonen. Ved å arbeide for å gjere populisten si problemforståing kjend innafor DNA, så skulle han førebu koalisjonen ved å overtyde partifellane om fordelar med eit tverrpolitisk samarbeid. Populismen skulle i så måte hjelpe til å snevre inn partiaavstandane, og vere føresetnaden for at koalisjonen kunne haldast saman.

¹⁹⁹ Kielland, «*Sosialistisk populisme*», 468-469.

Om ein vel å forstå Kielland som ein nøkkelperson for populistens veg til gjennomslagskraft i Stortinget, så freista han å gjeve råd åt populistane. Utifrå korleis han såg stoda i 1970, så gjaldt det at populistane ikkje sette alle kreftene sine inn på politiske parti. Om ein gjorde det, så kunne ein risikera å avgrensa seg i ei slik grad at ein forkludra moglegheitene for tverrpolitisk samarbeid. Og om det skjedde, så ville populistane øydelegge for seg sjølv: «*Populismen kan, dersom han blir opphøgd frå å ha vore lyskastar, lett bli kjensle-lokal og trongsynt. Han kan bli isolasjonistisk. Politikk er det motsette, å sjå samfunn og einingar i samanheng.*».²⁰⁰ Kielland åtvara såleis populistane mot å krevje eit eigarskap åt populismen på vegner av politiske parti. Om ein gjorde det, så ville ein øydeleggje potensialet som han meinte at populismen hadde til å vere partioverskridande – og med det ta brodde ut av den framtidige raud-grøne koalisjonen.

For å bevare populismens tverrpolitiske potensial, så føreslo Kielland at det var ei politisk sak i tida som populistane måtte engasjere seg i, ettersom politiske parti ikkje vart relevant: «*Derfor er kampen mot Brussel samstundes eit framifrå høve til å slåst for populismen. Folk kan skjønna samanhengen. EEC-spørsmålet tvingar oss til kontakt og samhandling på tvers av partigrensene. Fordi det hastar, har ingen lov til å vere så sekterisk som Hartvig Sætra.*».²⁰¹ Medan ein venta til neste stortingsval i 1973, med håp om at partisamansettinga på Stortinget ville verte gunstigare for populistane, så skulle ein i mellomtida sameina seg i ei felles kampsak. Sagt på ein anna måte: med å engasjere seg i EF-motstanden, så skulle populistane lære seg å samarbeide seg i mellom.

Det at EF-motstanden var ei kampsak for populistar var ikkje eit nytt perspektiv med Kielland i 1970. I 1967 hadde Hartvig Sætra argumentert for at motstand mot eit norsk medlemskap i EF var ei framifrå mobiliseringssak for den populistiske alliansen.²⁰² Men i tida etter så hadde han nedprioritert den, slik at den vart meir som eit sideemne i hovudbidraget hans. I 1971 så framstilte han Folkerørsla mot EEC som å ha vore ein oppsamlingsplass for populistiske straumdrag i samfunnet. Sætra nærma seg Unneberg sitt utkantproletariat i dette sambandet: fiskaren, bonden og arbeidaren hadde brått sameint seg i ei felles sak for å yte motstand mot ei utvikling som ein maktelite ville tvinge gjennom.²⁰³ Sjølv om Sætra framstilte ei

²⁰⁰ Kielland, «Sosialistisk populisme», 468.

²⁰¹ Kielland, «Sosialistisk populisme», 468.

²⁰² Sætra, «EEC og hungerskrisa».

²⁰³ Sætra. 1971. *Populismen i norsk sosialisme*, 11.

utanomparlamentarisk rørsle som å ha innehaldd populistiske straumdrag, så vert ikkje det einstyddande med at den også vart vurdert som å vere strategisk viktig for populisten.

EF-motstanden vart nedprioritert av Sætra i samband med korleis populistane skulle mobilisera eit «folk». Han meinte at dei politiske partia hadde ein tilgang å eit «*populistisk veljargrunnlag*», men sjølv om dei hadde det, så var ikkje det einstyddande med at dei politiske partia ville føre ein populistisk politikk. Resonnementet å Sætra var at sidan den sosialdemokratiske orden hadde freista å styre den kapitalistiske utviklingstrenden, så ville dei politiske partia snøgt bli ståande i ein spagat. På den eine sida måtte partiet ta omsyn å ei globaliserande trend som var driven av kapitalismen. På den andre sida måtte dei ta omsyn å tilfredsheita å det «*populistiske veljargrunnlaget*».²⁰⁴ Såleis tolka Sætra EF-motstanden som eit uttrykk for at partia hadde lent seg for mykje på omsynet å kapitalismen, og grunna det så hadde det «*populistiske veljargrunnlaget*» sameint seg i Folkerørsla mot EEC.

Kva Sætra meinte med det «*populistiske veljargrunnlaget*» samsvarte med samansetninga hans av «*arbeidsfolket*». For Sætra var samansetnaden av arbeidsfolket fyrst og fremst alle fagorganiserte arbeidarar, fiskarar, bønder og bygdefolk med ymse yrkeskombinasjonar – altså innan primær- og sekundærnæringane. I dei tenesteytande yrkesgruppene vart dei lågare stillingane beinveges omfamna i «*arbeidsfolk*». Sagt på ein anna måte så var det ikkje eigarskap å produksjonsmidlar som vart definisjonskriterium. Dei kriteria som Sætra brukte for å inkludere nokre og utelate andre i «*arbeidsfolket*» var heller meir diffuse.

På den eine sida var eins evne til å kjenne samkjensle med «*arbeidsfolket*» eit kriterium – altså eins personlege eigenskapar. Med dette kriteriet kunne Sætra også inkludere tenestemenn i statsforvaltninga. På den andre sida var eins posisjon og nytte i lokalsamfunna eit kriterium – altså eit sosioøkonomisk kriterium som var geografisk avgrensa. På det viset kunne ein landhandlar, som ein tradisjonell sosialist ville ha festa til overklassen, bli satt i same bås som bonden og fiskaren.²⁰⁵

Sætra prøvde å gje populismen truverd hjå dette «*arbeidsfolket*». Med å skape ei fellesskapskjensle på tvers av dei tradisjonelle sosiale lagdelingane, så kan populisten bli oppfatta som å ha vore ein brubbyggjar. I så måte hadde dette vore ein strategisk fordel for populisten: Sætra skapte eit vidstrekt «*arbeidsfolk*» som populisten kunne ha henta politisk legitimitet frå, samstundes som at ein populist med tilhøyrse i ein elite kunne sjølv hevda å ha

²⁰⁴ Sætra. 1971. *Populismen i norsk sosialisme*, 120.

²⁰⁵ Sætra. 1971. *Populismen i norsk sosialisme*, 119.

tilhøyrsløse hjå dei. Nøkkelen for det vart i så måte personlege eigenskapar som kriterium. Så lenge populistene kjende samkjensle med «*arbeidsfolket*», så kunne ein retta kritikk mot ein elite utan å motseie seg sjølv.

Som ei forlenging av skapinga av «*arbeidsfolket*», så vart Folkerørsla mot EEC ei populistisk rørsløse for Sætra. Samstundes vart det tona ned kor viktig den var for populismen: «*Slike spontane organisasjonar kan vere bra nok til sitt bruk, men i lengda er ikkje norsk populisme tent med å nøye seg med slike «bergingsaksjonar», medan ein elles lar sosialdemokratiet i fred.*».²⁰⁶ Rørsla vart med andre ord ikkje noko anna enn ei naudløysing. Om populistene skulle få gjennomslag, så var det naudsynt å vere til stades der som motstandaren var: «*I lengda kjem ein ikkje utanom å organisere eit populistisk sosialistparti som er slagkraftig nok til å vere ei vaktbikkje i dei parlamentariske styringsorganar.*».²⁰⁷ Men Folkerørsla mot EEC hadde ei anna strategisk betydning for Sætra: den kunne bli ein permanent populistisk allianse med arbeidsoppgåve å kjempe mot den kapitalistdrivne sentraliseringa, fyrst og fremst i høve til geografisk plassering av arbeidsplassar.²⁰⁸ «*Arbeidsfolket*» i bygd og by delte eit interessefelleskap med gjensidige fordelar: om sjølvsyssettinga for arbeidaren – i vid tyding - vart oppretthaldt i lokalsamfunna, ville det gjeve arbeidarar i byane større kampkraft. Logikken låg i at sidan arbeidskrafta vart verande i lokalsamfunna, så vart presset på arbeidsmarknaden i byen redusert. Arbeidskrafta i byen ville då ha vore ei etterspurt vare, som dimed gav arbeidaren eit effektivt pressmiddel i forhandlingssituasjonar med arbeidsgjevaren.

Og med dette resonnementet, så hadde Sætra omfamna inspirasjonen som Brox hadde funne hjå Johan Nygaardsvold i 1966, og såleis så tilnærma han seg Unneberg sitt utkantproletariat.

Slik sett vart Folkerørsla mot EEC ein sidestrategi for Sætra. Utanomparlamentarisk arbeid kunne ikkje verte ein hovudstrategi, all den tid det var i dagleglivet innafor Stortinget at populistene skulle utfordra den sosialdemokratiske orden. Medan Sætra i 1971 forstod Folkerørsla mot EEC som eit snøgt samanraska bergingsverk, så forstod Unneberg den same rørsla som å ha vore eit teikn på at tida var moden for at populistene skulle vekke «folket» for å oppfylle folkemaktas veg.

²⁰⁶ Sætra. 1971. *Populismen i norsk sosialisme*, 120.

²⁰⁷ Sætra. 1971. *Populismen i norsk sosialisme*, 120.

²⁰⁸ Sætra. 1971. *Populismen i norsk sosialisme*, 126.

I artikkelen «Kva er «grøn sosialisme»?» i *Syn og Segn* i 1971 tolka Bjørn Unneberg Folkerørsla mot EEC som ei rørsle kor individet hadde blitt meir engasjert i demokratiet, sidan ein hadde involvert seg utanfor valkanalen. Tolkinga vart gjort på bakgrunn av eit premiss som han hadde gjeve seg sjølv i innleiinga. Likeins som Dale før han, så framstilte Unneberg Sp som å ha hatt ei usemje om strategi.

Han meinte at det var semje i partiet i høve til eins politiske mål - ein skulle fyrst utvide maktfordelinga før ein skulle skapa eit desentralisert samfunn som var samansett av lokalsamfunn. Partiet var og samde om at målet berre kunne oppnåast med tverrpolitisk samarbeid. Usemja dreia seg såleis om kva side av partiaksa ein skulle sondere mot for å finne høvelege samarbeidspartnarar. Unneberg stilte seg på dei unge senterpartistane si side som såg mot venstresida med von om at populistiske straumdrag kunne bidra til å gjere eit samarbeid mellom leirane mogleg.²⁰⁹ For å oppnå ei utvida maktfordeling, så skulle ein fyrst vekke «folket»: «Gjennom folkeopplysning kan vi i dag vinne fleirtal for populismen og gjere folket sjølv regjeringsdyktig. I folkerørsla mot EEC ser vi konturane av dette nye norske leiarsjiktet: folket sjølv.»²¹⁰ Såleis forstod Unneberg den som å ha vore eit teikn på at eit «folkeleg» opprør mot makteliten var i emning. Tida spelt på lag med populistane – «folket» hadde ei gryande misnøye mot makteliten, og dei hadde gjort den synleg. Samstundes var ikkje «folket» oppseda i populistanes problemforståing: dei hadde spontant sameint seg mot makteliten, utan å ha den same forståinga for kva som var årsaka til at makteliten hadde oversett «folket» si vilje.

Om ein ser tolkinga åt Unneberg i samband med arbeidsprogrammet åt den grøne sosialismen, så var vegen kort for at Folkerørsla mot EEC vart eit strategisk utgangspunkt for populisten. Det å mobilisere eit «folk» gjennom ein vekkingskampanje, eller ei medvitngjering, for å oppfylle målet om folkemakt og folkesuverenitet var nettopp eit av dei måla for den.²¹¹ Men eit norsk medlemskap i EEC ville gjere målet uoppnåeleg, sidan det ville ha gjort maktdesentralisering umogleg då det nasjonale sjølvstendet ville verte oppheva.²¹² Med andre ord vart det for Unneberg samanfallande interesser mellom populisten og Folkerørsla mot EEC. Ein ulikskap låg i måla for motstanden: medan «folket» var motstandarar for å bevare status quo, var populisten motstandar då EEC-medlemskapet ville ha gjort framtidsmålet tilnærma umogleg.

²⁰⁹ Unneberg, «Kva er «grøn sosialisme»?», 241.

²¹⁰ Unneberg, «Kva er «grøn sosialisme»?», 257.

²¹¹ Unneberg, 1971. *Grønn sosialisme for utkantproletarer*, 74-75.

²¹² Unneberg, 1971. *Grønn sosialisme for utkantproletarer*, 72-75.

Slik sett vart populisten tildelt eit ovanfrå-ned perspektiv i Unneberg si tolking. «Folket», som Unneberg i 1971 forstod som å ha vore i ferd med å innsjå nokre av fellesinteressene sine, måtte bli opplærd av populistar for å førebu dei til å realisere «folkemakt» - eit desentralisert norsk samfunn kor «folket» skulle styre seg sjølv frigjort frå ein maktelite. Ein vesentleg ulikskap i tolkinga av EEC-motstanden hjå Sætra og Unneberg ligg i at sistnemnde sine «folk» ikkje var opplærd i det heile. Av den grunn vart ikkje Folkerørsla mot EEC ei populistisk rørsle for Unneberg, som den var for Sætra. Framgangsmåten for Unneberg vart med det å tilby «folket» kunnskapar om samfunnet slik at dei til sjuande og sist kom til å krevje større delaktigheit i avgjersler.

Denne framgangsmåten som eg vil namngjeve som «med massen med på laget», vart og innteke av PAG. Dei såg det som eit vitalt fyrstesteg før det i det heile tatt vart mogleg å få gjennomslag i Stortinget.

4.3.2 Med massen med på laget, så får me makt

Ved å ha opphavet sitt frå Studentvenstrelaget, og ved å ha einskilde medlemmar som hadde delteke i «anti-jubileet» hausten 1970, så hadde PAG frå skipinga i 1971 ei medlemsmasse med røynsle frå politisk aktivisme og frå partiarbeid. Denne breie erfaringa utgjorde bakgrunnen for dei maktstrategiske refleksjonane som PAG gjorde i tida 1971 til 1972. Røynsla frå partiarbeid i det nedlagde Studentvenstrelaget hadde gjeve dei ei innsikt i funksjonen åt politiske parti. Samstundes såg dei maktstrategiske moglegheiter i utanomparlamentariske aksjonar, då ein der kunne oppnå ein direkte kontakt med massane. Om populisten skulle arbeide i politiske parti eller ikkje var såleis eit av dei presserande spørsmåla som PAG freista å løyse etter skipinga. I den intellektuelle eliten, så var det PAG som i høgast grad reflekterte populistens dilemma i 1971: om vegen til gjennomslag var gjennom dei parlamentariske politiske partia, eller om den var gjennom den meir diffuse massen.

I 1971 var det usemje i PAG i høve til korleis eit populistisk samfunn skulle realiserast i framtida. Samstundes vart gjort grensdragingar åt marxist-leninistane, samt mot andre samfunnskritiske politiske samskipnader, og det var dei maktstrategiske vala som markerte grensene. PAG meinte at ei kvar rørsle som søkte makt hadde to framgangsmåtar tilgjengeleg for å vinne den. Den fyrste måten var den revolusjonære, kor ein skulle ta makta gjennom å

nytte seg av valdsbruk. Den andre måten var den parlamentariske, kor ein med å nytte seg av overtyding skulle vinne makta.

Den fyrste framgangsmåten vart drøft av PAG i 1971, og i det heile konkluderte dei med at den revolusjonære framgangsmåten ikkje var eit alternativ i det heile. Ein revolusjon ville ha gått føre seg innafør eit kort tidsspenn – revolusjonærane eliminerer motstandarane før ein gjennomførte dei samfunnsendingane som ein tok til vald for å gjere. Samstundes ville ein kvar revolusjon naudsynlegvis ha kravd eit leiarsjikt, og sidan den går føre seg gjennom eit kort tidsspenn, så gjorde det massens kontroll- og evalueringsmoglegheit over leiarsjiktet vanskeleg. Sidan PAG la til grunn at samfunn var ulike i tid og rom, så var det logisk at ein skulle justera strategiane i høve til den tida og det rommet som ein opererte i. PAG forstod Noreg som eit demokratisk industrisamfunn, og i eit slikt samfunn meinte dei at det var to samanknytte faktorar som talte for at ein revolusjonær framgangsmåte var ein uverkeleg framgangsmåte. På det viset vart ei revolusjonær linje valt vekk grunna to omsyn.

For det fyrste reindyrka PAG massen si involvering i samfunnsendinga. For det andre så meinte PAG at massen hadde tillit til at det parlamentariske systemet var ei reiskap til vilja deira. Sagt på ein anna måte så kunne ein ikkje overtyde massen til å ta til våpen, sidan massen ikkje var tilbøyeleg til det. Med ei rotfesta tillit til dei parlamentariske politiske partia, så ville ikkje massen følgje ein revolusjonær populist.²¹³

PAG valte såleis ein parlamentarisk framgangsmåte som eit følgje av at massen vart forstått som den moralske rettesnora åt populistane - han kunne ikkje endre samfunnet åleine. Samstundes drøfta PAG om det var fruktbart med ein kombinert framgangsmåte av utanomparlamentariske arbeidsformer og politiske parti. Sidan Stortinget var hovudarenaen for politisk gjennomslagskraft, så måtte populistane til sjuande og sist søke etter parlamentarisk makt. Slik sett meinte dei at denne kombinasjonen kunne tryggja dei ein legitimitet, sidan dei trudde at dei kunne møte motbør frå makteliten på vegen til makt. Løysinga for PAG i høve til problemstillinga om at motbør kunne kome, var at makteliten skulle tvingast til å ta populismen på alvor.

PAG meinte at makteliten hadde ei definisjonsmakt over massen si forståing for kva som var mogleg å endre på i samfunnet. Såleis var det å overta definisjonsmakta ein føresetnad for at

²¹³ Rørtveit, «Parlamentarisme og strategi, 19-20.

populisten skulle få gjennomslagskraft på Stortinget: utan det så ville det ha vore likegyldig om populisten vann parlamentarisk makt, all den tid maktelitens røyndomsoppfatning ville ha regjert framleis. Likeins kunne makteliten freiste å bruke definisjonsmakta til å påstå at populistane var anti-demokratiske om dei berre valde å arbeide utanomparlamentarisk.²¹⁴ Dermed vart ein kombinasjon av masserørsle og politiske parti ein naudsynlegheit i PAG sitt syn for populisten sin legitimitet. Men PAG retta mistankar mot seg sjølv om massen kunne tilby dei det som dei ynskte:

Jeg vil foreslå at vi konsekvent taler om populismen som en bevegelse, eventuelt i mer strategiske sammenhenger som en front. (...) I tilknytning til denne advarsel mot å tale for bastant om «parti» vil jeg også advare mot å tale monolittisk om «Folket». Vi har hørt advarsler mot partipolitikk, (sic) fordi «folket» ikke har noe forhold til det parlamentariske spill. «Folket» er så mangt, også grupper med spesialinntekter og spesialoppgaver, (...) De er mennesker, og de er «folket» når de tenker som mennesker og for mennesker. Ellers er de «ekspert» og antipopulister og de negative maktens lakeier.²¹⁵

Slik sett var forståinga av massen ei konfliktline i PAG i 1971. På den eine sida var det ei oppfatning av at det var vitalt for populisten å ha stønad hjå massen – kven enn denne massen var. På den andre sida vart massen forstått som å ikkje ha utgjort ein einskap som stod parat til å levere legitimitet åt populistane. Slik sett vart premissen for kven massen var eins personlege eigenskapar i retning mot medmenneskelege haldningar. Individet vart satt i sentrum hjå PAG, og for å utfordra maktelitens definisjonsmakt så skulle populisten vende seg mot massen.

PAG meinte at makteliten hadde skapt myter for massen. Ikkje berre hadde den overtydd massen om at samfunnsutviklinga var til alle sin fordel, den hadde og skapt ein myte som hadde gjort massen inaktiv: *«Populismen må bryte ned myter om «politisk elite» og «massene», der eliten er intellektuell og reflektert, og massene er kjenslemenneske som ikkje kan nå høge (sic) enn til kritikk av matvareprisane.»*²¹⁶ Likeins som teknokraten hadde i populismeerfaringas manifest, så hadde makteliten ei patriarkalsk haldning åt massen hjå PAG. Sagt på ein anna måte så skulle populisten oppsede massen til å tenkje kritisk: massen skulle gå frå å vere inaktiv til å verte verksam.

Utanomparlamentarisk arbeid vart såleis fyrste steget på vegen mot å arbeide parlamentarisk for PAG. Fyrst etter at populisten hadde definisjonsmakta over massen si samfunnsforståing, så var vegen til Stortinget open for dei - dersom massen med sin oppseda kritiske sans hadde

²¹⁴ Rørtveit, «Parlamentarisme og strategi», 20.

²¹⁵ Vogt, «Kommentar til Sverre Rørtveits artikkel», 21-22.

²¹⁶ Aarsæther, «Målsetjing», 14.

akseptert populistens problemforståing. Sagt på ein anna måte så låg ikkje maktperspektivet i korleis ein snøgt som råd skulle kome seg inn på Stortinget gjennom politiske parti. Det låg i at makta til å gjennomføra samfunnsendingar byrja med massen og med kunnskapar. Populisten skulle oppsede massen til å tenkje kritisk, som etter å ha blitt overtydd om maktelitens myteskaping og kapitalismens negative verknad på individets kvardag, ville krevje at samfunnsutviklinga måtte justerast. Og så snøgt massen hadde kome til eit slikt stadium, så var vegen open for populisten til å søke politisk makt i Stortinget. Slik sett var det ei forlenging av PAG si vektlegging av å setje individet i sentrum: individet vart fullt kapabel til å reagera, berre dei hadde den rette oppsedinga.

I 1972 så erklærte Audgunn Oltedal i hovudbidraget til PAG at dei ikkje hadde ambisjonar om å arbeide mot å skipa eit populistisk politisk parti. Såleis så reindyrka PAG kontakten med massen i 1972. Ein partibunden populist vart framstilt som å snøgt ende opp i den same leia som dei politiske partia hadde gjort: som ein maktelite som svevde over hovudet åt massen. Følgjeleg vart populisten sin veg til makt framstilt som å byrja med utanomparlamentarisk arbeid, kor det å engasjera seg i lokalsamfunna – i bygd likeins som i by – skulle skapa politisk interesse hjå massen ved å synleggjere kapitalismens negative verknader i desse samfunna.²¹⁷ Så snøgt massen var med på laget, så var populistane overtydd om at det kapitalistiske samfunnet vart styrt mot ein endringsprosess som ville ha enda opp med eit populistisk samfunn

Sagt på ein anna måte så flytta PAG seg frå overgangstilstanden som den organisatoriske føregangaren deira hadde i 1970. Massen hadde vore ein kontinuitet i tida fram til 1972, medan det hendte eit brot i høve til maktperspektivet åt PAG. Tidleg i 1972 så hadde dei enda opp med eit maktperspektiv kor populisten si makt vart liggjande i kunnskapars makt til å motivera massen til å engasjera seg, og leia dei små lokalsamfunna vekk ifrå den kapitalistiske samfunnsutviklinga. Dei store samfunnsendingane i PAG sitt syn, skulle frå 1972 verte gjennomført med hjelp av einskildindividene sine val i dei små samfunnseiningane.

²¹⁷ Oltedal, «Populisme i norsk politikk», 166-169.

5. Avslutting

Om ein forstår det norske samfunnet i undersøkingsrommet mitt i tid som ein sosialdemokratisk orden, kor den dominerande tidsånda var framtidsoptimisme som eit følgje av at den kunnskapsstyrte samfunnsøkonomien hadde auka kjøpekrafta, så står populismen fram som eit uttrykk for ei gryande framtidсуisse. Problemforståinga åt den intellektuelle eliten teikna opp ei negativ framtidսtvikling i den sosialdemokratiske orden, men med ulik forståing for kven som vart dei skadelidande. Eg vel å teikne opp ein akse som ein gjerne kan kalle for «uvissas alvorsgrad» kor Hartvig Sætra representerer den eine enden, medan Bjørn Unneberg representerer den andre.

I Sætra si framtidսvissе så ville dei skadelidande til sjuande og sist bli framtidսmenneska. Prognosen åt Sætra innehaldt ei framtid kor planeten si berekraft hadde gått under. Den positive økonomiske utviklinga som ein naut i samtida hans ville då ha stagnert, og kjøpekrafta åt framtidսmenneska ville til samanlikning ha vore ukjenneleg. Sagt på ein anna måte så dreiv samtidսmenneska ikkje berre ei utarming av lokalsamfunna med imperialistisk appetitt i samtida, men samstundes ei utarming av framtida.

I Bjørn Unneberg si framtidսvissе så ville det skadelidande til sjuande og sist bli sjølvstendet til Noreg. I framtida ville det norske samfunnet bli ein integrert del av Vest-Europa, som eit lokalsamfunn utan råderett over sin eigen lagnad. Slik sett var det Noreg som vart skadelidande hjå Unneberg frå eit maktperspektiv, medan det hjå Sætra frå eit økologisk perspektiv vart heile menneskeheita i framtida som fekk ei uviss framtid.

I samband med den sosialdemokratiske ordenen, så står den venstrepopulistiske erfaringa fram som å ha passa inn med alle dei tre grunn draga i den oppbrotstida Benum omtalar inngangen til 1970-åra som. For det fyrste så var det ein kontinuitet i problemforståinga at ein elite hadde stått sameinte mot «vanlege folk». For det andre var det ein kontinuitet i brorparten av problemforståinga åt den intellektuelle eliten at tverrpolitisk utanomparlamentarisk arbeid hadde eit potensial til å få gjennomslagskraft i samfunnet, men styrken av gjennomslagskrafta vart vurdert ulik. For det tredje så kan ein forstå den intellektuelle eliten som eit uttrykk for den nye samfunnskritikken, ettersom det var ein kontinuitet av ei human samfunnsforståing - i meininga at felles menneskelege verdiar vart vektlagd av dei alle.

Populistane forstod såleis samfunnsoppdraget sitt i tida 1966 til tidleg i 1972 som å vere humane kunnskapsleverandørar, kor samfunnet skulle endrast ved at populisten skulle bruka diagnosen og prognosen til å overtyda kunnskapsmottakaren om at ein måtte justera samfunnsutviklinga. Eg meiner ei slik forståing av samfunnsoppdraget deira er ei hovudlinje som gjekk gjennom heile undersøkingsrommet mitt i tid. Men forståinga deira av kven som var kunnskapsmottakaren endra seg. Den gjekk frå å ha vore sentralmakta, til å ha vore dei som ein meinte var dei underprivilegerte, sett i forhold med samfunnsdiagnosen. Denne endringa har eit samband med korleis skildringa av teknokraten utvikla seg.

Etter å ha brukt teknokraten som eit analytisk grep, så føreslår eg at elitenemninga vart vida ut gjennom undersøkingsrommet i tid. I 1966 var det ein næringslivselite som brukte teknokraten til å drive ei inhuman samfunnsplanlegging for den elitens vinning. Sagt på ein anna måte så vart teknokraten eit verktøy for eliten, og populisten vart såleis ein kunnskapstevlar åt teknokraten, sidan populisten hadde «folket» som eins oppdragsgjevar. Idealisert så vart populisten eit verktøy for «folket», og ikkje for ein elite.

Ved inngangen til 1970-åra vart teknokraten rettnok forstått som å ha vore eit verktøy for ein elite, men han var no eit produkt av kapitalismen. Dei inhumane haldningane hadde blitt eskalert av den intellektuelle eliten, ettersom dei meinte at ein elite med teknokraten som eit av verktøya sine, hadde manipulert «folket» til å forstå samfunnsutviklinga som å ha vore positiv for alle. Med dette så braut den intellektuelle eliten med populismeerfaringas manifest. I manifestet så var kunnskapsmonopolet åt teknokraten årsaka til lokalsamfunnas framtidige undergang – altså ei umedviten handling grunna kunnskapsløyse i høve til lokalsamfunna. Hjø den intellektuelle eliten så var lokalsamfunnas framtidige undergang ei medviten handling hjå ein brei økonomisk og politisk elite - om enn det var som eit følgje av å oppretthalde makta med splitt og hersk, eller for å skape eit framtidig globalt velferdssamfunn. Dei inhumane haldningane som vart festa til eliten vart såleis eskalert.

Om ein forstår Østerberg som å ha gjeve populismeerfaringa ei tilførsle i 1966, kor lokalsamfunna likeins som sentralmakta vart framstilt som eit offer for kapitalismens klamme hand, så vart det starta ein prosess av å leie populismen inn i ein ny kurs. Sjølvforståinga endra seg såleis slik at sentralmakta ikkje lengre vart forstått som ein kunnskapsmottakar. Med synet at eliten var tett samanvend med kapitalismen, så vart «folket» populistens sin kunnskapsmottakar. Sagt på ein anna måte så endra populistens sitt samfunnsoppdrag seg frå å

endra samfunnet gjennom å ta sentralmaktas institusjonsvesen i bruk, til at samfunnet skulle endrast gjennom å ta den breie massen i bruk.

All den tid ein kan forstå den intellektuelle eliten som å ha hatt ein konsensus i forståinga si av samfunnsoppdraget, om enn med ein annleis kunnskapsmottakar enn det som populismeerfarings manifest ynskte, så kom den inn i ei tevling ved inngangen til 1970-åra. Tevlinga låg i at Hartvig Sætra og Bjørn Unneberg hadde begge kravd eit eigarskap åt populismen. Dei hadde begge freista å tilføra sosialisme, ettersom dei historiske linjene dei trakk delte ein sams hovudforteljing.

Ein maktelite hadde underkua bøndene, og det vart populisten sitt oppdrag å sameine bønder og arbeidarar for å frigjere dei begge frå underkuinga. Dermed så var samfunnsdiagnosane deira ei forlenging av ei historisk linje som populisten skulle bryte. Det er såleis som eit følgje av historiebruken at endringa av kunnskapsmottakaren vart gjort. Grunna den, så fekk samfunnsdiagnosane eit undertrykkingsperspektiv kor kapitalismen vart hovudårsaka. Av den grunn så vart det nærliggjande både for Sætra og for Unneberg at populisten skulle medvitsgjera dei underprivilegerte i samfunnet om situasjonen deira.

All den tid Unneberg og Sætra delte likskapstrekk i høve til samfunnsdiagnosen, så var det grunna prognosen at dei kom i ei tevling. Det heile dreia seg som eit fridomsspørsmål i anten eit samtidsperspektiv eller i eit framtidsperspektiv. For Unneberg skulle lokalsamfunna ha fridom til medråderett i samfunnsutviklinga. For Sætra skulle menneska ha fridom til råderett over naturressursane i framtida. Såleis vart det ei tevling om tilførselsretninga mellom Unneberg og Sætra: om ein skulle tilføre sosialisme på populismen sine premiss, eller tilføre populisme på sosialismen sine premiss.

I så måte kan ein forstå PAG som å ha freista å avvæpne tevlinga ved å gjere ei tilførsle av sosialisme heilt irrelevant, sidan dei meinte at eit grunnsyn ikkje skulle vere rigid, men tilpassingsdyktig i møte med samfunnsutviklingas gang. Dermed vart det ikkje naudsynt for PAG å trekkje historiske linjer for å peika på dei undertrykka i samfunnet, likeins som at sosialisme ikkje kunne verte tilført sidan den var eit rigid grunnsyn. Med å diagnostisera det norske samfunnet som å ha vore det som dei kalla for eit deterministisk samfunn - kor det var umogleg å endre samfunnsutviklinga, samt at makteliten hadde skapt myter som hadde gjort menneska politisk passive - så varda PAG sin eigen veg i den intellektuelle eliten. Sidan PAG var overtydd om at ein måtte endre samfunnstypen til det som dei kalla for eit målretta samfunn, så fekk problemforståinga deira ein samansetnad som delte likskapstrekk med både Unneberg

og Sætra. Maktrelasjonar og økologiske omsyn vart begge brukt til å illustrera korleis det deterministiske samfunnet hadde grep om dei underprivilegerte, som populistene skulle medvitsgjera.

Samstundes kan denne forståinga vere ei forenkling. Det treng naudsynlegvis ikkje vere slik at PAG varda sin eigen veg i ein freistnad på å redde populismen frå å bli noko som populistar krov forvaltningseigarskapet til. Om det var slik at populistene sin kunnskapsmottakar endra seg frå sentralmakta til den breie massen, så kan ein og forstå PAG som å melde seg på i tevlinga. PAG freista såleis å lausriva populistane frå dei politiske partia i 1972, sidan dei meinte at partia på Stortinget, likeins som den breie massen, var påverka av utviklingsopiumet. Dermed kan ein og forstå PAG som å ha kravd eit forvaltningseigarskap til populismen, sidan både Unneberg og Sætra ynskte at populistane skulle arbeide innafor dei etablerte partia. I så måte skulle PAG lækje samfunnet, kor lækjemiddelet vart kunnskapar om opiumets verknad på massen og på samfunnet. Om ein trekk inn populistanes tre vegar til makt, så tykkjest det rimeleg å føreslå at det vart ei tevling mellom populistane.

Populistanes tre vegar til makta står fram som utviklingssteg. I 1966 var det opplagt for Brox at populistene skulle erobra dei politiske partia, ettersom populistene skulle vere kunnskapsleverandør for sentralmakta. Dermed låg den logiske vegen mot makta i politiske parti, og frå dei historiske linjene som han brukte så meinte Brox å sjå eit potensial for populismen i tre etablerte parti. I så måte er det særst interessant at potensialet som han hadde meint å sjå hadde kome til uttrykk innan 1970 i alle dei partia som han hadde kravd at populistene skulle erobra.

Om ein forstår dei partibundne populistane som å ha forsøkt å etterleva erobningskravet åt populismeerfaringas manifest, så vart det til ein paradoksal erobningsfreistnad. Medan populismeerfaringas manifest krov at populistane skulle erobre partia på vegne av populismen, i meininga at partia skulle endrast til å omfamna populistene si problemforståing, så gjekk dei fyrste partibundne populistane som dukka opp i den motsette retninga. Populisten i SF og i Sp freista å erobra populismen på vegner av partia sine. Paradokset blir i så måte at det gjorde populismeerfaringas manifest si påkravde regjeringskoalisjon vanskeleg. Om det var ein erobningsfreistnad, så var den ikkje gjort for å danna ein føresetnad for eit framtidig partisamarbeid, men meir for å famne om ei breiare veljarmasse. Dessutan så hadde ein definert ei veljarmasse som delte store likskapar, som dimed la opp til at ein tevla om dei same veljarane.

Samstundes så dukka det potensialet som Brox meinte å sjå for populismen i DNA opp i 1970. Arne Kielland står fram som ein meklar mellom populistane i SF og i Sp, sidan han freista å overtyde om at populistane måtte leggje partitankegangen førebels på is, og heller engasjera seg i utanomparlamentarisk arbeid. Dei realpolitiske vurderingane som Kielland hadde gjort, tilsa at dei politiske partia ikkje ville leie populistane til gjennomslag i 1970. Med det så er meklingsforsøket eit teikn på at populistane hadde kome skeivt ut i vegen til makta, sidan utanomparlamentarisk arbeid vart framstilt som populistane sin sjanse til å kome på rett kurs att. Samstundes vart potensialet for populismen i DNA, som i det heile var vital for at regjeringskoalisjon som Brox ynskte skulle skapast i framtida, ikkje møtt med omfamning av populistane i SF. Dermed forlèt han manifestets krav om tverrpolitisk samarbeid, sidan han freista å avkle Kielland som eit verktøy for partieliten – på same vis som at teknokraten var eit verktøy for ein elite.

Det å forstå dei partibundne populistane som å ha freista å erobra populismen på vegner av politiske parti, kan i så måte utgjere forlaupet til at PAG freista å lausriva populistane frå det partipolitiske landskapet. Med dette perspektivet så blir PAG ein motreaksjon mot dei erobringsviljuge partibundne populistane. Usemje om strategi hadde leia populismen mot ein fragmentert situasjon i 1971, og PAG blir i så måte ein freistnad på å tvinge populismen bort frå det partipolitiske landskapet og inn i retninga av ei utanomparlamentarisk rørsle. Med det så kvalv den fyrste vegen til makta – det vil seie manifestets påkravde regjeringskoalisjon - i tida rundt 1971.

I den andre vegen til makta så låg det ein kime til eit politisk parti som ikkje vart til. Kimen starta i 1968 då Hartvig Sætra vida ut den populistiske alliansen hans. For han i denne tida så gjaldt det å endre prognosen så snøgt som råd, så det var ikkje så nøye under kva for eit partinamn alliansen skulle sameinast – gamalt som nytt. Kimen låg i at den populistiske alliansen kunne ha vore ei identifisert veljarmasse, likeins så formulerte Sætra ei prioriteringsliste for populismen det same året. Slik sett kunne dette ha vore eit fyrste steg mot at eit nytt politisk parti vart skipa: ein hadde funne fram til ei problemforståing, og ein hadde identifisert dei som kunne ha interesse av å røysta på partiet. Om ein trekk inn senterpartimannen som freista å erobra populismen i tida 1968-1969, så leia det til at Sætra i 1970 plasserte den populistiske alliansen eintydig inn i SF for å berga den. Den vide nemninga «bygdefolk av alle slag» var nettopp ein av dei identifiserte samfunnsgruppene i den populistiske alliansen frå 1968, og dermed kan ein snøgt oppfatta Sp som ein konkurrent – om

«bygdefolk av alle slag» vart forstått som å ha tradisjonelt føretrekt Sp. Om det var slik at Unneberg i tida 1970 til 1971 freista eit motkupp att frå Sp, kor populisten skulle vekkja utkantproletariatet, så enda dei opp med å konkurrera om ei veljarmasse med delte likskapar.

Kimen til eit nytt politisk parti vart teken oppatt av Audgunn Oltedal i 1970. Rettnok vurderte ho at populistane ikkje var førebudde for eit framstøyt i dei politiske partia i 1970, men det utelet ikkje at populistane kunne ha skipa eit parti. I Oltedal sitt syn så ville framtidias partistruktur verte eit treparti-system, kor DNA, Høgre og eit populistisk parti skulle utgjere strukturen. Samstundes forstod Oltedal populistane som å ha blitt spreidde i SF og i Sp, og ho framstilte populistane i Studentvenstrelaget som å kunne ha samarbeidd med dei begge. Sagt på ein anna måte så kunne populistane då ha sameint seg i eit nytt politisk parti, om formålet at populistane i Studentvenstrelaget var å syte for at dei sameinte seg før ein bar i veg mot makta.

Samstundes så hadde dei ei overtydinga om at partia på Stortinget var samde om samfunnsutviklingas gang, og dimed så reflekterte dei populisten sitt dilemma. Partistrukturen i samtida spelte ikkje på lag med dilemmaet, ettersom den var eit fleirpartisystem. Dimed så ville eit tenkt populistisk politisk parti måtte ha forhandla med andre parti, slik at ein risikerte at den populistiske «reinleiken» vart vatna ut. Gjennomslagskrafta på Stortinget ville i så måte kome i framtida når småpartia hadde mista oppslutnad, og at DNA og Høgre vart dei attståande partia. Fyrst då var vegen til parlamentarisk makt open for populisten. Slik sett kan strategidebatten, som dei hevda hadde blitt sett i gang med andre sentrumsnære studentlag, ha vore ein freistnad på å undersøke om det var mogleg å skipa eit nytt populistisk parti. Om ein forstår Studentvenstrelaget i denne retninga, så vart konklusjonen frå den at ei partiskipping ikkje var mogleg.

Kimen til eit politisk parti som ikkje vart til gjekk såleis i oppløysing i tida rundt 1971-1972. Erfaringa frå utanomparlamentarisk arbeid hadde overtydd PAG om at ein kunne vinne gjennomslagskraft utanfor politiske parti, samstundes som at eins partipolitiske tilhøyrslar ikkje vart relevant i det heile. Dermed hadde maktforståinga at PAG skild lag med populismeerfaringas manifest. Det å ha makt låg ikkje eintydig i å ha parlamentarisk makt. Makta kunne og liggje i kunnskapars makt til å overtyde og motivera til handling. Såleis vart involveringa av massen forstått av PAG som populisten sin veg til gjennomslag, kor populisten sin «reinleik» vart bevart ettersom det var populisten som leverte kunnskapane til massen. Med massen med på laget så skulle populisten vinne makt, i meininga at makta låg i at massen vart oppseda i populisten si problemforståing.

Den norske populismeerfaringa i tida 1966 til tidleg i 1972 var i så måte ei stegvis utvikling kor kunnskapars makt utgjer eit grunndrag. Populismeerfaringas manifest freista å overtyde sentralmakta om at eit kunnskapsmangfald var naudsynleg i samfunnsplanlegginga, ettersom eit kunnskapsmonopol vart framstilt som å ha gjort samfunnsutviklinga inhuman for einskilde samfunnsgrupper. Bjørn Unneberg og Hartvig Sætra freista å bruke kunnskapar som eit maktmiddel til å omfamna populismen for å tekke veljarar til politiske parti. PAG freista å bruke kunnskapar som eit maktmiddel til å utfordre definisjonsmakta som dei meinte at makteliten hadde.

Med denne problemstillinga og med dette kjeldeutvalet så tykkjest det rimeleg å forstå populistane som humane kunnskapsleverandørar, som hadde eit potensial til å ha skipa eit nytt politisk parti. Samstundes så spelte populisten sitt dilemma inn, då det vart vekta ulikt gjennom denne tida. Det var ein gradvis overgang vekk frå å arbeide i politiske parti, med ein tilhøyrande risiko for at «reinleiken» vart vatna ut. Og dei enda med å freista å arbeide utanomparlamentarisk med von om å i framtida få ein lettare inkomst på Stortinget, så snøgt småpartia hadde blitt oppeten av DNA og av Høgre.

Sjølv om eg har uttrykt låg ambisjon i høve til å vurdere denne populismeerfaringa mot forskingstradisjonen for populisme, så vil eg likevel mot avsluttinga freista meg til å gjeve kortfatta refleksjonar i høve til kva arbeidet mitt kan ha bidrege med.

I høve til den internasjonale forskingstradisjonen, så er det mogleg å sjå konturane til dei to kjenneteikna til populisme som eg meiner at utvalet mitt av nyare internasjonal populismeforsking har delt i arbeidet mitt. Førstillinga om at eit «folk» er neglisjert i det politiske systemet er mogleg til stades i denne populismeerfaringa. Ein meinte at ein elite hadde skapt myter for «folket», og dei hadde såleis kome i ein avmaktsposisjon.

Men det tykkjest som at det ikkje var ein eintydig «fiende» gjennom heile undersøkingsrommet i tid. Brox hadde rett nok stundom freista å skape eit fiendebilete av teknokraten i 1966, men teknokraten var til sjuande og sist ikkje eit vonde i synet hans. Han var eit uttrykk for eit kunnskapsmonopol, som gjorde at teknokraten ikkje hadde føresetnadane til å sjå dei inhumane konsekvensane som Brox meinte å sjå i lokalsamfunna. Framover i tid så vart teknokraten, likeins som alle menneska i det norske samfunnet, framstilt som eit offer for kapitalismen. I så måte kan ein seie at kapitalismen var ein «fiende» mot slutten av undersøkingsrommet i tid, ettersom den var hovudårsaka til samfunnsproblema i

samfunnsdiagnosane. Om det var slik at PAG forstod kapitalismen som ein «fiende» som truga «folket», så kan det kanskje liggje ei forklaring i dette for kvifor dei valde utanomparlamentarisk arbeid. Om dei meinte at det vonde hadde overteke samfunnet, så måtte det gode kjempe mot det vonde ute i samfunnet, der som «folket» budde.

Populistars perspektiv på kunnskapars makt kan mogleg vere eit utfyllande analytisk grep. Med det så meiner eg at det kan ligge eit poeng i å teikne opp eit skilje mellom to antekne haldningar som ein populist kan ha ovanfor kunnskapar. Ein fyrste populist forstår kunnskapar som å vere ein elite sitt maktmiddel over «folket», og såleis vil han dyrke «sunn fornuft». Ein andre populist forstår kunnskapar som eit maktmiddel til å overtude «folket» om at det er naudsynleg å gjere endringar, i høve til kva enn populisten ynskjer å endre på.

I høve til Jupskås sin typologi kor distriktspopulismen var kjenneteikna av anti-elitisme, og av å vere anti-institusjonell, i meininga å kritisera og ikkje naudsynlegvis å rive dei statlege institusjonane ned, så har arbeidet mitt støtta opp om desse kjenneteikna. Samstundes er det nyansar i denne populismeerfaringa som gjer at ein bør utvida dei. Populisten retta ikkje berre kritikk mot samfunnsforståinga i dei statlege institusjonane, men freista samstundes å erstatta det. Sagt på ein anna måte så var populisten i 1966 også pro-institusjonell, i meininga at han ynskte å overta teknokraten sin plass i statsforvaltninga. Anti-elitisme er langt på veg eit kjenneteikn, ettersom populistane skulda ein elite for å anten føra eit «folk» bak lyset, eller for å vekta profitt over «folket» sin trivnad. Samstundes blir populisten i seg sjølv snøgt ei sjølvmotseiing utifrå dette kjenneteiknet. Om populistane forstod seg sjølv som kunnskapsleverandørar, så var dei sjølve ein kunnskapselite, eller ein intellektuell elite. Attpåtil vert det ein balansegang om populistane skulle ha arbeidd organisatorisk, uavhengig av kva side av populisten sitt dilemma ein vektlegg. Så lenge ein populist arbeider organisatorisk, så må ein balansere anti-elitisme opp mot behovet for å ha eit leiarskap for ikkje å motseie seg sjølv.

I høve til utviklingsvegen som Bjørsne valde vekk då han meinte at den stogga opp med EF-striden i 1972, og fekk såleis ikkje eit tydeleg organisatorisk uttrykk i ettertida for han, så er det moglege årsaksforklaringar i arbeidet mitt. Om det var slik at denne utviklingsvegen stogga i 1972, så kan ei mogleg forklaring vere at populistane ikkje vart samde om eit sams organisatorisk uttrykk. Med det så meiner eg at populistane ikkje vart einige om kva side av populisten sitt dilemma ein skulle vektlegga. Dermed føreslår eg at om det var slik at denne utviklingsvegen stogga i 1972, så var det som eit følgje av at nokre populistar gjekk inn i ei

tevling om forvaltningseigarskapet til populismen, som leia til at eit nytt politisk parti ikkje vart til.

På ei anna side så er det konturar til eit anna perspektiv i arbeidet mitt. Om det var slik at denne utviklingsvegen stogga i 1972, så var det nettopp som eit følgje av at den hadde tent hensikta si. Kanskje den fekk eit høgdepunkt og eit antiklimaks. Det er påfallande at desse populistane hadde eit samfunnsoppdrag som på mange måtar passa inn med EF-striden. Om den var ein kamp mellom David og Goliat, for å bruke Furre sin allegori, så tykkjest det som at den breie alliansen som var David, kan ha hatt i seg noko av den same problemforståinga som populistane hadde i åra før folkeavrøystinga hausten i 1972. Dei delte ei liknande konfliktforståing: ein elite, beståande av DNA, Høgre, stortingsfleirtalet, regjeringa, brorparten av pressa samt næringslivs- og fagorganisasjonane, hadde sameint seg om eit prosjekt som eit «folk» motsette seg. Den populistiske alliansen som Sætra hadde freista å setje saman attende i 1968, kom såleis kanskje til uttrykk under EF-striden i 1972. Men så snøgt den hadde vunne, så hadde den utspelt rolla si. Den tapte freden og den forsvann. Men kanskje har den gjeve krampetrekingar frå seg framover i tida, og kanskje så hørde me eit ekko av den nesten femti år seinare under distriktsopprøret i opptakta til valkampen i 2021.

Avslutningsvis vil eg poengtera at andre tilnærmingar, andre problemstillingar, andre lesingar, eit anna kjeldeutval og eit anna undersøkingsrom i tid vil alle gjeve andre verdfulle perspektiv på denne populismeerfaringa. Eg vonar at arbeidet mitt har vore eit bidrag til forståinga vår av den, som eg har valt å undersøka i tida 1966 til tidleg i 1972. I den anledninga vil eg til slutt freista å gjeve idear for innfallsvinklar og perspektiv som mogleg kan bidra til å gjere forståinga vår av den meir mangslungen.

5.1 Vidare forskning

Populistane i EF-striden er ein veg vidare for meir forskning. Dette er ein veg som har eit potensial i seg til å gjere forståinga vår av både denne populismeerfaringa, samt EF-striden i seg sjølv meir mangslungen. I denne tilnærminga så kan det vere fruktbart å la hovudfokuset liggje på PAG, og utgangsperspektivet kan vere at dei var eit organisatorisk uttrykk for denne populismeerfaringa, om ein forstår PAG som å ha vore ei sosial rørsle. Den har såleis eit

potensial til å utfordre grunngevinga som Bjørsne gav for å velje vekk den eine av dei to utviklingsvegane som han meinte å sjå - det var eit organisatorisk uttrykk i den, berre ikkje i samtidas tradisjonelle form. Perspektivet på PAG som ein kunnskapsleverandør åt «folket» som valde utanomparlamentarisk arbeid for å bevare «reinleiken» sin, er såleis ein føresetnad for denne vegen vidare – ettersom det opnar opp for at ein kan forstå PAG som ei sosial rørsle. Korleis og kvar PAG gjekk fram for å levere kunnskapane, eller oppsede massen i populistane si problemforståing, kan i så måte teikne opp moglege innfallsvinklar i denne tilnærminga. Kva ein vel å gjere er opp til forskaren sin kreativitet.

Ein anna mogleg veg vidare som har eit potensial til å gjere forståinga vår meir mangslungen, er samtidas utanforblikk på populistane. Med utanforblikk meiner eg både dei som ein kan skjønne som observatørar, og dei som ein kan skjønne som å ha oppfatta populistane som ein konkurrent i høve til sin eigen problemforståing. Kortfatta så kan tilnærminga her vere at ein flytter synsvinkelen vekk frå populistane si sjølvforståing, og over til samtida si forståing av populistane. Det at PAG såg seg sjølv som å ha utgjort ein av tre politiske hovudgrupper i det norske samfunnet - kor gruppene var kommunistar, populistar og establishment - samt det at PAG gjorde grensdragingar mot andre kunnskapstevlarar, kan danne føresetnaden for innfallsvinklar i denne vegen. Poenget kan vere at ein har auge for kva delar av populistane si problemforståing det vart retta kritikk mot i samtida. I rekonstruksjonen min så var Østerberg sin kritikk av at Brox ikkje hadde tilført kapitalisme i problemforståinga, på sett og vis toneangjevande for den intellektuelle eliten i tida etter. Det å ha utanforblikket som hovudfokus har såleis eit potensial i seg for at ein oppdagar andre synsvinklar.

6. Litteratur- og kjeldeliste

Litteraturliste

- Aarsæther, Nils, Audgunn Oltedal og Knut Heen. 2009. «Forord». I *Venstrepopulisme. Utfordringer for rød-grønn politikk*, redigert av Nils Aarsæther, Audgunn Oltedal og Knut Heen, 5-6. Oslo: Kolofon forlag.
- Aarsæther, Nils. 2009. «Kapittel 1: Introduksjon. Rød-grønn politikk – for et bærekraftig samfunn». I *Venstrepopulisme. Utfordringer for rød-grønn politikk*, redigert av Nils Aarsæther, Audgunn Oltedal og Knut Heen, 9-17. Oslo: Kolofon forlag.
- Benum, Edgeir. 1998. *Overflod og fremtidsfrykt. 1970-*, bind 12 av *Aschehougs Norgeshistorie*, redigert av Knut Helle. Oslo: Aschehoug.
- Bjørklund, Tor. 2004. «Norsk populisme fra Ottar Brox til Carl I. Hagen». *Nytt Norsk Tidsskrift* 21, nr. 3-4: 410-420.
- Björnsne, Roland. 1979. *Populism och ekopolitik. Framväxten av en ekopolitisk ideologi i Norge och dess relationer till ett mångtydigt populismbegrepp*. Doktorgradsavhandling. Stockholms universitet.
- Brox, Ottar. 2009. «Sådan er populismen! – eller ordets makt over tanken?». I *Venstrepopulisme. Utfordringer for rød-grønn politikk*, redigert av Nils Aarsæther, Audgunn Oltedal og Knut Heen, 59-69. Oslo: Kolofon forlag.
- De la Torre, Carlos (Red.). 2018. *Routledge Handbook of Global Populism*. Oxford og New York: Routledge.
- Eide, Martin. 2010. «Dagbladet». I *Norske aviser fra A til Å*, redigert av Idar Flo, bind 4 av *Norsk presses historie (1660-2010)*, redigert av Hans Fredrik Dahl. Oslo: Universitetsforlaget.

Ellingsberg, Arne. «Bjørn Unneberg til minne». *Nationen*. 21.01.2020.

<https://www.nationen.no/motkultur/minneord/bjorn-unneberg-til-minne/>

Finchelstein, Federico. 2017. *From Fascism to Populism in History*. Oakland: University of California Press.

Fonn, Birgitte Kjos. 2010. «Orientering». I *Norske aviser fra A til Å*, redigert av Idar Flo, bind 4 av *Norsk presses historie (1660-2010)*, redigert av Hans Fredrik Dahl. Oslo: Universitetsforlaget.

Fulsås, Narve. 2016. «Frå Populistiske arbeidsgrupper til Brox-kritikk». *Håøygminne* 97, Nr. 4: 452–455.

Furre, Berge. 2007, (2000). *Norsk historie 1914-2000. Industrisamfunnet – frå vokstervisse til framtidstvil*, bind 6 av *Samlagets Norsk historie 800-2000*. Oslo: Det Norske Samlaget.

Gripsrud, Jostein. 2017. «1890 – 1940: Massenenes tidsalder». I *Allmenningen*, redigert av Jostein Gripsrud, 231 – 336. Oslo: Universitetsforlaget.

Gripsrud, Jostein og Synnøve Skarsbø Lindtner. 2017. «1960-1980: «Vekk herfra, det er mitt mål»». I *Allmenningen*, redigert av Jostein Gripsrud, 391-486. Oslo: Universitetsforlaget.

Helsvig, Kim G. 2014. *Pax forlag 1964 – 2014. En bedrift*. Oslo: Pax forlag.

Jensen, Eivind Bråstad. 2014. *Universitetspionerene*. Tromsø: Universitetet i Tromsø.

Jordheim, Helge. 2001. *Lesningens vitenskap. Utkast til en ny filologi*. Oslo: Universitetsforlaget.

Jupskås, Anders Ravik. 2008. *Populisme på norsk. En typologi med belegg fra partilederdebatte 1973-2005*. Mastergradsoppgåve. Universitetet i Oslo.

- Jupskås, Anders Ravik. 2019, (2017). «Forord». I *Populisme*, av Cas Mudde og Cristóbal Rovira Kaltwasser. Omsett av Helle Sommerfelt. Oslo: Dreyers forlag.
- Kjeldstadli, Knut. 2000, (1992). *Fortida er ikke hva den en gang var. En innføring i historiefaget*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Kobbeltveit, Olav. 2010. «Dag og Tid». I *Norske aviser fra A til Å*, redigert av Idar Flo, bind 4 av *Norsk presses historie (1660-2010)*, redigert av Hans Fredrik Dahl. Oslo: Universitetsforlaget.
- Laclau, Ernesto. 2018, (2005). *On Populist Reason*. London og New York: Verso.
- Lindekilde, Lasse og Thomas Olesen. 2015. *Politisk protest, aktivisme og sociale bevegelseser*. København: Hans Reitzels Forlag.
- Melve, Leidulf og Teemu Ryymin. 2018. «Valg av kildematerialer, arbeidsmåte og tilnærming». I *Historikerens arbeidsmåter*, redigert av Leidulf Melve og Teemu Ryymin, 26-34. Oslo: Universitetsforlaget.
- Müller, Jan-Werner. 2017, (2016). *What is Populism?* London: Penguin Books.
- Nilsen, Håvard. 2008. «Innledning». I *Frihet og klasse – Tekster til Dag Østerberg*, redigert av Håvard Nilsen. Oslo: Res Publica.
- Nupen, Paal og Gaute Losnegård. 2000. *Ordet er fritt! Studentersamfunnet i Bergen 1934-1999*. Bergen: Studentersamfunnet.
- Overrein, Per. 2010. «Nationen». I *Norske aviser fra A til Å*, redigert av Idar Flo, bind 4 av *Norsk presses historie (1660-2010)*, redigert av Hans Fredrik Dahl. Oslo: Universitetsforlaget.
- Rossavik, Frank. 2011. *SV. Fra Kings Bay til Kongens bord*. Oslo: Spartacus forlag.

Stortinget.no. «Unneberg, Bjørn». 10.05.2022. <https://www.stortinget.no/no/Representanter-og-komiteer/Representantene/Representant/?perid=BJUE>

Taggart, Paul. 2000. *Populism*. Buckingham: Open University Press.

Thorup, Mikkel. 2018. «Taget ud af sammenhæng – Om kontekst i idéhistorie». *Slagmark – Tidsskrift for idéhistorie* 67: 77-108.

Wiggen, Birgit. 1976. *Debatten omkring populisme/økopolitikk i Noreg 1966-1976. Ei litteraturliste*. Hovedoppgåve. Statens bibliotekskole.

Kjeldeliste

- Aarsæther, Nils. 1971. «Målsetjing.» I *Bidrag til debatten om populisme*, redigert av Populistiske arbeidsgrupper i Bergen. Bergen: Populistiske arbeidsgrupper i Bergen.
- Brox, Ottar. 1969, (1966). *Hva skjer i Nord-Norge?: en studie i norsk utkantpolitikk*. Oslo: Pax forlag.
- Dale, John. 1968. «Eit tredje alternativ». *Senit – Senterbevegelsens ideologiske tidsskrift* 1, nr.1: 13-21.
- Dale, John. 1969. «Senterpartiet for ein populistisk strategi». I *Syn og Segn. Norsk Tidsskrift*, redigert av Bjarne Fidjestøl og Berge Furre, 9-15. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Forr, Gudleiv. «- Ikke overrasket over SVL i Bergen.». *Dagbladet*. 03.12.1970.
- Kielland, Arne. «Kanskje jeg tør – men syns du jeg bør?». *Orientering*. 03.10.1970.
- Kielland, Arne. 1970. «Sosialistisk populisme. Noen tankar etter Brox, Sætra og Unneberg.». I *Syn og Segn. Norsk Tidsskrift*, redigert av Bjarne Fidjestøl og Berge Furre, 462-469. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Lehland, Ketil. 1970. «Mardøla etc., især det siste». I *Samtiden. Tidsskrift for politikk, Litteratur og samfunnsspørsmål*, redigert av Torkel Opsahl. Oslo: Aschehoug.
- Oltedal, Audgunn. «Populisme – det tredje alternativet». *Dag og Tid*. 04-10.11.1970.
- Oltedal, Audgunn. 1972. «Populismen i norsk politikk». I *Norsk populisme*, redigert av Populistiske arbeidsgrupper i Bergen, 155-170. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Redaksjonskomitéen. 1972. «Føreord». I *Norsk populisme*, redigert av Populistiske arbeidsgrupper i Bergen, 7. Oslo: Det Norske Samlaget.

Rørtveit, Sverre. 1971. «Parlamentarisme og strategi». I *Bidrag til debatten om populisme*, redigert av Populistiske arbeidsgrupper i Bergen. Bergen: Populistiske arbeidsgrupper i Bergen.

Sun. «Populist fra Senja». *Nationen*. 23.04.1966.

Sætra, Hartvig. «EEC og hungerskrise». *Dag og Tid*. 26.10.1967.

Sætra, Hartvig. «Mat for milliarder». *Orientering*. 02.12.1967.

Sætra, Hartvig. «Norsk politikk etter Borgstrøm. Del 1: Avsløring av vår teknokratiske politikk.». *Dag og Tid*. 05.12.1968.

Sætra, Hartvig. «Norsk politikk etter Borgstrøm. Del 2: Eit program for populismen i Noreg.». *Dag og Tid*. 14.12.1968.

Sætra, Hartvig. «Petter Smarts tenkehette». *Orientering*. 22.08.1970.

Sætra, Hartvig. «Tør du, reddhare?». *Orientering*. 19.09.1970.

Sætra, Hartvig. «Dagbok fra Anti-jubileet». *Orientering*. 31.10.1970.

Sætra, Hartvig. «Populisme – og kva så?». *Orientering*. 31.10.1970.

Sætra, Hartvig. 1970. «Populismen i sosialismen». I *Syn og Segn. Norsk Tidsskrift*, redigert av Bjarne Fidjestøl og Berge Furre, 329-339. Oslo: Det Norske Samlaget.

Sætra, Hartvig. 1971. *Populismen i norsk sosialisme*. Oslo: Pax forlag.

Time, Sveinung. 1972. «Nye politiske skiljelinjer i Noreg». I *Norsk populisme*, redigert av Populistiske arbeidsgrupper i Bergen, 9-17. Oslo: Det Norske Samlaget.

Ukjend. «Radikal og konservativt er avlegse begreper i dag». *Nationen*. 20.04.1966.

Ukjend. «Hvor står Senterpartiet – hvor tror folk det står?». *Nationen*. 11.11.1968.

Ukjend. «Om populisme og samfunnsstyring». *Nationen*. 19.04.1969.

Ukjend. «Venstrestudentene erobret samfunnet». *Dagbladet*. 30.04.1970.

Ukjend. «Studentvenstrelaget i Bergen ut av Venstre». *Nationen*. 05.12.1970.

Ukjend. 1971. «Forord». I *Bidrag til debatten om populisme*, redigert av Populistiske arbeidsgrupper i Bergen. Bergen: Populistiske arbeidsgrupper i Bergen.

Unneberg, Bjørn. 1970. «Populismen – den grønne sosialismen. Nokre tankar om Vegplan, Austlandsplan og Norsk samfunnsplan.». I *Syn og Segn. Norsk Tidsskrift*, redigert av Bjarne Fidjestøl og Berge Furre, 84-91. Oslo: Det Norske Samlaget.

Unneberg, Bjørn. 1971. *Grønn sosialisme for utkantproletarer. Noen folkelige grunntanker om frihet, likhet og brorskap i vår tid*. Oslo: Cultura Forlag.

Unneberg, Bjørn. 1971. «Kva er «grøn sosialisme»?». I *Syn og Segn. Norsk Tidsskrift*, redigert av Bjarne Fidjestøl og Berge Furre. Oslo: Det Norske Samlaget.

Vogt, Edvard. 1971. «Kommentar til Sverre Rørtveits artikkel». I *Bidrag til debatten om populisme*, redigert av Populistiske arbeidsgrupper i Bergen. Bergen: Populistiske arbeidsgrupper i Bergen.

Østerberg, Dag. 1966. «Populisme og kapitalisme – En kommentar til Ottar Brox' bok om Nord-Norge.». *Kontrast 2*, nr. 4: 59-62.